

# MARITUS

SCANDINAVIAN INSTITUTE OF MARITIME LAW

Håkon Stalheim Meldahl

## Prosjekt og utbygging på eigen risiko - "sole risk"

Ein analyse av reglane om utføring av prosjekt og utbygging på eigen risiko i petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel

# Prosjekt og utbygging på eigen risiko - ”sole risk”

Ein analyse av reglane om utføring av prosjekt og utbygging på eigen risiko i petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel

Håkon Stalheim Meldahl



Marlus nr. 433  
Sjørettsfondet  
Nordisk institutt for sjørett  
Universitetet i Oslo

© Sjørettsfondet, 2014  
ISSN: 0332-7868

Sjørettsfondet  
Universitetet i Oslo  
Nordisk institutt for sjørett  
Postboks 6706 St. Olavs plass  
N-0130 Oslo

Telefon: 22 85 96 00  
Telefaks: 22 85 97 50  
E-post: [sjorett-adm@jus.uio.no](mailto:sjorett-adm@jus.uio.no)  
Internett: [www.jus.uio.no/nifs](http://www.jus.uio.no/nifs)

Redaktør: Professor dr. juris Trond Solvang  
Bidrag sendes til [trond.solvang@jus.uio.no](mailto:trond.solvang@jus.uio.no)

Abonnement og løssalg:  
Den norske bokbyen <http://bokbyen.no/butikk> - [post@bokbyen.no](mailto:post@bokbyen.no)

Trykk: 07 Xpress as

# Føreord

Denne avhandlinga vart levert som ei utvida masteroppgåve (60 studiepoeng) ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen våren 2013. Medan eg arbeidde med avhandlinga var eg tilknytt forskargruppa for formuerett og forskargruppa for natur- og miljøressursrett som studentstipendiat. Stipendordninga gav meg eit lærerikt og spanande innblikk i akademia, og eg takkar for mogelegheita.

Eg valte emnet då eg arbeidde som trainee i konsernjuridisk i Statoil og advokat Knut Høivik føreslo emnet. Eg takkar Knut for gode diskusjonar og konstruktive tilbakemeldingar medan eg arbeidde med prosjektet.

Eg takkar òg Ernst Nordtveit, som med tolmod og god akademisk og praktisk forståing for emnet gjorde ein framifrå jobb som rettleiar for meg. Eg takkar òg Ernst for at fekk eg vere med på Petroleumsretts-symposiet på Solstrand, og i tillegg få presentere prosjektet mitt på The Riezlern Seminar on the Law of International Business Transactions i Austerrike.

Eg skuldar eit utal personar i petroleumsbransjen ein takk for praktisk og rettsleg informasjon og gode diskusjonar medan eg arbeidde med avhandlinga. På eit felt kor berre ein brøkdelen av kunnskapen er nedfelt i litteraturen, og tvistar sjeldan vert løyst føre domstolane var det heilt avgjerande med bidrag frå bransjen.

Eg takkar òg min noverande arbeidsgjevar, advokatfirmaet Thommessen, for kontorplass medan eg arbeidde med oppgåva.

Sist, men ikkje minst, takkar eg Karoline, mor mi og Øystein for god hjelp med korrekturen. Det krev mot å ta fatt på over hundre sider med oljejuss på nynorsk.

Bergen, mai 2014

Håkon Stalheim Meldahl



# Innhald

AVKORTINGAR.....	8
1 INNLEIING.....	9
1.1 Presentasjon av emnet og bakgrunn.....	9
1.2 Framstillinga vidare og nokre avgrensingar .....	13
2 RETTSLEGE RAMMER OG METODISKE UTFORDRINGAR.....	15
2.1 Utgangspunkt.....	15
2.2 Konesjonsrettsleg bakgrunn.....	16
2.3 Grunnlaget for samarbeidet, kjeldetilfang og metodespørsmål ....	17
2.3.1 Innleiing.....	17
2.3.2 Samarbeidsavtala.....	18
2.3.3 Om rettskjeldebilete .....	20
2.3.4 Samarbeidsavtala som rettsgrunnlag.....	22
3 ALLMENT OM REGLAR OM AKTIVITET PÅ EIGEN RISIKO, OMSYN OG FUNKSJON .....	27
3.1 Oversyn .....	27
3.2 Aktivitetar på eigen risiko i Samarbeidsavtala .....	27
3.3 Uavhengige aktivitetar i rettsfellesskap .....	30
3.3.1 Utgangspunkt.....	30
3.3.2 Deltakarane sitt tilhøve til fellesformuen, grad av samarbeid og føremålet med fellesskapet.....	31
3.4 Omsyn .....	37
3.4.1 Utgangspunkt.....	37
3.4.2 Deltakarinteressene.....	38
3.4.3 Overordna interesser og føremålet med aktivitetar på eigen risiko .....	40
3.5 Påverknad på samarbeidet i lisensgruppa og rettshavarane sine val .....	41
3.6 Alternativ til bruk av reglane om eigenrisikotiltak og nokre frampeik .....	43
4 PROSJEKT PÅ EIGEN RISIKO.....	46
4.1 Kva aktivitetar kan utførast på eigen risiko? .....	46
4.1.1 Utgangspunkt.....	46
4.1.2 Typar verksemd som kan gjennomførast som prosjekt på eigen risiko .....	47

4.1.3	Avgrensingar i tilgangen til å utføre aktivitet på eigen risiko .....	52
4.2	Prosesen fram mot prosjekt på eigen risiko .....	57
4.2.1	Innleiing.....	57
4.2.2	Prosedyre, fristar og oppstart av prosjekt på eigen risiko .....	58
4.3	Styring og utføring av prosjekt på eigen risiko .....	61
4.3.1	Organisasjon og dagleg leiing.....	61
4.3.2	Deling av informasjon og eigedom under utføringa av prosjektet.....	62
4.4	Høve til å tre inn i prosjektet .....	64
4.4.1	Bakgrunn .....	64
4.4.2	Tidspunktet for å tre inn .....	65
4.4.3	Vilkår for å tre inn.....	66
4.4.4	Følgjene av at nokon trer inn.....	69
4.5	Rettar som følgje av prosjekt på eigen risiko .....	70
4.5.1	Utgangspunkt.....	70
4.5.2	Tilhøvet mellom SA art. 18.10 og 18.12.....	71
4.5.3	Tiltak som fører til nye oppdagingar.....	74
4.5.4	Tiltak i tilknytning til tidlegare funn.....	75
4.5.5	Avsluttande merknadar .....	80
4.6	Kort om tilhøvet til utbyggingsreglane .....	82
5	UTBYGGING PÅ EIGEN RISIKO .....	82
5.1	Innleiing .....	82
5.2	Prosesen fram mot utbygging på eigen risiko .....	83
5.3	Krav om vedtak om innsending av utbyggingsplan? .....	87
5.3.1	Endringa i avtalene frå 17. konsesjonsrunde.....	87
5.3.2	Ei føremålstenleg regulering? .....	90
5.3.3	Alternative vegar fram mot utbygging.....	93
5.4	Tilhøvet til partane som ikkje tiltrer utbyggingsplanen .....	95
5.5	Kort om gjennomføring av utbygging på eigen risiko .....	97
5.6	Samordning og utbygging på eigen risiko .....	98
6	NOKRE ANSVARSSPØRSMÅL .....	99
6.1	Utgangspunkt.....	99
6.2	Eit utval ansvarsreglar i petroleumslova.....	101
6.2.1	Innleiing.....	101
6.2.2	Forureiningskade og aktivitetar på eigen risiko.....	102
6.2.3	Oppdragsgjevaransvaret (petroleumslova § 10-9).....	110
6.2.4	Avsluttande kommentar om petroleumslova sine reglar.....	112

7	AVSLUTNING .....	113
	KJELDER .....	114
	Litteratur.....	114
	Lover og forskrifter .....	117
	Rettspraksis .....	117
	Førearbeid og offentlege dokument.....	117
	Avtalar.....	118
	SJØRETTSFONDETS UTGIVELSER.....	119



# Avkortingar

Omgrep	Avkorting
Avtale for petroleumsvirksomhet	AP
Beslutning om konkretisering	BOK
Beslutning om videreføring	BOV
Joint operating agreement	JOA
Olje og energidepartementet	OED
Oljedirektoratet	OD
Plan for utbygging og drift	PUD
Samarbeidsavtalen	SA
Statsdeltakelsesavtale	SDA
Tildeling i forhåndsdefinerte områder	TFO

# 1 Innleiing

## 1.1 Presentasjon av emnet og bakgrunn

Temaet for denne avhandlinga er kva rett ein eller fleire deltakarar i ei samarbeidsgruppe, som deler eit utvinningsløyve til eit olje- eller gassfelt på norsk kontinentalsokkel, har til å gjennomføre ein aktivitet på eiga hand i situasjonar der samarbeidsgruppa etter dei reglane som gjeld, vedtek å ikkje gjennomføre aktiviteten. Spørsmålet er både om ein eller fleire deltakarar har ein slik rett til å gjennomføre ein aktivitet på eiga hand, kva aktivitetar som kan gjennomførast og på kva vilkår. Vidare vil det oppstå spørsmål om kva tilhøvet vert mellom deltakarar som utfører ein aktivitet på eiga hand og dei deltakarane som ikkje deltek, og om tilhøvet til ulike tredjepartar.

Utvinningsløyva på den norske kontinentalsokkelen vert normalt gjevne til fleire selskap i fellesskap. Staten pålegg selskapa å inngå ei standardisert samarbeidsavtale som vilkår for utvinningsløyvet.<sup>1</sup> Avtala for petroleumsvirksemd inneheld eit sett med spesielle føresegner, ei samarbeidsavtale som vedlegg A og ei rekneskapsavtale som vedlegg B. Samarbeidsavtala (”SA”)<sup>2</sup> etablerer eit interessentskap, eit slags *joint venture*, mellom partane. Meiniga er at selskapa gjennom interessentskapet skal drive petroleumsvirksemd innanføre ramma av utvinningsløyvet dei har fått tildelt, og samarbeide om å leite etter og utvinne petroleum.

SA art. 18 gjev likevel kvar av deltakarane rett til å gjennomføre prosjekt på eigen risiko, noko som omfattar typiske leiteaktivitetar og andre tiltak for å kartlegge ressursane i grunnen og avgjere om dei kan utnyttast kommersielt. I tillegg opnar regelen i SA art. 19 for at deltaka-

---

<sup>1</sup> Heimelen for dette er lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven) § 3-3. Avtaleverket er tilgjengeleg, på [http://www.regjeringen.no/nb/dep/oed/dok/lover\\_regler/reglement/2007/Konsesjonsverk.html?id=455398](http://www.regjeringen.no/nb/dep/oed/dok/lover_regler/reglement/2007/Konsesjonsverk.html?id=455398)

<sup>2</sup> All omtale av ”Samarbeidsavtala” gjeld den standardiserte samarbeidsavtala som vert nytta ved tildeling av utvinningsløyve f.o.m. 1.1.2007. Ved tilvising til artikkel nyttar eg forkortinga ”SA”.

rane kan gjennomføre utbygging på eigen risiko. Dette inneber at ein byggjer ut ein eller fleire petroleumsførekomstar med føremål om å utvinne og produsere petroleum.

Samarbeidsavtala nyttar omgrepet verksemd på eigen risiko som fellesnemning for prosjekt og utbygging på eigen risiko.<sup>3</sup>

Eg definerer verksemd på eigen risiko som det at ein eller fleire, men ikkje alle deltakarane i interessentskapet gjennomfører ein føreslått aktivitet som ligg innanføre rammene av Samarbeidsavtala, i tilfelle der framlegget ikkje har fått tilstrekkeleg oppslutnad til å verte gjennomført på vegne av heile interessentskapet.<sup>4</sup>

Situasjonane der det vert spørsmål om ein skal gå i gang med aktivitetar på vegne av færre enn alle deltakarane i interessentskapet, oppstår som følgje av at framlegget om aktiviteten ikkje oppnår oppslutnaden som røystereglane krev. Kva aktivitetar interessentskapet skal gå i gang med vert normalt avgjort med ein spesiell fleirtalsregel i styringskomiteen, som er det øvste organet i interessentskapet. Avgjerda om å tiltre planar for utbygging og drift av ein petroleumsførekomst vert ikkje gjort i styringskomiteen, men etter ein særskilt prosedyre der kvar einskild av rettshavarane lyt slutta seg til planen. Konsekvensen av det siste er at ein i utgangspunktet står overfor eit krav om ei samrøystes avgjerd for å gå i gang med ei utbygging av ein førekomst på vegne av fellesskapet.

Det er mange slags selskap som deltek i petroleumsverksemda på norsk sokkel. Dette gjer at det er sannsynleg at det vil førekome ulike meiningar om petroleumsførekomstar er eigna til å byggje ut, om det vil

---

<sup>3</sup> Eg vekslar mellom omgrepa verksemd, tiltak og aktivitetar på eigen risiko som fellesnemning i teksten. Ved omtale av aktivitetane som er regulert i SA art. 18 og 19 nyttar eg høvesvis prosjekt og utbygging på eigen risiko. Det vanlege engelske omgrepet for denne typen aktivitet er "sole risk", eventuelt supplert med "operations" eller "development" for å skilje mellom prosjekt og utbygging.

<sup>4</sup> Inspirert av Roberts (2012). Roberts omtalar *exclusive operations* som ein kategori av aktivitetar som vert gjennomført av færre enn alle partane. Underkategorien *sole risk* er kjenneteikna av at det er ein operasjon som ikkje har nådd terskelen for å vere ein fellesoperasjon, til forskjell frå *non-consent* som har nådd terskelen for å vere ein fellesoperasjon, men som følgje av at nokon har trekt seg ut vert gjennomført av mindre enn alle partane. Tillegget om at aktiviteten må liggje innanføre rammene av Samarbeidsavtala er ei avgrensing mot det Roberts kallar *excluded activities*, altså aktivitetar som ikkje er omfatta av avtala.

vere lønsamt, kva teknologi og kva metodar som skal nyttast.

Petroleumsverksemd krev store investeringar og inneber stor risiko. Forskjell i storleik og finansiell styrke mellom selskapa i eit samarbeid kan føre til at selskapa ser ulikt på kva risiko dei er viljuge til å ta. Det kan vere at somme selskap ikkje har høve til å delta i ei risikofylt og dyr utbygging, eller òg at eitt eller fleire selskap ikkje har råd til å utsetje ei utbygging fordi dei vil trenge inntektene frå aktiviteten. Somme selskap driv aktivitet i mange utvinningsløyve og har sterk nok økonomi til å kunne la mindre prospekt liggje på vent medan dei prioriterer aktivitetar med større oppside. Det er altså mange tilhøve som kan gjere at ei avgjerd om til dømes å bore etter petroleum ein spesiell stad ikkje oppnår tilstrekkeleg støtte i styringskomiteen, eller at ikkje alle rettshavarane vel å tiltre planen for utbygging og drift ("PUD") av ein påvist førekomst.

Samstundes kan det vere svært dramatisk for eit selskap å investere mange millionar kroner i leiteaktivitetar om aktiviteten stoppar opp på eit seinare tidspunkt. Retten til utvinning av petroleum har ikkje stor verdi om leiting etter eller utbygging av førekomstar vert fullstendig avskore på grunn av usemje i interessentskapet. Reglane om aktivitetar på eigen risiko kan då vere med å sikre at usemje ikkje hindrar aktivitet, og har såleis eit element av vern av eit mindretal mot konsekvensane av fleirtalet sin passivitet. På ei anna side bryt desse reglane med utgangspunktet om at petroleumsverksemda innanføre utvinningsløyvet skal skje på vegne av interessentskapet som heilskap.

Avhandlinga har eit todelt føremål. Eg ynskjer for det fyrste å gje ei dekkjande generell framstilling av regelverket om prosjekt og utbygging på eigen risiko i Samarbeidsavtala. Ei slik generell framstilling vil naudsynleg reise ei rekkje underproblemstillingar når det kjem til tolking av einskilde reglar, og desse vert presentert undervegs. Sentrale emne er prosessen fram mot og gjennomføringa av aktivitetar på eigen risiko. Eg tek opp spørsmål om kva aktivitetar som kan utførast på eigen risiko, korleis slike aktivitetar på eigen risiko skal styrast, i kva grad partane som ikkje deltek har høve til å tre inn i aktiviteten, og kva fordelar dei deltakande partane kan få av tiltaka. I tillegg ynskjer eg å sjå på kva verknad det får for ansvaret overfor tredjemenn at eit tiltak ikkje vert

gjennomført på vegne av heile interessentskapet.

For det andre vil eg gjere ein analyse av kva det eigentleg inneber at nokre av deltakarane i eit samarbeid kan gjennomføre verksemd som ein i utgangspunktet skulle ha samarbeidd om, utan at heile fellesskapet deltek. Denne analysen heng saman med utgreiinga om reglane i Samarbeidsavtala, men det er meininga å sjå på reglane i eit meir overordna perspektiv. Dels vil eg drøfte kva verknadar reglane har utover den konkrete bruken, og dels vil det vere tale om å plassere den rettslege reguleringa i ein større samanheng.

Det har historisk sett vore få prosjekt og utbyggingar på eigen risiko i petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel. Ifølgje Frihagen hadde det fram til 1982 ikkje vore sett i verk noko verksemd på eigen risiko på sokkelen, og ifølgje Arnesen ikkje fram til 1.1.1987.<sup>5</sup>

Undersøkingar eg har gjort medan eg har arbeidd med avhandlinga syner at reglane om prosjekt og utbygging på eigen risiko har vorte og vert nytta i praksis. Olje- og energidepartementet ("OED") har opplyst om at Jette-feltet i skrivande stund vert bygd ut utan at alle lisenshavarane slutta seg til planen for utbygging og drift.<sup>6</sup> Det same hende ifølgje OED med Huldra-feltet på slutten av 1990-talet<sup>7</sup>. Eg kjenner òg til at det har førekome leiteboringsprosjekt på eigen risiko, utan at eg har høve til å dokumentere det her.<sup>8</sup>

At verksemd på eigen risiko er sjeldan, inneber ikkje at reglane som tillet det er utan verknad eller er uviktige. Som Frihagen peika på, vil reglane kunne ha verknad som eit "rettslig utgangspunkt for de kompromisser en i praksis vil søke å nå frem til", sjølv om reglane ikkje hadde vore nytta.<sup>9</sup> Det er òg grunn til å reisa spørsmål om Samarbeidsavtala sine reglar om verksemd på eigen risiko er meir praktisk viktige i dag enn tidlegare.

---

<sup>5</sup> Frihagen (1982), s. 17 og Arnesen (1987), s. 63.

<sup>6</sup> Telefonsamtale med Olafr Røsnes, OED. Sjå elles sak på Offshore.no, ([http://www.offshore.no/sak/35260\\_hoppetavisvingen](http://www.offshore.no/sak/35260_hoppetavisvingen), opna 31.10.12)

<sup>7</sup> Dette går og fram av Oljedirektoratet ("OD") sine faktasider (<http://www.npd.no>), der ein ser at deltakarane i utbygginga av Huldra-uniten er færre enn partane i dei underliggjande utvinningsløyva som uniten består av.

<sup>8</sup> Dette baserer eg på opplysningar frå bransjen.

<sup>9</sup> Frihagen (1982), s. 17.

Samansetninga av selskap på sokkelen har endra seg vesentleg frå 80-talet til i dag. Heilt fram mot år 2000 var verksemda på sokkelen dominert av selskap som Statoil, Norsk Hydro og dei store internasjonale oljeselskapa.<sup>10</sup> Seinare har ein opna for andre selskap, og det går fram av petroleumsmeldinga frå 2010/2011 at aktørbiletet i dag er godt balansert "og består av selskaper som fokuserer på nye, store og mer økonomisk risikofylte prosjekter og selskaper som har fokus på mindre prosjekter med lavere økonomisk risiko".<sup>11</sup>

Dette er ei utvikling som kan vere eigna til å gje breidde i vurderingane av utsiktene til kommersiell utnytting av førekomstar, og ikkje minst ulik prioritering av ulike prosjekt. Som sagt ovanfor kan deltakarane i lisensgruppa ha svært ulike oppfatningar om kommersielle, strategiske og teknologiske aspekt ved prosjekt og utbygging. Tilsiget av nye aktørar kan medføre større grad av usemje mellom lisenshavarane, og følgjeleg at reglane om prosjekt og utbygging på eigen risiko vil kunne verte eit meir naturleg verkemiddel på sokkelen i framtida. Dette ser eg nærare på i kapittel 3.6.

## 1.2 Framstillinga vidare og nokre avgrensingar

I framhaldet, under kapittel 2, skal eg plassere problemstillinga i ein rettsleg samanheng, ved å greie ut om den offentlegrettslege bakgrunnen, konsesjonsverket og rettsgrunnlaget for samarbeidet mellom selskapa som har fått tildelt eit utvinningsløyve saman. I forlenginga av omtalen av rettsgrunnlaget greier eg ut om kjeldesituasjonen og tek opp nokre metodespørsmål.

I kapittel 3 går eg inn på kva aktivitetar på eigen risiko er etter reglane i Samarbeidsavtala. Eg nyttar i tillegg ein del plass på å analysere interessentskapa på sokkelen opp mot andre rettsfellesskap, ved å sjå på spørsmålet om nokre av deltakarane i rettsfellesskapet kan gå i gang med aktivitetar på eiga hand. Meininga er at dette skal gje eit breitt grunnlag for å identifisere omsyna bak reglane og identifisere spenningar som lyt

---

<sup>10</sup> Meld. St. 28 (2010-2011) s. 26.

<sup>11</sup> Ibid., s. 11.

avklarast ved tolking av konkrete reglar, og ved vurderingar av i kva grad dei noverande avtalene er føremålstenlege.

Det skapar ei viss utfordring med omsyn til struktur for framstillinga at det ligg eit skilje i regelverket mellom *prosjekt på eigen risiko* og *utbygging på eigen risiko*. Reglane har ein del likskapar som gjer at ein fullstendig gjennomgang av begge kategoriane vil innebere ein del gjentakingar. Teksten i kapittel 3 og 6 vil gjelde for begge kategoriane.

I kapittel 4 greier eg ut om vilkåra for å gå i gang med *prosjekt* på eigen risiko etter artikkel 18 i Samarbeidsavtala, og kva dette inneber. Eg tek opp spørsmål om prosjekt på eigen risiko er eigna til å gje deltarane vinst. Kapittel 5 gjeld reglane om utbygging på eigen risiko i SA art. 19. Kapittelet handlar i tillegg om reglane og prosedyrane på utbyggingsstadiet som er ein viktig del av vilkåra for å gå i gang med utbygging på eigen risiko. Der reglane om utbygging på eigen risiko er like som for prosjekt på eigen risiko viser eg attende til kapittel 4.

I kapittel 6 tek eg opp korleis det at ein aktivitet vert gjennomført på eigen risiko verkar inn på ansvarsspørsmål internt i lisensgruppa og overfor tredjepersonar, med eit særleg fokus på petroleumslova sine reglar om ansvar for forureiningsskade.

Sjølv om denne framstillinga skal famne breitt, lyt emnet avgrensast noko. For det fyrste vil ikkje avhandlinga vere nokon fullstendig kommentar til alle føresegnene i Samarbeidsavtala artikkel 18 og 19. Fokuset vil vere på prosedyren fram mot, og vilkåra for aktivitetar på eigen risiko. Eg handsamar og sentrale føresegner om kva det inneber at slike aktivitetar vert utført.

Ein kan konstruere eit tal tolkingsproblem i ei omfattande avtale som Samarbeidsavtala. At noko er uklårt, tvitydig eller står fram som underleg er likevel ikkje einstyndande med at det vil oppstå problem i praksis. Petroleumsverksemda er meir prega av raske avgjerder basert på kommersielle avvegingar, enn tvistar om tolkingsspørsmål på mikronivå. I eit regelverk som vert nytta så sjeldan som artiklane om eigenrisikoaktivitetar er det klårt at ein del spørsmål aldri har oppstått, og truleg aldri vil oppstå. Om partane skal kunne gjere ei vurdering av om dei ynskjer å bruke reglane er det likevel tenleg at innhaldet i dei er klårlagt,

og eg vil difor bruke ein del plass på skildre korleis Samarbeidsavtala regulerer eigenrisikotiltak frå forslag til gjennomføring.

Somme tema i avhandlinga, slik som spørsmåla om ansvar i kapittel 6, er konsentrerte om utfordringane med at ein har separate aktivitetar innanføre samarbeidet i lisensgruppa. Framstillinga freistar ikkje å vere ei uttømmande handsaming av skadebotrettslege spørsmål, heller ikkje for verksemd på eigen risiko. Eg handsamar berre eit utval spørsmål for å illustrere dei rettslege utfordringane som oppstår som følgje av aktivitetar på eigen risiko.

Eg lyt òg avgrense mot skatte- og rekneskapsrettslege spørsmål som oppstår som følgje av verksemd på vegne av færre enn alle partane.

I petroleumslova § 4-7 finn ein reglar om samordna petroleumsverksemd. Føresegna inneheld ei plikt for deltakarane til å søkje å kome til løysingar om samordna aktivitet på tvers av lisensblokkene og gjev staten rett til å kome med pålegg om slike løysingar. Slike situasjonar kan føre med seg særlege problemstillingar med tanke på aktivitetar på eigen risiko. Eg tek opp eit utval problemstillingar undervegs, men eg avgrensar her mot reguleringar av høve til aktivitet på eigenrisiko i dei einskilde unit-avtalene som vert inngått. Desse skal godkjennast av departementet, men ein har ikkje noko standardisert regulering av aktivitetar på eigen risiko.

## **2 Rettslege rammer og metodiske utfordringar**

### **2.1 Utgangspunkt**

Reglane om høve til å gjennomføre aktivitetar på eigen risiko lyt forståast på bakgrunn av dei rettslege rammene dei inngår i. Dette gjeld både reglane om utnytting av petroleumsressursane, og meir spesifikt konsekvensverket som ligg til grunn for samarbeidet i lisensgruppa. Det dreier seg om eit rettsområde med særtrekk, der omhyggjeleg utforma statleg



regulering møter sterke kommersielle krefter.

Me skal her sjå på grunnlaget for at selskapa kan utnytte petroleumsressursane, korleis samarbeidet mellom selskapa er regulert og kva for type samarbeid det er tale om. Etter at eg har plassert reglane om aktivitetar på eigen risiko i ein rettsleg samanheng, vil eg diskutere kjelde- og metodespørsmål som bør avklarast før drøftinga av dei materielle reglane.

## 2.2 Konesjonsrettsleg bakgrunn

I dei tre innleiande føresegnene i petroleumslova vert tre viktige utgangspunkt knesett. For det fyrste går det fram av petroleumslova § 1-1 at undersjøiske petroleumsførekomstar er eigd av staten Noreg. Den nærare ressursforvaltninga vert i § 1-2 lagt til Kongen, som inneber at forvaltninga av ressursane er eit ansvar som ligg til den utøvande makta. Endeleg vert det i § 1-3 stilt opp eit krav om løyve for å drive petroleumsverksemd.

Omgrepet petroleumsverksemd omfattar ei rekkje ulike aktivitetar, og er nærare definert i petroleumslova § 1-6 c). Omgrepet omfattar all verksemd knytt til undersjøiske petroleumsførekomstar og spenner frå leiting etter til utnytting av slike.

Reglane som vert handsama i denne avhandlinga gjeld verksemd innanføre rammene av eit utvinningsløyve i medhald av petroleumslova kapittel 3. Tildelinga av utvinningsløyve går føre seg i rundar, ved at aktuelle blokker på sokkelen vert kunnngjort saman med invitasjon til søknad om utvinningsløyve. Det er følgjeleg ikkje ei ordning med fortløpande søknader. Selskapa søker om løyve, anten individuelt eller i grupper. Tildelinga skjer så anten til ei samansetning av sjølvstendige søkjarar, eller til ei gruppe med eller utan endringar. Det vanlege er at departementet set saman gruppene.

Når utvinningsløyvet er tildelt, peikar departementet ut ein operatør for lisensgruppa. Som vilkår for utvinningsløyvet vert det normalt stilt opp eit arbeidsprogram som deltakarane lyt fullføre for å forlenge utvinningsløyvet utover den initielle perioden som kan vare opp til 10 år, jf. petroleumslova §§ 3-9 og 3-8.

Eit utvinningsløyve kan gje rettshavaren eventyrlege inntekter og er

klårt nok eit forvaltningsvedtak til gunst. Som følgje av dette, hadde staten etter allmenne forvaltningsrettslege reglar om vilkårstilling hatt høve til setje vilkår for tildeling av løyvet. Slike vilkår kan og setjast med heimel i lov. På eit område der staten ut i frå økonomiske, miljømessige og tryggingmessige omsyn ynskjer kontroll med verksemda er det ikkje overraskande at dette er regulert i petroleumslova.

Petroleumslova § 3-3 gjev Kongen ein særleg heimel til å setje som vilkår for tildeling av utvinningsløyve at rettshavarane inngår "avtaler av bestemt innhold seg imellom." Det er med heimel i denne føresegna rettshavarane vert pålagt å inngå "Avtale for petroleumsvirksomhet" ("AP"). Samarbeidsavtala inngår som eit vedlegg A til sjølve avtala som lisenshavarane inngår og er såleis ein del av konsesjonsverket. Konsesjonsverket omfattar i tillegg ei rekneskapsavtale som vedlegg B.

Det at rettshavarane har fått tildelt eit utvinningsløyve, inneber ikkje at dei kan gå i gang med utvinning av petroleum når dei tykkjer at det høver seg. Petroleumslova inneheld godkjenningsordningar for utvinning av petroleum, ved at det krevst godkjenning av plan for utbygging og drift ifølgje petroleumslova § 4-7. Departementet har elles vide fullmakter når det gjeld både det å stogge og det å pålegge aktivitet. Ein lyt sjå på reglane om eigenrisikotiltak i Samarbeidsavtala innanføre rammene av desse reglane.

## **2.3 Grunnlaget for samarbeidet, kjeldetilfang og metodespørsmål**

### **2.3.1 Innleiing**

I denne delen skal eg greie ut om det rettslege grunnlaget for samarbeidet mellom deltakarane, og sentrale trekk ved Samarbeidsavtala. Eg vil både gå inn på kva type samarbeid det er tale om og korleis samarbeidet vert organisert. I framhaldet ynskjer eg å gje eit oversyn over kjeldematerialet som er tilgjengeleg. Avslutningsvis drøftar eg metodiske spørsmål knytt til bruk av Samarbeidsavtala som rettsgrunnlag.

### 2.3.2 Samarbeidsavtala

Samarbeidsavtala etablerer eit fellesskap mellom rettshavarane, som vert kalla eit "interessentskap".<sup>12</sup> Meininga med samarbeidet er ifølgje AP art. 1 å drive petroleumsverksemd i tråd med utvinningsløyvet. Dei nærare reglane for samarbeidet er regulert av Samarbeidsavtala, og det er i denne avtala ein finn reglane om prosjekt og utbygging på eigen risiko.

Avtaleverket som vert handsama i denne framstillinga er den standardiserte samarbeidsavtala som frå og med 1.1.2007 har vorte nytta ved tildelingar av nye utvinningsløyve. Etter standardiseringa valde eksisterande interessentskap å signere den nye avtala for å få til eit mest mogeleg einsarta rammeverk for samarbeida på norsk sokkel.

Samarbeidsavtala er den siste i rekkja av mange avtalar i petroleumsverksemda. Det vil føre for langt å gje ei fullstendig utgreiing om utvikling av avtaleverket i petroleumsverksemda.<sup>13</sup> Det sentrale her er å sjå på avtala sin rettslege karakter, både som instrument for regulering av eit samarbeid mellom partane og for statleg styring.

Avtalene har variert i namn og innhald, men det sentrale innhaldet har vore mykje det same. I fyrstninga hadde likevel selskapa stor avtalefridom.<sup>14</sup> Ein fekk sidan eit skifte der avtalene vart inngått mellom rettshavarane og staten, representert av det då fullt ut statlege oljeselskapet Statoil. Desse avtalene vart kalla statsdeltakingsavtalar. I 1985 tok staten over delar av deltakardelane til Statoil gjennom statens direkte økonomiske engasjement ("SDØE"). SDØE vart forvalta av Statoil fram til delprivatiseringa i 2002. Deretter vart det oppretta eit statleg selskap som skulle forvalte SDØE ut i frå kommersielle synspunkt.<sup>15</sup> Bruken av avtaleverket som verktøy for direkte statleg styring har såleis avteke, sjølv om styringsmogelegheitene lever i beste velgåande i andre heimelsgrunnlag.

Det øvste organet i interessentskapet er *styringskomiteen*, kor partane

<sup>12</sup> SA, nedst i inndelinga "Definisjoner" og under art 1.1.

<sup>13</sup> For ei fullstendig gjennomgang av utviklinga av statsdeltakingsavtalene ("SDA"), sjå Frihagen (1982).

<sup>14</sup> Heilemann (2006), s. 23.

<sup>15</sup> Nordtveit (2013) punkt 1.2.

har eitt medlem med eitt vara-medlem kvar.<sup>16</sup> Styringskomiteen skal ta stilling til ei rekkje spørsmål etter prosedyrar som er stilt opp i avtala, men ifølgje artikkel 1.4 d) skal han og ta stilling og eit kvart spørsmål han får seg førelagt av ein av partane. I tillegg kan komiteen forlange å få førelagt ei kvar sak og ta avgjere ho., jf. SA art. 1.3 fjerde avsnitt.

Interessentskapet har ikkje nokon eigen organisasjon utover styringskomiteen. Sjølve verksemda innanføre rammene av utvinningsløyvet vert utført av, og under den daglege leiinga til *operatøren*. Operatøren stiller sin organisasjon til disposisjon og tek ei rekkje avgjerder undervegs. Han skal ikkje ha tap eller vinning av å vere operatør, men han kan krevje å få dekt utgifter frå dei andre partane fordelt etter deltakarinteresse.<sup>17</sup> På inntektssida skil interessentskapet seg frå til dømes aksjeselskap og ansvarlege selskap. Det går ikkje føre seg noko felles kommersiell verksemd når det gjeld sal av petroleum. Deltakarane har rett og plikt til å ta ut petroleumen *in natura* og lagre eller selje han på eiga hand. Samarbeidet er altså eit utgiftsfellesskap.

Ei slik verksemd som vert driven av fleire deltakarar som er ansvarleg for selskapet sine totale plikter, minnar om det ansvarlege selskapet som er regulert i lov 21. juni 1985 om ansvarlige selskaper og kommandittselskaper ("selskapsloven"). Det følgjer likevel direkte av sjølve Samarbeidsavtala og selskapslova § 1-1 fjerde avsnitt at avtalen ikkje gjeld for interessentskapet. Samarbeidet etter avtala er likevel etter sin art selskapsliknande, og det er etter kvart semje om at ein utan unntaket i sel. § 1-1 (4) ville ha kome til at interessentskapet hadde kome inn under definisjonen av "selskap" i sel. § 1-1 første avsnitt.<sup>18</sup> I førearbeida til selskapslova vert avtala omtalt på følgjande måte:

Departementet vil likevel peke på at samarbeidsavtalene står i en klar særstilling i forhold til andre selskaper ved den nære forbindelsen de har til konsesjonssystemet for utvinning av petroleum. Samarbeidsavtalen er som nevnt utarbeidet av det offentlige, og

---

<sup>16</sup> SA art. 1.3 og art. 1.1.

<sup>17</sup> Det såkalla "no gain no loss"-prinsippet, nedfelt i SA art 3.1. Sjå Eggen (2007) om dette.

<sup>18</sup> Sjå Ot.prp. nr. 47 (1984-1985), s. 17 og Kaasen (2010), s. 154.

inngår som en del av konsesjonsvilkårene. Samarbeidsavtalene får dermed et offentligrettslig fundament, og har ikke som andre skaper grunnlag i et rent privatrettslig avtaleforhold mellom deltakerene.<sup>19</sup>

Samarbeidsavtala er altså ei særeigen regulering av eit nærare avgrensa samarbeid. Det kan diskuterast om det tener noko føremål å plassere samarbeidet under noko omgrep, men det lyt vere greitt å leggje til grunn at det er tale om eit slags fellesføretak (*joint venture*).<sup>20</sup> Desse formelle utgangspunkta om kva Samarbeidsavtala er, får vere tilstrekkeleg før me skal sjå på rettskjelde- og metodespørsmål. Eg kjem likevel attende til ein nærare analyse av samarbeidet i kapittel 3.2, der meininga er å sjå på høve til å gå i gang med aktivitetar på eiga hand i ulike typar rettsfellesskap.

### 2.3.3 Om rettskjeldebilete

Sjølv om eg drøftar ulike rettsreglar i petroleumslova, gjeld avhandlinga hovudsakeleg Samarbeidsavtala si regulering av høve til å gå i gang med aktivitetar som ikkje når terskelen for å verte gjennomført på vegne av fellesskapet.

Eg brukar allmenn juridisk metode for å svare på spørsmåla, og eg går difor ikkje nærare inn på det her. Samarbeidsavtala er likevel vanskeleg å plassere rettsleg sett, og står i ei særstilling med ein fot i privatretten og ein fot i den offentlege retten. Dette gjer at det er naudsynt å knytte nokre merknadar til bruk av avtala som rettsgrunnlag.

Me skal fyrst sjå på nokre overordna utfordringar når det gjeld kjeldetilfanget, før me går over til spørsmålet om korleis ein skal fastleggje innhaldet i rettsreglane i Samarbeidsavtala.

Den fyrste utfordringa er at det eksisterer svært lite materiale om korleis avtala skal verte forstått og kva ein har meint med dei ulike fø-

---

<sup>19</sup> Ot.prp. nr. 47 (1984-1985), s. 19.

<sup>20</sup> Eit slags ad-hoc samarbeid mellom fleire sjølvstendige deltakarar om eit nærare gjeve oppdrag eller føremål. For ei omfattande utgreiing om omgrep og ulike typar slike samarbeid, sjå Nordtveit (1992).

resegnene. I tillegg til dette er Samarbeidsavtala underlagt skilsretts-handsaming, jf. SA art. 29.1. Dette gjer at avgjerder i tvistar er underlagt teieplikt, som i sin tur inneber at kjeldetilfanget ein kan byggje på er avgrensa.

Reglane om verksemd på eigen risiko er omtalte somme stader i norsk juridisk litteratur. Nokre av desse framstillingane gjeld tidlegare utgåver av statsdeltakingsavtalene eller samarbeidsavtalene, og er difor ikkje oppdatert på område der det har skjedd endringar. Ein del av spørsmåla er likevel likt eller liknande regulert i avtala som gjeld no. Juridisk litteratur om Samarbeidsavtala kan som elles ikkje ha noko særleg vekt utover at argumenta er gode.

Regulering av aktivitetar på eigen risiko er ikkje eit særnorsk fenomen. Ein finn liknande reguleringar i internasjonale joint operating agreements ("JOA"). Desse avtalene er naturleg nok handsama i internasjonal juridisk litteratur. Rettskjeldeverdien av internasjonal litteratur som gjeld andre JOA-variantar er klårt nok ikkje ei autoritativ kjelde når det gjeld løysing av konkrete tolkingsspørsmål etter den norske avtala. I tillegg til variasjonar i teksten kan slike avtalar inngå i eit konsesjonssystem som er annleis enn den norske modellen. Dette kan føre med seg at løysinga i desse avtalene ikkje høver som løysing i spørsmål som gjeld den norske Samarbeidsavtala. Framstillingar som gjeld andre avtalar, og formuleringane i slike avtalar, kan likevel tene som forslag til gode løysingar. Eg kjem attende til internasjonal praksis ved utforming av avtalar som tolkingmoment under punkt 2.3.4.

Samarbeidsavtala plasserer seg i ei mellomstilling mellom privatrett og offentlig rett. Det er likevel trygt å leggje til grunn at avtala lyt reknast som eit konsesjonsvilkår.<sup>21</sup> Samarbeidsavtala involverer partane, som stiftar rettar og plikter mellom einannan, men avtala er òg eit verkemiddel for å ivareta staten sine interesser i vid forstand. Vidare har avtala eit nært forhold til selskapsretten på grunn av interessentskapet sin selskapsliknande karakter. Endeleg er avtaletypen skriven med internasjonale *joint operating agreements* som mønster.

Desse observasjonane gjev opphav til fleire spørsmål når det gjeld

---

<sup>21</sup> Sjå f. eks Kaasen (1984).

korleis avtala skal tolkast, og korleis ein skal avgjere rettsspørsmål der avtaleteksten ikkje gjev uttrykkelege svar. Me skal no sjå nærare på korleis me skal halde oss til Samarbeidsavtala som rettsgrunnlag.

### 2.3.4 Samarbeidsavtala som rettsgrunnlag

Spørsmålet er her kva reglar og prinsipp som gjeld når ein skal nytte Samarbeidsavtala som rettsgrunnlag.

Samarbeidsavtala skil seg frå andre avtalar allereie ved måten avtala vart til på. Teksten i avtala er ikkje vorten til gjennom tingingar mellom partane som inngår avtala, men er derimot einsidig fastsett av staten. Partane lyt altså inngå ei avtale med eit på førehand gjeve innhald, som vilkår for eit gunstig forvaltningsvedtak. Avtala er likevel ikkje heilt upåverka av partane, ved at Norsk olje og gass ("NOG") (tidlegare OLF) som representant for bransjen er involvert i endringsarbeid. Dette fører likevel ikkje til at ein naudsynleg har noko materiale frå tingingsfasen å kunne byggja på, med omsyn til kva partane kan ha meint. Det er også slik at partane kan stå overfor tolkingsspørsmål som dei ikkje har vore konfronterte med i ein tingingsfase.

Det naturlege utgangspunktet i avtaleretten når ein ikkje kan føre prov for ei felles subjektiv forståing er ei objektiv tolking av avtaleteksten, eventuelt supplert med andre omstende som kan gje uttrykk for innhaldet i avtala. Utgangspunktet om objektiv tolking gjeld særleg når det kjem til avtalar mellom profesjonelle partar.<sup>22</sup> Det at Samarbeidsavtala er eit konsesjonsvilkår, endrar ikkje på at rettsbrukaren lyt finne innhaldet i reglar som er nedfelt i ein tekst. I mangel på subjektive haldepunkt er ei objektiv tolking eit naturleg utgangspunkt.

Kaasen klassifiserer dei tidlegare statsdeltakingsavtalene som konsesjonsvilkår, og diskuterer skilnader mellom tolking av privatrettslege avtalar og slike vilkår. Han kjem fram til at "det med hensyn til tolkningsprinsipper ikke er dramatiske forskjeller mellom forvaltningsrettslige og privatrettslige utsagn, selv om det kan være gradforskjeller".<sup>23</sup>

<sup>22</sup> Sjå til dømes Rt. 2003 s. 1132 (*Norrønafly-dommen*), avsnitt 34 med vidare tilvisingar.

<sup>23</sup> Kaasen (1984), s. 394.

Det er vanleg å tolke vedtak og vilkår frå det offentlege ut i frå ei objektiv forståing av ordlyden, men det lyt og vere rom for andre tolkingsmoment.<sup>24</sup> Sjølv om Huser argumenterer for at tolkingslæra lyt vere lik for vedtak frå det offentlege som i den allmenne avtaleretten, skil han mellom enkeltvedtak og forskrift. Forskrifter skal ifølgje Huser tolkast nærare tradisjonen for lovtolking. Sistnemnde har ein viss overføringsverdi i høve til Samarbeidsavtala, då avtala er ei generell standardisert regulering. Dette kan byggje opp under utgangspunktet om ei objektiv tolking av teksten, utan at det formelt er avgjerande.

I tråd med det som er sagt om likskapane mellom tolkingsprinsippa for avtalar og konsesjonsvilkår, og avtala sin standardiserte karakter kan me slå fast at utgangspunktet er at det skal gjerast ei objektiv tolking av ordlyden ved løysing av spørsmål der Samarbeidsavtala er rettsgrunnlag.

Tolkingsreglane i avtaleretten inneheld meir enn ei objektiv tolking av tekst, sjølv om det er tale om profesjonelle partar. Kaasen diskuterer til dømes om uklårleiksregelen, som me kjenner frå den allmenne avtaleretten, kjem til bruk ved tolking av avtala. Regelen inneber at ei avtale skal tolkast til ugunst for den som har forfatta den uklære avtaleteksten. For Samarbeidsavtala sitt vedkomande inneber dette at avtala skal tolkast til ugunst for staten, som har forfatta avtala. Eg er samd med Kaasen i at dette i hovudsak er eit spørsmål om "hensiktsmessige betraktningmåter enn om materielt forskjellige løysningar". Årsaka til dette er at ei objektiv tolking av konsesjonsvilkår byggjer på dei same synsmåtane som ein allmenn uklårleiksregel.<sup>25</sup> I praksis vil det vere vanskeleg å kome til klære løysingar som er til ugunst for staten, og samstundes sameinelege med interessene til heile rettsfelleskapen. Selvig derimot, meiner på den andre sida det neppe er plass for å anvende uklårleiksregelen når det gjeld reglar som er diktert av staten for å vareta offentlege interesser.<sup>26</sup>

Mitt syn er at det er mogeleg å harmonisere desse synsmåtane ved å

---

<sup>24</sup> Huser (1983), s. 478 flg. argumenterer mot Knoph sine fråsegner om at vedtak frå det offentlege utelukkande lyt tolkast objektivt, og på same måte som Kaasen tek han til ordet for at tolkinga har likskapar med den allmenne avtaleretten.

<sup>25</sup> Kaasen (1984), s. 395.

<sup>26</sup> Selvig (1995), s. 271.



sjå det slik at forvaltningsrettslege tankar om risiko for uklårleik vil kunne kome inn på same måte som uklårleiksregelen, og at ein i tolkinga av avtalen lyt krevje ein viss grad av klårleik for at avtalen skal tolkast til gunst for offentlege interesser til skade for partane.

Utover dei reine ordlydstolkingane lyt synsmåtar om konsekvens og samanheng i avtala få noko å seie ved val av ulike tolkingsalternativ. Artikkane i avtala kan i tillegg gje uttrykk for prinsipp, og moment i forlenginga av desse vil kunne få vekt, særleg ved val av ulike tolkingsalternativ.<sup>27</sup>

Vidare vil det vere rom for å leggje vekt på at eit tolkingsalternativ er eigna til å realisere føremålet med Samarbeidsavtala, nemleg å organisere samarbeidet om å utvinne petroleum innanføre rammene av utvinningsløyvet. Generelt vil tolkingsalternativ som fremjar samarbeid og forsvarleg framdrift vere å føretrekke.

I tillegg lyt avtala sjåast i samanheng med konsesjonsverket ho inngår i og lover og forskrifter som regulerer petroleumsverksemda. Samarbeidsavtala er eit verkemiddel for å realisere føremåla med mellom anna petroleumslova, og dette vil ha noko å seie for tolkinga av avtala.

Vidare vert avtala nytta på eit samarbeidsområde med eit sterkt internasjonalt tilsnitt. Det er ikkje til å kome unna at petroleumsnæringa, også på norsk sokkel, er ein internasjonal arena. Det eksisterer ei rekkje JOA-variantar, ofte omtalt som ”model contracts”, som liknar på kvarandre rundt om i verda. Denne type avtalar er nærast ei eiga rettsform, og det kan påvisast tilnærma sedvanlege reguleringar av gjevne spørsmål. Dei norske samarbeidsavtalene er inspirerte av slike internasjonale JOA-variantar. Om eit spørsmål i den norske Samarbeidsavtala er regulert på ein klår måte som avvik frå kva som er vanleg i ein internasjonal samanheng, lyt dette sjølvstakt ha avgjerande vekt. Det kan likevel tenkjast at avtala er taus om eit spørsmål, eller at det finst fleire mogelege tolkingsalternativ. I slike høve lyt alle relevante moment vegast mot kvarandre, men mykje kan tale for at ein vel løysinga som harmonerer

---

<sup>27</sup> Bragdø-Ellenes (2001), s. 19 med vidare tilvising til Selvig (1995), s. 271. Selvig uttaler seg rett nok om situasjonen der det er tale om utfylling av avtala, men desse momenta lyt òg ha tyding der det er tale om å velje mellom ulike tolkingsalternativ.

med det som er vanleg i ein internasjonal samanheng.<sup>28</sup>

Avslutningsvis skal me sjå på spørsmålet om bakgrunnsrett for Samarbeidsavtala og korleis me skal handtere at Samarbeidsavtala ikkje gjev eit utrykkeleg svar på eit spørsmål. Sjølv om avtala er meint å vere ei uttømande regulering av samarbeidet mellom rettshavarane vil det kunne oppstå spørsmål som avtaleteksten ikkje gjev svar på.

I norsk rett har me ein tradisjon for generelt utforma kontraktar med rom for utfylling med bakgrunnsrett eller allmenne kontraktrettslege prinsipp. Spørsmålet om bakgrunnsrett for samarbeidsavtalene har vore diskutert, men ein kan slå fast at det ikkje finst noko omfattande og detaljert lov som tener som bakgrunnsrett.

Sameigelova er eit døme på mogeleg bakgrunnsrett for Samarbeidsavtala.<sup>29</sup> På grunn av lova sin deklarasjon karakter halde opp mot detaljnivået i Samarbeidsavtala, er det neppe særleg rom for bruk av sameigelova sine reglar, sjølv om omsyna bak lova og prinsippa ho gjev uttrykk for kan få tyding i tolkinga.

Selskapslova er utelukka som formell bakgrunnsrett på grunn av føresegna i lova sin § 1-1 (4). Ifølgje Kaasen er det likevel:

ingen tvil om at selskapsloven selv, og særlig for så vidt den må oppfattes som kodifisering av alminnelig selskapsrett, har interesse ved tolkning og utfylling av samarbeidsavtalen – bare man har tilstrekkelig respekt for avtalens egenart. Vurderingen må nødvendigvis bli konkret.<sup>30</sup>

Eg er samd med Kaasen i at ein kan byggje på selskapslova sine føresegner og allmenne selskapsrettslege prinsipp etter ei konkret vurdering, men at ein lyt ha respekt for avtalen sin eigenart. Det sentrale er då at ein langt på veg leitar etter gode løysningar som passar for føremålet. Reglane i selskapslova, allmenne selskapsrettslege prinsipp, så vel som sameigelova lyt då stå sin prøve mot argument frå konsesjonsverket elles, og ikkje minst mot internasjonal avtalepraksis.

---

<sup>28</sup> Nordtveit (1988), s. 48.

<sup>29</sup> Ibid., s. 49.

<sup>30</sup> Kaasen (2010), s. 166.

Me har no sett på ei rekkje moment som kan få vekt i tolkinga av Samarbeidsavtala. Dette kan gje eit inntrykk av at ein står svært fritt i konkrete tolkingsspørsmål. Det er likevel tale om ei særigen avtaleregulering, som er meint å vere ei uttømande regulering av samarbeidet mellom deltakarane. Vidare vil ordlyden i avtala har mykje å seie ved tolkinga. Eg er difor samd med Nordtveit i at tolkingsmomenta lyt brukast til å ”finna fram til løysingar som harmonerer med føresegnene i avtalen, og fremjar dei målsetjingar ein har hatt med inngåinga av den”.<sup>31</sup>

Vanlegvis er bakgrunnsretten deklarasjonsrett, og avtalefridomen gjer då at ein kan fråvike reglane ved semje. Partane i ei avtale har altså rådevelde over rettshøvet mellom einannan. Samarbeidsavtala er ikkje eit resultat av avtalefridomen når det gjeld innhaldet, og partane kan ikkje endre avtala utan godkjenning frå departementet.<sup>32</sup>

Når ein skal ta stilling til eit spørsmål som ikkje er regulert uttrykkeleg i avtala, vert spørsmålet om partane har avtalefridom i slike situasjonar. Det er verdt å merkje seg at partane utanføre verkeområdet til avtala og utvinningsløyvet sjølvstendig er frie til å inngå avtalar med kvarandre, med dei avgrensingar som måtte følgje av lov eller andre relevante reglar.

Innanføre ramma av utvinningsløyvet og samarbeidet kan ein tenkje seg at den offentlege utøvinga av mynde stoppar ved ordgrrensa til konsesjonsverket. Ein slik tanke byggjer på allmenne forvaltningsrettslege synsmåtar om rettsvise og rettstryggleik, men det vert likevel for enkelt å operere med eit skilje mellom det avtala regulerer uttrykkeleg og partane sin avtalefridom utover det. Når ein tolkar avtala, legg ein vekt på samanhengar i avtaleverket, løysingar som er sameinelege med avtala som heilskap og så vidare. Det kan altså tenkjast at løysingar som tilsynelatande ikkje er regulert i avtala likevel lyt løysast på ein gjeven måte. Utover dette vert spørsmålet om det kan stillast opp eit slags handlingsrom der partane er frie til å kome til semje om kva løysing dei skal velje. Slik lyt det nok vere, men dette spelerommet vil vere avgrensa av avtalen som kontekst, innhaldet i AP art. 7 sitt krav om godkjenning av endringar, tillegg til avtala og unntak frå den. Selvig er tilføyleg til å meine at

<sup>31</sup> Nordtveit (1988), s. 46.

<sup>32</sup> AP art. 7.

utfylling vil utløse krav om godkjenning frå departementet, særleg om utfylling gjeld eit ”forhold som vanligvis omfattes av den petroleums-politiske vurdering departementet foretar ved godkjenning av den slags avtaler”<sup>33</sup> I tvilstilfelle er det altså føremålstenleg at selskapa søker å avklare dette med departementet.

### **3 Allment om reglar om aktivitet på eigen risiko, omsyn og funksjon**

#### **3.1 Oversyn**

Oppgåva i denne delen av avhandlinga er å greie ut om kva reguleringa i Samarbeidsavtala går ut på, før me ser på korleis liknande situasjonar vert løyst i andre rettsfellesskap. Dette skal leggje grunnlaget for ein analyse av omsyna som ligg bak reglane i Samarbeidsavtala og å sjå nærare på kva funksjon dei har.

#### **3.2 Aktivitetar på eigen risiko i Samarbeidsavtala**

Samarbeidsavtala artikkel 18 og 19 gjeld høvesvis prosjekt på eigen risiko og utbygging på eigen risiko.

Verksemd på eigen risiko (”sole risk”) inneber som sagt at ein eller fleire, men ikkje alle, deltakarane i samarbeidet gjennomfører ein føreslått aktivitet som ligg innanføre rammene av Samarbeidsavtala, i tilfelle der framlegget ikkje har fått tilstrekkeleg oppslutnad til å verte gjennomført på vegne av heile interessentskapet.

Definisjonen kan presiserast for høvesvis prosjekt og utbygging på eigen risiko. Den formelle skilnaden mellom dei to, som eg handsamar i dei respektive kapitla for dei to kategoriane nedanfor, er kva som krevst for at det vert vedteke at den aktuelle aktiviteten skal gjennomførast på vegne av interessentskapet.

---

<sup>33</sup> Selvig (1995), s. 271.

Prosjekt på eigen risiko omfattar aktivitetar som skal vedtakast i styringskomiteen, og det er difor tale om aktivitetar som vert gjennomført på vegne av færre enn alle partane, som ikkje har fått tilstrekkeleg oppslutnad i styringskomiteen. Avgjerda om utbygging vert treft av dei individuelle deltakarane, og utbygging på eigen risiko er då ei utbygging som vert gjennomført av færre enn alle deltakarane der ikkje alle har tiltredd utbyggingsplanen.

Både prosjekt på eigen risiko og utbygging på eigen risiko er aktivitetar som kjem i gang på dei deltakande partane sitt initiativ. Dei deltakande partane kan utgjere eit mindretal dersom røysteregelelen for den aktuelle aktiviteten er fleirtalsvedtak, eller eit fleirtal der røystereglane krev at avgjerda er samrøystes. Det sentrale er altså at ikkje alle deltek.

Reglane som vert handsama i denne avhandlingen er ei konkret avtaleregulering av aktivitetar på vegne av færre enn alle deltakarane i eit samarbeid. Det finst fleire måtar å regulere slike aktivitetar på i samarbeidsavtalar i petroleumsverksemda rundt om i verda. Reglane i SA art. 18 og 19 svarer til det ein kjenner som "sole risk" i ein internasjonal samanheng.

Ein anna type avtaleregulering av aktivitetar som går føre seg på vegne av færre enn alle deltakarane i eit samarbeid er såkalla "non-consent"-klausular. Desse finn me i andre JOA-variantar, anten i tillegg til eller i staden for "sole risk"-regulering.

"Non-consent"-klausulane går kort sagt ut på at dei einskilte deltakarane kan melde frå om at dei ikkje ynskjer å ta del i aktivitetar som har oppnådd tilstrekkeleg med støtte til å vere ein aktivitet på vegne av fellesskapet. Det er altså tale om ein regel som vernar mindretalet mot fleirtalsstyret, ved at dei ikkje vert tvinga med på aktivitetar. Konsekvensen av reguleringa av "non-consent" er at prosjektet vert gjennomført av partane som har stemt for prosjektet, og ikkje trekt seg.

"Sole risk"-reguleringa er også ein regel om mindretalsvern, men til skilnad frå "non-consent"-reguleringa er det tale om eit vern mot fleirtalet sin passivitet. I resultatet kan altså "sole risk" og "non-consent" gå ut på det same, men dei skil seg ved opphavet ved at "sole risk" kjem på tale for aktivitetar som i utgangspunktet ikkje nådde terskelen for å

vere eit fellesskapsprosjekt, medan "non-consent" oppstår i samband med aktivitetar som i utgangspunktet hadde nådd terskelen for å vere det.

Den norske Samarbeidsavtala har ikkje ei uttrykkeleg regulering av "non-consent". Det er likevel naturleg å sjå reguleringa av utbyggingsvedtak som ein slags type "non-consent"-regulering, ved at vedtak om utbygging vert gjort av kvar einiskild av deltakarane, utan at ein kan verte tvungen med på utbygginga. Dersom utbygginga skal verte gjennomført, kan ikkje dette skje på vegne av heile interessentskapet. Deltakarane lyt gjennomføre utbygginga i tråd med reglane om utbygging på eigen risiko i artikkel 19. Jones har omtala dette som: "effectively [...] Non-Consent of a development."<sup>34</sup> Karakteristikken stemmer delvis, men det at ein i røynda har eit krav om at alle partar tiltrer for at det skal kome på tale med ei utbygging på vegne av interessentskapet, er det etter definisjonane ovanfor tale om "sole risk". I denne samanhengen er dette sjølvsagt berre eit spørsmål om omgrepsbruk.

Samarbeidsavtala si ordning er i alle høve at mindretalet kan verte forplikta til å ta del i prosjekt, men ikkje i utbygging. Aktivitetar på eigen risiko oppstår på initiativ frå partane som ynskjer det, uavhengig om det er tale om prosjekt eller utbygging.

I eit samarbeid som interessentskapa på sokkelen, kan det vere ein slags føresetnad for deltakarane at utgiftene og risikoen skal verte spreidd. Reglane om verksemd på eigen risiko rokkar ikkje ved den einiskilde deltakaren si forventning om dette, ved at ein ikkje kan verte stemt med i eit prosjekt eller ei utbygging som ikkje alle partane deltek i.

At deltakarane i samarbeidet kan gjennomføre tiltak på eigen risiko i tilfella der tiltaket ikkje vert vedteke på vegne av fellesskapet, bidreg til å løyse ein fastlåst situasjon for det aktuelle forslaget. Me skal no sjå på korleis liknande situasjonar vert løyst i andre rettsfellesskap, for å gje breidde til vurderinga av omsyna bak Samarbeidsavtala sine reglar om tiltak på eigen risiko.

---

<sup>34</sup> Jones (2000), s. 115.

### 3.3 Uavhengige aktivitetar i rettsfellesskap

#### 3.3.1 Utgangspunkt

Det er ei allmenn problemstilling i rettsfellesskap om dei enkelte rettshavarane til tingen eller i samanslutninga er bundne til passivitet av dei andre rettshavarane sin motvilje. Det varierer korleis slike spørsmål vert løyst, og kva trong det er for reglar om spørsmålet.

Eg kallar det at nokre av rettshavarane i eit rettsfellesskap går i gang med aktivitetar på eiga hand for uavhengige aktivitetar. Omgrepet er ikkje heilt godt, då det kan gje inntrykk av at aktiviteten går føre seg heilt uavhengig av rettsfellesskapet. Dette er ikkje meininga, tvert imot føreset eg at den aktuelle aktiviteten opphavleg ligg innanføre ramma av samanslutninga eller baserer seg på formuesgoda rettsfellesskapet knyter seg til. Det er då naturleg at ein til ein viss grad har plikter overfor det rettsfellesskapet, alt etter kva type aktivitet og rettsfellesskap det er tale om.

Ei samanlikning av løysinga i ulike rettsfellesskap vil kunne gje bidrag til ei djupare forståing av reguleringa av aktivitetar på eigen risiko i Samarbeidsavtala. Som ein opptakt til analysen av kva omsyn som gjer seg gjeldande bak reglane, skal me difor sjå nærare på uavhengige aktivitetar i rettsfellesskap generelt, og forsøkje å plassere reguleringa i Samarbeidsavtala i ein større samanheng.

Det å plassere interessentskapa på sokkelen innanføre ein eller fleire kategoriar av rettsfellesskap, er ei krevjande oppgåve, då det eit stykke på veg er tale om ei rettsform for seg sjølv. I denne framstillinga ynskjer eg fortrinnsvis å sjå på nokre grunnstrukturar i andre rettsfellesskap og i interessentskapa som vert danna av Samarbeidsavtala.

Me skal sjå nærare på rettsfellesskap som fell innanføre omgrepet sameige i vid forstand. Det er under denne kategorien vanleg å skilje mellom *fritt* og *bunde* sameige. Det frie sameiget, eller bruttopartsameige som det òg vert kalla, er kjenneteikna ved at den einskilde sameigaren står fritt til å råde rettsleg over sin del av sameigetingen.<sup>35</sup> Dette er det

---

<sup>35</sup> Falkanger (1987), s. 109.

klassiske tingsrettslege sameiget, som interessentskapa på sokkelen har visse likskapar med. Bunde sameige, eller nettopartsameige, er derimot kjenneteikna av at partane berre rår over sin nettopart av fellesformuen. Det ansvarlege selskapet fell inn under denne kategorien. Selskapslova gjeld som sagt ikkje for Samarbeidsavtala, men interessentskapet er etter sin karakter å rekne som eit selskap, sjølv om det skil seg frå vanlege ansvarlege selskap på nokre punkt.

### **3.3.2 Deltakarane sitt tilhøve til fellesformuen, grad av samarbeid og føremålet med fellesskapet**

Spørsmålet er her korleis deltakarane i ulike rettsfellesskap sitt tilhøve til fellesskapsformuen, graden av samarbeid og føremålet med fellesskapet er eigna til å seie noko om kva høve og trong deltakarane har til å gjennomføre aktivitetar på eiga hand.

Me skal fyrst sjå på kva høve deltakarane har til å nytte fellesskapsformuen på eiga hand i dei ulike rettsfellesskapa. Fokuset vil vere på utnytting av fellesskapsformuen der ein ikkje er samde eller har treft eit gyldig vedtak om utnyttinga.

I dei frie sameiga er det sameigarane sin felles rett til eit formuesgode, nemleg sameigetengen, som utgjer rettsfellesskapet. Kva som er sameigetengen kan variera, og ser ein i odelstingsproposisjonen til sameigelova § 1 om lova sitt verkeområde får ein eit inntrykk av kva som kan vere omfatta. Der heiter det at:

det såleis berre sams eigedomsrett som beint fram går under lova. Samstundes er ordlegginga så vid – « eig noko » – at ho også femner om sameige i anna enn ting, t. d. aksjar, statsobligasjonar og andre verdepapir, eller slike særlege verde som kraftrettar, patentrettar o. l.<sup>36</sup>

Med eit så omfattande nedslagsfelt kan ein måtte ta stilling til ei rekkje ulike utnyttingsformer for formuesgode av forskjellig karakter.

Sameigarane sitt høve til å utnytte sameigetengen på eiga hand er avhengig av ei rekkje faktorar. Spørsmålet dreier seg om positive og

---

<sup>36</sup> Ot.prp. nr. 13 (1964-65) s. 29.



negative avgrensingar av eigeomsretten til sameigetingen. På same måte som ein eieeigar, har sameigaren eigeomsretten til tingen og utgangspunktet er at han har den fulle rett til fysisk og juridisk disponering over tingen. Det er avgrensingane som treng ei grunngeving.

Det ligg allereie avgrensingar i sameiget sin natur, ved at ein deler eigeomsretten med nokon. Vidare kan stiftingsgrunnlaget for sameiget og leggje band på dei einskilde sameigarane si utnytting av tingen, og til sist inneheld sameigelova visse deklarasjoniske reglar for utnyttinga av tingen. Det er særleg sameigelova § 3 om utnytting som regulerer spørsmålet. Føresegna slår fast at kvar av sameigarane har ”rett til å nytta sameigetingen til det han er etla eller vanleg brukt til, og til anna som høver med tida og tilhøva.” I føresegna sitt andre avsnitt, finn ein ei avgrensing knytt til omfang av bruken og avgrensing der bruken er til meins for andre sameigarar.

Realiteten er at stiftingsgrunnlaget og sameigelova sine reglar verkar saman og gjev den delte eigeomsretten eit positivt og negativt avgrensa innhald. Spørsmålet om ein sameigar har rett til å nytte sameigetingen individuelt kan få ulike løysingar, alt etter kva partane har avtalt, korleis sameiget har oppstått, kva type sameigeting det er tale om og kva slags konsekvensar den individuelle utnyttinga får for dei andre sameigarane. Jamvel om individuell utnytting gjerne er vanleg, og endåtil utgangspunktet i eit sameige, treng ikkje dette vere tilfellet.

At noko er eit ansvarleg selskap inneber at “økonomisk virksomhet utøves for to eller flere deltakeres felles regning og risiko, og minst en av deltakerne har et ubegrenset, personlig ansvar for virksomhetens samlede forpliktelser.” Formuleringa er teken frå føresegna i selskapslova § 1-1 som gjeld verkeområdet til lova. Verkeområdet til lova er grunnsteinen i sjølve definisjonen av “selskap” i selskapslova § 1-2, som viser attende til § 1-1.

Allereie i definisjonen av selskap finn ein haldepunkt for at aktivitetar på vegne av færre enn alle deltakarane i selskapet harmonerer dårleg med utgangspunktet for slike samanslutningar. Det er fellesskapet og ansvarsdelinga i verksemda som utgjer selskapet, og eit brot med dette liknar meir eit nytt selskap enn ein naturleg del av det opphavlege.

Dersom fem samarbeidspartnarar driv eit selskap som eig og leiger ut leilegheiter i ein stor leigegard, og to av partnerane ynskjer å drive butikkverksemd i fyrste etasje, kan verksemda kan utgjere eit eige selskap med to deltakarar.

Dømet er nokså parallelt til aktivitetar på eigen risiko i petroleumsverksemda på norsk sokkel. I botn ligg formuesgoda som deltakarane baserer verksemda si på (leigegarden og utvinningsløyvet), medan ein i sjølve verksemda har høvesvis butikkverksemd på den eine sida og boring eller utvinning av petroleum på den andre sida. Utgangspunktet når det gjeld høve til å drive individuell verksemd basert på selskapsformuen i ansvarlege selskap, lyt vere at slik verksemd basert på selskapet sine aktiva ikkje er tillate med mindre ein kan påvise eit rettsgrunnlag for det.

Selskapet skil seg frå det tingsrettslege sameiget når det gjeld deltakarane sitt tilhøve til fellesskapsformuen ved at selskapet med sin rettssubjektivitet kan vere rettshavar til heile fellesskapsformuen. Deltakarane sin rett til fellesformuen er berre ein nettoppart, i tråd med at selskap vert omtala som nettoppartsameige. Deltakarane skal etter selskapslova § 2-7 halde selskapet sine eigendelar "atskilt fra deltakernes øvrige eiendeler".

Når det gjeld ansvarlege selskap og tilhøvet til formuesgoda, er det på sin plass å nemne at ein kan kome inn under selskapslova sitt verkeområde utan at ein har gått formelt fram og stifta eit selskap med selskapsavtale, og til dømes erverva ein eigedom med selskapet ståande som innehavar av heimelen. Det som i utgangspunktet er eit tingsrettsleg sameige i ein større eigedom kan gjennom sameigarane si verksemd verte til eit selskap og kome inn under verkeområdet til selskapslova. Forholdet mellom selskap og sameige kan reise ei rekkje problemstillingar, og det kan tenkjast fleire rettslege konstruksjonar når det gjeld forholdet mellom det underliggjande sameiget og selskapet når det gjeld fordeling av rettar til aktiva. Ein kan sjå det slik at sameigetingen inngår i selskapsformuen, eller ein kan tenkje seg at somme av sameigarane gjennom eit fleirtalsvedtak overfører sin rett til bruk til selskapet og så vidare. I desse tilfella kan det vere krevjande å ta stilling til om uavhengige aktivitetar basert på fellesformuen er akseptert. Ein lyt sjå på stiftingsgrunnlaget for sameiget,

etterfølgjande avtalar mellom sameigarane og elles gjere seg bruk av sameigelova sine reglar om utnytting og fleirtalsvedtak i føresegnene §§ 3 og 4 for å finne ut om slik individuell utnytting kan finne stad.

Når ein skal sjå nærare på sjølve formuesgoda i interessentskapa på sokkelen, lyt ein fyrst sjå på kva fellesskapsformuen er i desse rettsfellesskapa. Det deltakarane vert tildelt saman er i utgangspunktet ein eksklusiv rett til å leite etter og utvinne petroleum innanføre eit nærare gjeve område. Utvinningsløyvet er difor den sentrale fellesformuen i lisensgruppa. Løyvet er ein føresetnad for petroleumsverksemda, men dannar òg saman med lovverket og samarbeidsavtala ramma for kva rettshavarene kan gå i gang med.<sup>37</sup>

Vidare vil interessentskapet gjerne erverve andre formuesgode i fellesskap i samband med aktivitetane innanføre ramma av løyvet. Ifølgje SA art. 6.1 har kvar part ein ”ideell andel i den formuesmasse, herunder rettigheter av enhver art, som er ervervet eller utviklet av Operatøren eller noen av Partene på vegne av interessentskapet. Dette gjelder også produsert petroleum som ikke er overtatt av noen Part.”

Arnesen slår fast at deltakarane ikkje kan rå over bruttodelen av formuesgoda i interessentskapet.<sup>38</sup> Kaasen legg og til grunn at det er tale om eit nettopartssameige når det gjeld denne delen av fellesmassen.<sup>39</sup> Deltakarane kan altså ikkje disponere over sin ideelle del i fellesmassen, berre over sin del i og følgjeleg interessentskapet.

Ein annan ting som særpregar interessentskapet når det gjeld fellesformuen er korleis inntekter vert handtert. Det førekjem som sagt ikkje noko felles sal av petroleum, men partane skal ta ut sin del av petroleumen *in natura*. Balansen mellom felles utgifter og felles inntekter vert altså ikkje gjort opp i pengar. Deltakarane får sin bruttodel av petroleum, men vert kravd for utgiftene undervegs. Ein kan altså seie at det dreier seg om eit *utgiftsfellesskap*. Det at det ikkje vert gjort noko nettofordeling av inntekter med frådrag av utgifter gjer at det er lettare

---

<sup>37</sup> Tilhøvet mellom petroleumslova, utvinningsløyvet og samarbeidsavtala som rammer for petroleumsverksemd er handsama i Kaasen (2001) .

<sup>38</sup> Arnesen (1987), s. 87.

<sup>39</sup> Kaasen (1977), s. 3-60.

å sjå føre seg verksemd på vegne av færre enn alle deltakarane i samarbeidet.

Sjølv om interessentskapet skil seg frå det frie sameiget når det gjeld tilhøvet til fellesformuen, og på nokre område liknar meir på eit nettoppartssameige (selskap), ser ein at interessentskapa på sokkelen kan vere meir veileigna til aktivitetar på eigen risiko enn dei ansvarlege selskapa. Utvinningsløyvet rår rettshavaren over som i eit bruttopartssameige. Løyvet er ikkje ein fysisk ting, og den eine si utnytting av retten utelukkar ikkje naudsynleg dei andre. Sjølve verksemda kan utførast uavhengig av resten av fellesmassen, og i alle høve er det mogeleg å konstruere avtalemekanismar som tillet bruk av denne utan at ein får vanskar med å skilje verksemdene frå kvarandre.<sup>40</sup> Til sist gjer inntektshandteringa det mogeleg å skilje den uavhengige verksemda frå fellesverksemda utan særlege vanskar. Den uavhengige verksemda har sine utgifter og tar ut i natura den petroleumen som verksemda genererer.

Dei neste grunnstrukturane kallar eg *grad av samarbeid og føremålet med fellesskapet*. Relevansen av desse ligg i graden av fellesskap kring aktivitetane i rettsfellesskapet og kvifor ein samarbeider. Spørsmålet er nærare om det er noko forskjell mellom dei ulike rettsfellesskapa når det gjeld samarbeidet og føremålet med det, som kan forklare i kva grad uavhengige aktivitetar er aktuelt.

Det frie sameiget har truleg størst indre variasjon når det gjeld grad av fellesskap kring aktivitetane. Sameiget kan oppstå på ei rekkje ulike måtar. Ein kan tenkje seg alt frå omhyggjeleg skriftleg regulering av at sameieteringen utelukkande skal nyttast til fellesaktivitetar, til eit sameige som oppstår tilfeldig utan noko ynskje eller tanke om at aktivitetar skal utførast i fellesskap. Eit sameige treng ikkje ha noko nærare gjeve føremål, det kan vere tale om eit vidt føremål eller ein kan til og med ha svært uttrykkelege reguleringar av føremålet med utnyttinga i stiftingsgrunnlaget. Poenget med eit sameige kan endåtil vere individuell utnytting av tingen til individuelle føremål, og ofte vil sameigarane ha rett til dette utan noko særskilt avtale.

Det ansvarlege selskapet førekjem i fleire former når det gjeld grad

---

<sup>40</sup> Sjå omtalen av SA art. 18.8 under punkt 4.3.2.

av samarbeid mellom deltakarane. Det er likevel jamt over ein minste grad av samarbeid rundt aktivitetane i eit selskap. I dei ansvarlege selskapa vil ein normalt ha eit gjeve føremål, spesielt der selskapet er blitt til i tråd med formkrava i selskapslova.<sup>41</sup>

Interessentskapa på sokkelen er jamt over ”tvangsekteskap”, og deltakarane treng ikkje å ha hatt eit sterkt ynskje om å samarbeide med kvarandre frå før av. Som søkjarar har dei likevel valt å setje seg i posisjonen, og ved signeringa av avtala forpliktar dei seg til eit samarbeid. Det lyt klårt nok stillast opp lojalitetsplikter mellom partane,<sup>42</sup> men det er sameineleg med desse å gå vidare med verksemd som nokre av deltakarane ikkje ynskjer på eiga hand. Dette samarbeidet har eit nærare avgrensa føremål, nemleg å leite etter og produsere petroleum. Når petroleumen vert teke ut vert likevel deltakarane i interessentskapet konkurrentar når det gjeld kommersiell utnytting av petroleumen dei tek ut.

Interessentskapa på sokkelen har i motsetning til dei fleste andre rettsfellesskap eit føremål som er større enn samarbeidet mellom deltakarane sjølv. Til tross for at partane har fått tildelt eit gode saman og lagt ned store investeringar, har dei fått tilgang til staten sine ressursar for å utvinne petroleumen. Dei private selskapa si verksemd på sokkelen er ei viktig inntektskjelde for den norske stat, utover staten sitt direkte økonomiske engasjement i verksemda. Me kan altså ikkje nøye oss med å sjå på dei individuelle utnyttingsinteressene som om det var ei vanleg investering i eit formuesgode.

Desse grunnstrukturane let seg ikkje stilla opp i grafar med påviselege lineære samanhengar mellom strukturane og i kva grad det er naturleg med aktivitetar på vegne av færre enn alle deltakarane i eit samarbeid. Me kan likevel sjå at slike aktivitetar står fram som meir eller mindre naturleg avhengig av korleis deltakarane i eit rettsfellesskap held seg til fellesskapsformuen, kva grad av samarbeid det er mellom dei og ikkje minst kva føremålet med fellesskapet er. Mangfaldet er stort i dei to andre rettsfellesskapa me har vore innom, men ein kan gjerne seie at interes-

---

<sup>41</sup> Ifølgje sel. § 2-3 andre avsnitt, bokstav c skal selskapet sitt føremål inngå i selskapsavtala. Det er likevel ikkje noko strengt krav om presis formulering av føremålet.

<sup>42</sup> Om interessekonflikter og lojalitetsplikter, sjå Nesdam (1997).

sentskapet på sokkelen plasserer seg i ei mellomstilling mellom det tingsrettslege sameiget og dei ansvarlege selskapa når det gjeld desse strukturane.

Gjennomgangen ovanfor syner at det er fleire tilhøve som særpregar interessentskapa på sokkelen. Dette gjeld særleg måten verksemda er organisert på, korleis ein tek ut inntektene, og at samarbeida har eit avgrensa område. I tillegg kjem forankringa i dei meir overordna statlege og samfunnsøkonomiske interessene om utnytting av ressursane. Samla sett er altså ikkje brotet med utgangspunktet om fellesaktivitetar, ved å opne for aktivitetar på eigen risiko, særleg dramatisk. Den aktuelle mekanismen med høve til å setje i verk aktivitet på eigen risiko er sær-eigen for denne typar avtalar, og dette kan mellom anna forklarast med tilhøva som har vorte handsama her.

## 3.4 Omsyn

### 3.4.1 Utgangspunkt

Spørsmålet vert her kva omsyn som ligg attom reglane om aktivitetar på eigen risiko i Samarbeidsavtala.

Metoden for å slutte seg til desse omsyna vert prega av at ein ikkje finn skriftlege utgreiingar om kva som er bakgrunnen for reglane, kva som er føremålet med dei og kva omsyn som er styrande for utforminga av reglane om aktivitetar på eigen risiko.

Ein kan sjølv sagt finne haldepunkt for at endringar og tillegg i avtalene har kome til med konkrete motiv, anten det er frå private selskap, staten eller bransjeforeiningar. Reglane har og vorte utvikla og gjort meir detaljerte mellom anna etter forslag frå utanlandske oljeselskap.<sup>43</sup> Reglane om aktivitetar på eigen risiko har truleg kome til på grunn av den internasjonale utbreiinga av slike klausular, og visse endringar i dei aktuelle reglane er eit resultat av at det har vore fokus på dei hjå internasjonale selskap.<sup>44</sup> Det har og vore visse endringar i føresegnene om aktivitetar

---

<sup>43</sup> Frihagen (1982), s. 17.

<sup>44</sup> Ibid., s. 17 og 68.

på eigen risiko som kan sporast attende til staten sitt ynskje om å kontrollere utbyggingstempoet på norsk sokkel, ved at utbygging på eigen risiko vart gjort avhengig av at Statoil deltok, slik som til dømes i avtalene frå 5. konsesjonsrunde.<sup>45</sup>

Sjølve ordninga med rett til aktivitetar på eigen risiko, er i alle høve ei kjelde til slutningar om kva interesser og omsyn reglane om aktivitetar på eigen risiko balanserer mot kvarandre, og kva føremål dei er meint å fremje.

Eit naturleg utgangspunkt er å sjå på dei involverte partane. Ein kan for det første finne interessemotsetningar mellom dei deltakande partane og dei ikkje-deltakande partane. For det andre kan ein sjå på Samarbeidsavtala sin funksjon som statleg styringsmiddel og påvise meir overordna interesser. I tillegg kan ein vurdere om det føreligg samanhengar mellom involverte interesser og omsyn, ved til dømes å sjå på kva verknadar reglane har på samarbeidet mellom partane, med dei konsekvensar det måtte ha for meir overordna omsyn på rettsområdenivå.

### 3.4.2 Deltakarinteressene

Me såg ovanfor at tilhøvet til selskapsformuen og føremålet med samarbeidet i interessentskapa på sokkelen inneber at ein vert tildelt eit gode saman, men at den dominerande interessa for deltakarane, er deira eiga vinning. Dei einskilte deltakarane sitt ynskje om mest mogeleg utnytting av godet dei har fått tildelt er eit viktig omsyn bak reglane om verksemd på eigen risiko. Omsynet står i eit spenningstilhøve til omsynet til deltakarane som ikkje ynskjer den aktuelle aktiviteten. Ulike omstende kan gjere at ein på tidspunktet for forslaget ikkje har høve til å delta i ein aktivitet. Ein vid tilgang til aktivitetar på eigen risiko, kan då føre med seg at dei ikkje-deltakande partane sine ynskjer om å nyttiggjere seg av godet og tidlegare investeringar, ikkje let seg oppfylle på eit seinare tidspunkt.

Spenninga mellom omsyna til dei einskilte deltakarane finn ein att i det tingsrettslege sameiget, som eg drog fram til samanlikning ovanfor.

---

<sup>45</sup> Ibid., s. 93.

På same måte som leiteaktivitetane i interessentskapa, inneber sameige-tingen ofte investeringar og risiko, og den einskilde deltakaren/samei-garen har naturleg nok eit ynskje om å nyttiggjere seg av investeringane på best mogeleg måte for seg sjølv.

Førearbeida til sameigelova, særleg merknadane knytt til reglane om grensene for bruken og høve til å gjere fleirtalsvedtak, gjev eit godt bilete av desse sentrale interessene. For å skilje sameiget frå den fullstendige eigedomsretten vert det uttalt at anna enn "omsynet til medeigarane bør ikkje leggja meir band på ein sameigar enn på ein eine-eigar."<sup>46</sup>

I framhaldet, der temaet er i kva grad eit fleirtal skal kunne treffe avgjerder mot eit mindretal si vilje, vert omsynet til styring og utnytting, også kalla omsynet til full og forsvarleg utnytting, drege fram. Det er berre dette omsynet som skal kunne grunnge eit fleirtalsvedtak mot mindretalet si vilje.<sup>47</sup> Denne balanseringa av deltakarinteressene mot kvarandre, samstundes som ein i eit meir overordna perspektiv dreg inn utnyttingsinteresser, har ei kontaktflate mot ressursforvaltning og samfunnsøkonomiske omsyn. Sjølv i eit utelukkande privat rettshøve mellom to sameigarar freistar ein å leggje opp til ein regel som sikrar ei mest mogeleg fornuftig ressursutnytting.

Petroleumsverksemda inneber jamt over mykje større investeringar enn i sameiga me kjenner frå land. Berre det å gjennomføre det obliga-toriske arbeidsprogrammet er tidkrevjande og svært kostbart, i tillegg kan det ta lang tid før inntektene av verksemda kjem. Med så stor risiko veg utnyttingsinteressa svært tungt.

Ein kan òg sjå på reglane om aktivitetar på eigen risiko som ei balan-sering av mindretals- og fleirtalsinteresser. Mindretalet er gjennom røystereglane, som vert handsama i punkt 4.2.1, utsett for fleirtalsstyret når det gjeld kva prosjekt som skal utførast på vegne av fellesskapet. I utbyggingsavgjerdene har ein derimot ikkje eit slikt fleirtalstyre, då ingen kan verte tvinga med i ei utbygging.

Reglane om aktivitetar på eigen risiko inneber ikkje noko vern av mindretalet mot fleirtalet sine avgjerder om aktivitet, men dei gjev

---

<sup>46</sup> Rådsegn 4 s. 17.

<sup>47</sup> Ibid., s. 17-18.



mindretalet (eller eit fleirtal som ikkje når terskelen der kravet er samrøysta avgjerd) eit vern mot dei andre partane sin passivitet. Ifølgje Kaasen, er reglane utforma i kryssinga mellom omsynet til at eit mindretal ikkje skal påtvingast ein passivitet, som ut frå overordna samfunnsøkonomiske omsyn kan vere uheldig, samstundes som ein vil ”skape et sterkt incitament for passive parter til å bli med på aktiviteter som noen av deltagerne ønsker å utføre.”<sup>48</sup>

### **3.4.3 Overordna interesser og føremålet med aktivitetar på eigen risiko**

Kaasen sin kommentar knyter mindretalsinteressene opp mot meir overordna samfunnsøkonomiske interesser. Dette vil omfatte ei rekkje omsyn som heng saman med utnytting av petroleumsressursane, og petroleumsverksemda sitt *aktivitetsnivå*. Sjølv om det er eit politisk spørsmål og eit breitt vitskapleg spørsmål kva aktivitetsnivå og utvinningsgrad ein skal ha på norsk sokkel, kan ein leggje til grunn at ein innanføre rammene av eit tildelt utvinningsløyve har meint å utvinne petroleum frå det geografiske området det er tale om.

Petroleumslova har ikkje ei eiga føremålsføresegn, men i petroleumslova §§ 1-2 og 4-1 finn ein nokre haldepunkt for kva føremål lova er meint å fremje. Fyrstnemnde inneheld ei erklæring om at ressursane skal verte forvalta langsiktig, slik at det kjem heile det norske samfunnet til gode. I petroleumslova § 4-1 vert det sagt at utvinning av petroleum skal gå føre seg på ”en slik måte at mest mulig av den petroleum som finnes i hver enkelt petroleumforekomst, eller i flere petroleumforekomster sammen, blir produsert.” For tilfella der det er gjeve eit uvinningssløyve er det altså meininga at ein skal utvinne mest mogeleg petroleum frå konsesjonsområdet.

Me kan knyte reglane om verksemd på eigen risiko opp mot dette omsynet til fremjing av aktivitet og utnytting av ressursar. Det heilt enkle utgangspunktet er at reglane opnar for aktivitet i tilfella der røysteregane aleine hadde stengt for det. Dette gjeld både ytterlegare utforsking

---

<sup>48</sup> Kaasen (2010), s. 162.

innanføre lisensområdet, og utbygging av kjente ressursar. Ein lyt nok likevel vere var for at reglar som opnar for prioritering av eigeninteresser hjå deltakarane, med tilhøyrande påskjønningar for å gå i gang med risiko på eiga hand, kan verke negativt inn på innsatsen for fellesskapet. Dette kan i sin tur få negativ verknad på dei overordna måla om forsvarleg utvinning av petroleum.

Samla sett kan ein seie at reglane om verksemd på eigen risiko byggjer på ei balansering av deltakarane sine interesser, der dei deltakarane som ynskjer aktivitet i tråd med meir overordna samfunnsinteresser vert prioritert føre deltakarane som ynskjer passivitet.

Eit av føremålet med reglane kan vere å drive fram aktivitet på vegne av fellesskapet. Dette er ei viktig side av reglane, og for å setje scena kan me sjå til Moroney, som skriv at: "I have often heard it said that the object of a good sole risk clause is that no one should ever go sole risk."<sup>49</sup> Med dette i mente skal me no vurdere reglane om verksemd på eigen risiko sin verknad på samarbeidet i lisensgruppa og rettshavarane sine val.

### **3.5 Påverknad på samarbeidet i lisensgruppa og rettshavarane sine val**

I innleiinga lanserte eg ein hypotese om at reglane om at verksemd på eigen risiko spelar ei viktig rolle sjølv om dei ikkje vert nytta direkte. Det at eit prosjekt eller ei utbygging ikkje vert gjennomført på eigen risiko, treng ikkje tyde det same som at reglane som tillèt det ikkje spelar noko rolle. Sjølv om dette kapitlet i ein disposisjonsmessig samanheng står fram som eit lite apropos, er det mogeleg at det gjeld reglane om verksemd på eigen risiko sin viktigaste funksjon.

Spørsmålet vert om eksistensen av reglane om verksemd på eigen risiko kan vere handlingsnormerande for rettshavarane.

Eg freistar ikkje å gje eit empirisk gyldig svar på dette, då eg ikkje har tilstrekkeleg med data til å påvise eintydige samanhengar. Metoden for å svare på spørsmålet vert difor å samanlikne variablane som avgjerdstakarane vert stilt overfor, med og utan reglane om aktivitetar på eigen

---

<sup>49</sup> Moroney (1986), s. 165.

risiko, og sjå om det er relevante forskjellar som kan gje ein indikasjon på kva rolle reglane spelar. Me ser altså på kva forskjell reglane er *eigna til* å gjere.

Det er forskjell på eit samarbeid der nokre av deltakarane kan gå i gang med verksemd på eiga hand, og eit samarbeid der ein er fullstendig avhengig av fleirtalsvedtak eller samrøystes vedtak for å starte ein aktivitet. Deltakaren som skal ta stilling til om han skal tiltre utbyggingsplanen eller stemme for eit prosjekt i styringskomiteen, vert stilt overfor ei rekkje faktorar som spelar inn når han skal ta ei avgjerd. Han lyt vege vågnadane opp mot kostnadane, og vurdere kommersielle, strategiske og tekniske faktorar.

Desse utgangspunkta vert ikkje endra av at færre enn alle partane i interessentskapet kan gå i gang med dei aktuelle aktivitetane på eigen risiko. Dei mogelege utfalla av ikkje å delta vert likevel supplert med situasjonen der eit mindretal går i gang med eit prosjektet eller ei utbygging på eigen risiko. Deltakarane i ei utbygging på eigen risiko får rett på produksjonen, og deltakarane i eit prosjekt får rett på auke i produsert petroleum som følgje av prosjektet. Om ein vel å ikkje delta, får ein ikkje høve til å tre inn i utbygginga, og om ein vil tre inn i eit prosjekt lyt ein betale 1000% av kostnadane ein ikkje var viljug til å ta på seg, om ein ynskjer å tre inn.<sup>50</sup>

Det å stå utanføre inneber at ein ikkje tek noko risiko, men det reduserer òg mogelegheita for vinst. I utgangspunktet har ein ikkje noko krav på noko av vinsten om ein ikkje deltek, med mindre ein trer inn i prosjektet. Det å tre inn reduserer likevel oppsida i prosjektet, ved at ein lyt betale 1000% av sin del av kostnadane. Samla sett bidreg truleg desse tilhøva til at selskapa oftare stemmer for aktivitet, enn om det var tale om eit absolutt fleirtalskrav for at ein aktivitet skulle kunne gjennomførast.

Reglane om aktivitet på eigen risiko kan og få noko å seie for vala til deltakarane som følgje av at dei vert nytta som direkte pressmiddel. Eit selskap treng ikkje ha brennande ynskje om å ta fatt på eit prosjekt eller

<sup>50</sup> Kaasen (1978), s. ”3 - 19” omtaler premien på 1000% som hovudårsaka til at aktivitetar på eigen risiko er sjeldne. Nærare om reglane om høve til å tre inn, sjå punkt 4.4.

ei utbygging på eiga hand, men kan likevel ymte frampå om at det kjem eit forslag om å gjennomføre aktiviteten på eigen risiko om dei andre ikkje vil delta. På grunn av dei same faktorane som ved spørsmålet om indirekte påverknad, vil tanken på situasjonen der ein står utanføre prosjektet vere eigna til å overtude skeptikarane til å delta i aktiviteten likevel. Opplysningar eg har fått frå bransjen tyder på at det førekjem langt fleire forslag om eigenrisikotiltak enn dei som faktisk vert gjennomført.

### **3.6 Alternativ til bruk av reglane om eigenrisikotiltak og nokre frampeik**

Reglane om aktivitetar på eigen risiko er eigna til å verke handlingsnormerande på deltakarane, ved at prosjekt kjem i gang på heile interessentskapet sine vegne fordi deltakarane ikkje vågar å stå utanføre. Denne verknaden kan vere med å forklare kvifor tiltak på eigen risiko førekjem sjeldan.

Ein kan og tenkje seg tilfelle der einskilde deltakarar sin manglande vilje til å delta i eit prosjekt eller ei utbygging fører til andre løysingar enn at prosjektet vert utført som ein aktivitet på eigen risiko. Som eit supplement til drøftinga ovanfor, skal me sjå nærare på om det er andre tilhøve eller regelsett som gjer at reglane om aktivitetar på eigen risiko sjeldan vert brukt.

I tilfelle der det kan vere aktuelt å gjennomføre ein aktivitet på eigen risiko, vil ein i praksis ha handlingsalternativ som løyser situasjonen på andre måtar. Det er særleg deltakarane sitt høve til å overdra deltakardelen sin i utvinningsløyvet som merkjar seg ut her. Dersom eit selskap oppfattar at det i nær framtid kjem forslag om eit kostbart leiteboringsprosjekt frå ein av dei andre partane, eller at det i samband med utarbeiding av utbyggingsplan vert klårt at ei føreståande utbygging av ein førekomst vil verte for kostbar, kan vidare eigarskap i utvinningsløyvet vere av liten verdi om ein ikkje maktar å ta del i prosjektet eller utbygginga. Ei naturleg tilnærming til dette kan vere at rettshavaren forsøker

å selje utvinningsløyvet sitt.<sup>51</sup> Det er sjølvsagt forskjell på heilt marginale prosjekt innanføre utvinningsløyve der det òg vert utført andre aktivitetar, og der det aktuelle prosjektet eller utbyggingsforslaget er hovudsatsinga innanføre løyvet.

Høve til å overdra utvinningsløyvet er regulert i Samarbeidsavtala artikkel 23, og gjeld både heile og delar av deltakardelen.

Tilsiget av nye typar aktørar på sokkelen har ført med seg at ein no har selskap som fokuserer på leiting, for å så selje seg ut når det vert gjort funn, medan andre selskap tek på seg utbygging og drift. Andrehandsmarknaden for utvinningsløyve bidreg til at ressursar som vert funne av selskap utan finansiell styrke eller teknisk kompetanse til store utbyggingar, likevel vert bygde ut. Denne dynamikken sikrar òg at det vert leiteaktivitet i område som andre selskap ikkje prioriterer.<sup>52</sup> Ei følgje av dette kan vere at ein ikkje får så mange fastlåste situasjonar mellom selskap som utløyser trongen for å gjennomføre verksemd på eigen risiko, ved at selskapa får høve til å utnytte ressursane sine til aktivitet dei maktar å gjennomføre og ynskjer å bruke ressursar på.

Konsesjonssystemet kan òg vere med å forklare kvifor ein ikkje ser så mange døme på bruk av Samarbeidsavtala sine reglar om verksemd på eigen risiko. Som eg peikar på i punkt 4.1.3 er *prosjekt på eigen risiko* i stor grad avhengig av at arbeidsprogrammet som er fastsett i utvinningsløyvet er gjennomført. I samanheng med utvinningsløyve i modne område, i såkalla rundar for tildeling i førehandsdefinerte område ("TFO"), er det vanleg med vilkår om "drill or drop", som inneber at ein vert pålagt å gjere nærare undersøkingar for så å avgjere om ein vil bore eller levere attende utvinningsløyvet. Ein finn og tilsvarande ordning for innlevering av utbyggingsplan for ein førekomst. Dette gjer naturleg nok at eigenrisikotiltak får ei meir avgrensa rolle, ved at deltakarar som ikkje ynskjer å gå vidare med boring eller utbygging vert tvungne til å gje opp løyvet.

Me har no sett på ein del tilhøve som kan forklare kvifor tiltak på eigen risiko førekjem sjeldan. Det er likevel ikkje gjeve at dei motviljuge

<sup>51</sup> Slik òg Frihagen (1982), s. 17.

<sup>52</sup> Sjå Meld. St. 28 (2010-2011) s. 92 om endringar i samansetninga av selskap på norsk sokkel og andrehandsmarknaden for utvinningsløyve.

partane vert overtydd om å delta, eller at dei overdreg utvinningsløyvet sitt. I desse situasjonane tek rettshavarane eit val om å stå utanføre ut ifrå ei brei vurdering. I fortsetjinga skal me sjå på korleis utviklinga i samansetninga av selskapa på sokkelen kan vere eigna til å påverke desse vala. Meininga er å undersøkje om reglane om verksemd på eigen risiko kan kome til å spele ei større rolle i tida framover.

Metoden for å seie noko om tilhøvet mellom samansetjinga av selskap på sokkelen og aktivitetar på eigen risiko, vert å identifisere variablar som kan vere relevante for om deltakarane i samarbeidet ikkje kjem til semje om å gjennomføre eit prosjekt eller ei utbygging saman.

Dei mest relevante skilnadane mellom selskapa når det kjem til spørsmålet om eigenrisikoaktivitetar er truleg økonomisk styrke, storleik, lisensportefølje, strategi og petroleumstekniske syn. Desse stikkorda glir naturleg nok over i kvarandre og står i eit gjensidig påverknadshøve.

Samansetninga av selskap på sokkelen gjekk som sagt gjennom ei stor forandring frå år 2000. Før dette var verksemda på sokkelen dominert av selskap som Statoil, Norsk Hydro og dei store internasjonale oljeselskapa.<sup>53</sup> Seinare har ein opna for andre selskap, og det går fram av petroleumsmeldinga frå 2010/2011 at aktørbiletet i dag er godt balansert, "og består av selskaper som fokuserer på nye, store og mer økonomisk risikofylte prosjekter og selskaper som har fokus på mindre prosjekter med lavere økonomisk risiko".<sup>54</sup> Ifølgje Åm-utvalet er det typisk dei store selskapa som prioriterer prosjekt med høg risiko og stor oppside, typisk leiting i umodne område og utbygging av felt som krev betydelig kapital. Dei mindre selskapa prioriterer prosjekt med lågare risiko.<sup>55</sup>

Når små selskap møter store aktørar, kan det oppstå forskjellig syn på og prioritering av ulike prospekt. Eit lite felt kan vere marginalt for eit stort selskap med ein stor lisensportefølje, sjølv om det openbert kan setjast i produksjon. Den vetle oppsida betyr gjerne ikkje noko for det store selskapet, og hastar ikkje. Det kan altså variere i kva grad eit selskap har økonomi til å la eit prospekt liggje på vent. Somme selskap kan ha

---

<sup>53</sup> Ibid., s. 26.

<sup>54</sup> Ibid., s. 11.

<sup>55</sup> Økt utvinning på norsk kontinentalsokkel, s. 34.

tru på ny eller alternativ teknologi og fremje forslag som ikkje overtlyder partnerane. Andre kan ha ein offensiv leitestrategi, medan andre satsar på trygge prospekt.

Det sentrale er altså at samansetninga av selskap går i ei retning som inneber at ein òg vil få større grad av mangfald, og følgjeleg meir å verte usamde om. Mangfaldet kan likevel ha motsett effekt, ved at ny kunnskap og nye synsmåtar kan gjere at ein kjem til løysingar som overtlyder fellesskapet. I tillegg såg me ovanfor at ulike lisensstrategiar kan føre til ei rasjonell arbeidsdeling mellom selskapa, og at andrehandsmarknaden for utvinningsløyve kan gjere at selskapa får utnytta ressursane sine forskjellige stader i staden for å vere passive tilskodarar utanføre prosjekt og utbyggingar dei ikkje ynskjer eller kan handtere.

Spådomen min er likevel at reglane om tiltak på eigen risiko kan få ei større rolle i framtida, særleg i møte med omstende som nedgang i oljepris og liknande.

Den viktigaste funksjonen til reglane om aktivitetar på eigen risiko ser likevel ut til å vere det å skape aktivitet, i tillegg til å vere ein tryggingssventil der ein ikkje får løyst fastlåste situasjonar på andre måtar. Om reglane skal ha denne funksjonen er det viktig at rettshavarane kan vurdere kva det inneber å gå i gang med ein aktivitet på eigen risiko, og at reglane gjev ei god regulering av gjennomføringa om det kjem på tale å setje i verk tiltak på eigen risiko. I fortsetjinga skal me difor sjå nærare på Samarbeidsavtala si regulering av høvesvis prosjekt og utbygging på eigen risiko.

## **4 Prosjekt på eigen risiko**

### **4.1 Kva aktivitetar kan utførast på eigen risiko?**

#### **4.1.1 Utgangspunkt**

Styringskomiteen skal ta stilling til ei rekkje spørsmål om kva aktivitetar ein skal gå i gang med, men det er likevel ikkje slik at ei kvar avgjerd som

ikkje når terskelen for å vere eit fellesprosjekt kan takast opp att og gjen-nomførast av færre enn alle deltakarane i samarbeidet. Den overordna problemstillinga i dette kapitlet er kva for aktivitetar som kan utførast på eigen risiko.

I definisjonen av aktivitetar på eigen risiko såg me at det er tale om aktivitetar innanføre ramma av Samarbeidsavtala. Dette inneber at ramma for kva typar verksemd som kan utførast på vegne av færre enn alle partane i interessentskapet, lyt vurderast innanføre verkeområdet til Samarbeidsavtala, som heng uløseleg saman med utvinningsløyvet. Føresegnene er naturleg nok ikkje ei avgrensing utover verkeområdet til Samarbeidsavtala.

Samarbeidsavtala inneheld både føresegnar som seier noko om kva aktivitet som kan gjennomførast på eigen risiko og føresegnar om kva aktivitetar som ikkje kan gjennomførast. Eg handsamar desse kvar for seg, men svaret på spørsmålet om kva aktivitetar som er tillatne er naturleg nok eit resultat av føresegnene sett under eitt. Som framstillinga syner, kan føresegnene òg påverke tolkinga av kvarandre.

#### **4.1.2 Typar verksemd som kan gjennomførast som prosjekt på eigen risiko**

##### **4.1.2.1 Oversyn**

Samarbeidsavtala artikkel 18.2 regulerer kva type verksemd som kan utførast på eigen risiko. Lista over aktivitetar i SA artikkel 18.2 er utforma kasuistisk, og det dreier seg hovudsakeleg om leiteaktivitetar og boring, eller evalueringar som kan gje grunnlag for å ta stilling til om ein kan og eventuelt korleis ein kan utnytte ressursane i grunnen kommersielt.

Ifølgje *bokstav a* kan ein utføre geologiske, geofysiske og stratigrafiske undersøkingar og testar på eigen risiko. Dette er ein vid kategori av aktivitetar som har som føremål å kartlegge formasjonane i grunnen. Slike aktivitetar kan gje ein god peikepinn på om det er interessante strukturar eller førekomstar under havbotnen.

I andre situasjonar føreligg det allereie resultat frå fellesaktivitetar, til dømes seismiske undersøkingar, som tyder på at det er ein førekomst



på ein nærare avgrensa stad. I desse tilfella kan somme av rettshavarane ynskje å bore for å undersøkje dette nærare med til dømes ein undersøkjingsbrønn, utan at framlegget oppnår fleirtal i styringskomiteen. *Bokstav b* opnar for boring av undersøkjingsbrønner på eigen risiko, og omfattar sjølvstendige boreprosjekt, men òg situasjonar der ein tek opp att boringa av ein undersøkjingsbrønn som er stansa. Ein har i tillegg høve til å gjennomføre boring for å fastslå reservar i samband med samordning.

*Bokstav c* gjeld aktivitetar knytt til undersøkjingsbrønner som er under boring. Boringa som går føre seg frå før av vil typisk vere fellesaktivitetar, men kan i prinsippet vere eit parallelt eigenrisikoprojekt. Sjølv om ein borar ein brønn, er det ikkje sjølvstendige at denne gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om ein har funne ein førekomst som kan setjast i produksjon og vere lønsam. Boreprosjekt vert definert på førehand, og kan til dømes vere avgrensa til ei viss djupne. Andre rettshavarar kan ha andre oppfatningar om korleis brønnbanen skal vere, anten det er i det horisontale eller det vertikale planet. Ifølgje bokstav c kan ein gjennomføre djupare boring, avviksboring (såkalla sidesteg) og testing av soner. Om ein vil gå i gang med slike aktivitetar i brønnen, lyt ein føreslå dette for dei andre deltakarane, og om framlegget ikkje får tilstrekkeleg fleirtal, lyt det gjennomførast på eigen risiko i tråd med regelen i bokstav c.

*Bokstav d* gjeld vidareevaluering av førekomstar som det har vore utarbeidd utbyggingsplan for, utan at planen vart vedteke. Desse prosjekta gjeld altså førekomstar som ein allereie har funne og utarbeidd planar for utnytting av, utan at interessentskapet har vedteke å gå vidare med dei. Slike prosjekt kan variera i art og kostnad, alt etter kva som er bakgrunnen for at ein evaluerer førekomsten vidare.

Ut frå lista over aktivitetar som kan utførast på eigen risiko som heilskap, kan me merkje oss at aktivitetane som det er høve til å gjennomføre på eigen risiko i hovudsak er aktivitetar som er eigna til å auke leiteaktivitet, og følgjeleg mogelegheit for produksjon på sokkelen. Dette kan sameinast med føremåla bak reglane om eigenrisikotiltak, mellom anna omsynet til å sikre deltakarinteressene og meir overordna interesser om mest mogeleg utvinning av petroleum.

#### 4.1.2.2 Avgrensingsboring

Ein type aktivitet som kan vere vanskeleg å subsumere under dei ulike kategoriane, er boring av *avgrensingsbrønner*, som ifølgje ressursforskrifta § 2 er "letebrønn som bores for å bestemme utstrekning og størrelse av en petroleumforekomst som allerede er påvist av en undersøkelsesbrønn."<sup>56</sup> Då Samarbeidsavtala ikkje inneheld klassifikasjonar av ulike typar brønner, er det naturleg å byggje på ressursforskrifta, som er uttrykk for korleis Oljedirektoratet ("OD") klassifiserer slike, jf. ressursforskrifta § 10.

Det er klart nok at avgrensingsboring fell inn under SA art. 18.2 bokstav b si formulering om boring for å slå fast reservar i samband med samordning. Dette er likevel ein avgrensa situasjon, og i fortsetjinga ser me på om ein har høve til avgrensingsboring utover samordningstilfella.

Omgrepet undersøkingsbrønn, som er nytta i bokstav b, er òg definert i ressursforskrifta § 2, som ein leitebrønn som "bores for å undersøke om det finnes petroleum i en mulig forekomst". Dette er noko anna enn ein avgrensingsbrønn. Det er etter dette naturleg å tolke omgrepet "undersøkingsbrønn" slik at det berre omfattar boring for å påvise petroleum, og følgjeleg avgrensar mot boring for å avgjere storleik og utstrekning.

På ei anna side kan det sjå ut til at SA art. 18.3 bokstav a byggjer på ein føresetnad om at avgrensingsboring på eigen risiko kan gjennomførast. Føresegna seier at det ikkje er høve til avgrensingsboring av førekomstar som er utbygd eller vedteke utbygd. Antitesen av dette er at ein kan avgrensingsbore førekomstar som ikkje er bygd ut eller vedteke bygd ut. Dette treng likevel ikkje tyde at ein lyt forankre høve til avgrensingsboring i SA art. 18.2 bokstav b, eller for den saks skuld at det er høve til dette utover samordningstilfella eg nemner ovanfor.

Ifølgje bokstav d kan ein vidareevaluere førekomstar på eigen risiko. Det å slå fast utstrekning og storleik av ein førekomst kan subsumerast under omgrepet vidareevaluering utan å leggje ordlyden for mykje på

---

<sup>56</sup> Forskrift 749/2001 Forskrift for ressursforvaltning i petroleumsvirksomheten (*ressursforskriften*).

strekk. Bokstav d er likevel avgrensa til tilfella der den aktuelle førekomsten ”omfattes av utbyggingsplan som ikke er vedtatt etter artikkel 15.1”<sup>57</sup>

Dette kan tyde på at ein berre har høve til avgrensingsboring på eigen risiko etter at det er klårt at fellesskapen ikkje vedtek å sende inn utbyggingsplanen. Ein slik regel gjev god meining i tilfella der interessentskapet er undervegs med å gå vidare med førekomsten. At ein i slike situasjonar skal kunne tvinge gjennom eit avgrensingsboringsprosjekt på eigen risiko og stenge dei ikkje-deltakande partane ute frå ei eventuell utbygging, med mindre dei betalar 1000% av kostnadane for avgrensingsboring, kan ikkje vere meininga. Her lyt omsynet til fellesskapet sine interesser i førekomsten vege tyngre enn einskilde deltakarar si interesse i aktivitet på eigen risiko.

Om det er tale om ein førekomst som det er tydeleg at fellesskapet ikkje ynskjer å bruke meir ressursar på, treng ikkje avgrensinga i bokstav d sin ordlyd vere ein god regel. Omsynet til fellesskapet sine interesser i førekomsten gjer seg ikkje gjeldande om dei ikkje ynskjer å nyttiggjere seg av ressursen. Dette er likevel ein type ressursar som det ut frå meir overordna interesser kan vere ynskjeleg at ein utviklar. Deltakarar som ynskjer og er viljuge til å satse på dette, bør ha moglegheita til det. I desse tilfella kan ein seie at deltakarinteressene og overordna samfunnsøkonomiske omsyn trekk i retning av å tillate verksemd på eigen risiko. For å drive fram slik aktivitet er eigenrisikoreglane veileigna, ved at dei kan gje eit incentiv til dei som vurderer å ta på seg risikoen.

Spørsmålet vert då på kva tidspunkt ein bør opne for til dømes avgrensingsboring av funn. Det er mogleg at avgrensingane i SA art. 18.3 bokstav a mot førekomstlar som er vedteke bygd ut, og 18.3 bokstav b mot prosjekt som kjem i konflikt med planar hadde vore ei veileigna avgrensing. Alternativet er at ein kunne lagt skjeringspunktet i SA art. 18.2 bokstav d til avgjerda om vidareføring (BOV) i SA art. 15.1, som jo føresegna i bokstav d faktisk syner til. I eit slikt perspektiv er feil-

---

<sup>57</sup> Tilvisinga til 15.1 i Samarbeidsavtala som er tilgjengeleg på internett verkar å vere ei feilskrift, då art. 15.1 gjeld BOV og ikkje PUD. Den korrekte tilvisinga er artikkel 16.2. Eg har sett dome på at Samarbeidsavtalar som er underteikna som vilkår for utvinningsløyve er korrigerde på dette punktet.

skrifta ei god regulering av desse spørsmåla.

Etter SA art. 15.4 har einskilde partar rett til å utarbeide utbyggingsplan på eiga hand, for å kunne føreslå denne for styringskomiteen, der ein ikkje har treft avgjerd om vidareføring (BOV). Eit naturleg supplement til dette hadde vore at eit mindretal kunne gjere ytterlegare evalueringar og boreoperasjonar på eigen risiko, for å avgjere om førekomsten er eigna for ei utbygging.

Samla sett gjev SA art. 18.2, sett i samanheng med SA art. 18.3 a til b, grunnlag for å seie at ein har høve til avgrensingsboring på eigen risiko der det vert gjort for å slå fast reservar i samband med samordning, og der det dreier seg om ein førekomst som er omfatta av ein utbyggingsplan som ikkje er vedteken i styringskomiteen. Mykje kan tale for at ein òg opnar for dette allereie når det vert klårt at styringskomiteen ikkje vedtek ein BOV. Ordlyden yt motstand her, ved at den nyttar omgrepet "omfattes av en utbyggingsplan". Det finst ikkje nokon utbyggingsplan før etter at ein har vedteke ein BOV, eventuelt etter at deltakarane har utarbeida ein etter regelen i 15.4. Det er altså vanskeleg å gje eit sikkert svar. Dette er i alle høve eit punkt som bør avklarast ved eit framtidig endringsarbeid.

#### **4.1.2.3 Ei uttømmende regulering?**

Før me ser på Samarbeidsavtala sine uttrykkelege avgrensingar i tilgangen til aktivitet på eigen risiko, skal me vurdere kva avgrensingar som ligg i SA art. 18.2. Spørsmålet er med andre ord om SA art 18.2 er ei uttømmende regulering av kva aktivitetar som kan utførast på eigen risiko.

Det er fleire tilhøve med artikkel 18.2 og Samarbeidsavtala i seg sjølv som tilseier at føresegna er uttømmende. I tillegg er sjølve artikkelen kasuistisk i si utforming ved at han ramsar opp dei aktuelle aktivitetane, utan å bruke ord som tilseier at det er berre er tale om døme på kva verksemd som kan utførast på eigen risiko. I tillegg til dette pretenderer sjølve avtala å vere uttømmende, og hovudregelen og utgangspunktet er at aktivitetane skal utførast på vegne av fellesskapet. Dette inneber at det er unntaket som treng grunngjeving, og i mangel på ei uttrykkeleg regulering trekk dette i retning av at SA art. 18.12 skal tolkast uttømmende.

Spørsmålet er kommentert i nokre artiklar. Ellenes hevdar at lista over aktivitetar er uttømmande, utan noko nærare grunngjeving.<sup>58</sup> Ifølgje Arnesen derimot, som omtalar den tilsvarende artikkelen i avtalene frå 11. runde, lyt òg ”virksomhet som har en naturlig tilknytning til den angitte omfattes”.<sup>59</sup> Bakgrunnen for sitatet er at Arnesen meiner at ei for streng forståing av artikkelen vil føre med seg at ein ikkje kan evaluere informasjonen som ein får som følgje av aktivitetane som er nemnd i bokstav a til c i den aktuelle artikkelen. Eg tolkar Arnesen slik at han tenkjer på evaluering av informasjon som eit prosjekt på eigen risiko har gjeve. I desse tilfella har deltakarane sjølv sagt høve til å evaluere informasjon som prosjekta gjev. Det er jo deltakarane som skal treffe avgjerd i den særlege styringskomiteen for prosjektet om ein skal gjennomføre ytterlegare boring eller gå vidare med ei utbygging. Kostnadane fram til dette inngår i berekninga av premien for å tre inn.<sup>60</sup>

Om Arnesen derimot tenkjer på situasjonane ein får informasjon som følgje av fellesaktivitetar av typen som blir regulert i bokstav a til c gir informasjon, og spørsmålet er om ein kan vidareevaluere informasjonen på eigen risiko, vil det nok vere mogeleg å subsumere dette inn under ein av kategoriane i 18.2, utan at ein legg ordlyden for mykje på strekk. I alle høve har partane tilgang på informasjonen og kan nytte denne som bakgrunn for å føreslå ytterlegare aktivitetar, utan at dette naudsynleg treng å vere eit eige eigenrisikoprojekt etter SA art. 18.2.

Konklusjonen er at SA art. 18.2 er uttømmande når det gjeld kva aktivitetar som kan utførast på eigen risiko.

### **4.1.3 Avgrensingar i tilgangen til å utføre aktivitet på eigen risiko**

Sjølv om SA art. 18.2 er ei uttømmande regulering av kva aktivitetar som kan utførast på eigen risiko, er det usikkert kva avgrensingar som faktisk ligg i ordlyden. Nokre av formuleringane er vide, og det kan verte vanskeleg å ta stilling til kor grensa går. Tilgangen til å gå i gang med

<sup>58</sup> Bragdø-Ellenes (2001), s. 25.

<sup>59</sup> Arnesen (1987), s. 64.

<sup>60</sup> Sjå punkt 4.4.3.

verksemd på eigenrisiko vert likevel avgrensa i av føresegnene i SA art. 18.3.

Ifølgje SA art. 18.3 bokstav a kan det ikkje gjennomførast verksemd på eigen risiko på eller i samband med avgrensingsboring av ein førekomst som er bygd ut eller er omfatta av ein utbyggingsplan som er vedteken. Det er altså tale om ein situasjon der interessentskapet har gått vidare med, eller vedteke å gå vidare med ein førekomst.

Trongen for prosjekt på eigen risiko, som i utgangspunktet er typiske leiteaktivitetar, er naturleg nok mindre enn før deltakarane i interessentskapet har blitt samde om å gå vidare med ein utbyggingsplan. Føresegna inneheld likevel eit unntak for fastslåing av reservar i samband med samordning. I desse tilfella kan det vere nyttig med eit rom for eigenrisikotiltak, til dømes om nokon deltakarar ynskjer å kartlegge førekomsten ytterlegare i samband med fastsetjing av fordelingsnøkkelen mellom rettshavargruppene i tida fram mot inngåing av unitiseringsavtalen.<sup>61</sup>

Etter at ein førekomst er bygd ut og sett i produksjon, kan det kome på tale å setje i verk tiltak for å auke produksjonen på feltet. Dette er kjent som prosjekt om "økt utvinning". Denne type tiltak vil gå føre seg på ein førekomst som er bygd ut, og kan følgjeleg ikkje gjennomførast som eit prosjekt på eigen risiko, jf. SA art. 18.3 bokstav a. Det er likevel eit interessant spørsmål om slike prosjekt bør kunne setjast i verk på eigen risiko.

Det vart i 2010 utarbeidd ein rapport med tittelen "Økt utvinning på norsk kontinentalsokkel" av Åm-utvalet. Eit av fleire hinder for tiltak for økt utvinning var ifølgje utvalet røystereglane.<sup>62</sup> Dette vart føljt opp av regjeringa i petroleumsmeldinga frå 2010/11, der det vart sagt at regjeringa i framtida ville leggje meir vekt på fleirtal i form av partsinteresse ved fastsetjing av røystereglane.<sup>63</sup> Reglane om aktivitet på eigen risiko er eit viktig unntak frå røystereglane, og dette er årsaka til at eg tek opp denne type prosjekt som knyter seg til førekomstar som allereie er utbygd. Det er ikkje mogeleg å forankre prosjekt om auka utvinning i Samar-

---

<sup>61</sup> For meir om samordning og aktivitetar på eigen risiko, sjå punkt 5.6.

<sup>62</sup> Økt utvinning på norsk kontinentalsokkel, s. 21.

<sup>63</sup> Meld. St. 28 (2010-2011) s. 57.

beidsavtala sine reglar om prosjekt på eigen risiko, men dette er eit spørsmål som kan kome på tale i tida framover. Somme av dei ynskjelege verknadane av at ein har høve til eigenrisikoaktivitetar kan ha ein positiv innverknad på førekomsten av prosjekt om økt utvinning, og bør vurderast ved eit seinare revisjonsarbeid. Eg lyt likevel legge til at ein viktig faktor for oppnå slike verknadar er incentivmekanismen, som kan verte vanskeleg å regulere ved prosjekt om auka utvinning.<sup>64</sup>

Det følgjer av SA art. 18.3 bokstav b at ein ikkje kan gjennomføre prosjekt på eigen risiko om prosjektet *kan* setje ned produksjonen frå ein førekomst som er eller er vedtatt bygd ut. Formuleringa ”kan”, og at det er tale om ein førekomst som berre er vedteken bygd ut, syner at det vert ei vurdering av framtidige tilhøve.

Etter ei naturleg språkleg forståing av formuleringa ”kan”, er det ikkje noko krav om at det lyt forast prov for at produksjonen faktisk vert nedsett. Det lyt vere tilstrekkeleg at det er mogeleg at produksjonen vert nedsett. Eg er likevel samd med Arnesen i at det lyt vere eit krav om meir enn berre ein ”fjern mulighet”.<sup>65</sup>

Føresegna i SA art. 18.3 bokstav c stengjer for verksemd på eigen risiko, der denne kan kome heilt eller delvis i konflikt med planar eller arbeidsprogram som er vedteke av interessentskapet før prosjektet på eigen risiko vert sett i gang. Ordlyden knyter seg til tidspunktet prosjektet vert sett i gang, og ikkje tidspunktet det vert vedteke. Ein kan, i alle fall i teorien, tenkje seg at styringskomiteen kan treffe vedtak om planar eller arbeidsprogram som ikkje let seg foreine med prosjektet på eigen risiko, slik at eigenrisikoprojektet lyt vike.

Avgrensingane i SA art. 18.3 bokstav a til c er tydelege utslag av at fellesverksemda har prioritet føre aktivitetar på eigen risiko. Det same gjeld bokstav d, som eg handsamar nedanfor, men denne føresegna har òg ei side til staten sine interesser.

Utvinningssløyva på norsk sokkel inneheld omfattande obligatoriske arbeidsprogram. Desse består hovudsakeleg av leiteaktivitetar av den

---

<sup>64</sup> Generelt om problemet med reguleringa av incentivmekanismen i Samarbeidsavtala, sjå punkt 4.5.

<sup>65</sup> Arnesen (1987), s. 65.

typen som vert stilt opp i SA art 18.2, til dømes boring av eit visst tal undersøkingsbrønner. Alle deltakarane i samarbeidet lyt delta i desse aktivitetane, og det er ikkje nokon moglegheit til å tre ut av desse aktivitetane og halde fram som rettshavar.

Ifølgje SA art. 18.2. bokstav d kan det ikkje utførast verksemd på eigen risiko før den obligatoriske arbeidsplikta er utført, med unntak for aktivitetane med heimel i SA artikkel 18.2 bokstav c, som gjeld tiltak i samband med ein brønn under boring. Unntaket som gjeld aktivitetar i tilknytning til ein eksisterande brønn, kan vere eit rasjonelt supplement til aktivitetane som er omfatta av den obligatoriske arbeidsplikta. Utover dette kan det i alle høve vere forståeleg at ein til dømes ikkje har høve til å frita seg frå arbeidsplikta, eller gjennomføre denne på eigen risiko, slik at nokon i realiteten slepp unna.

I tidlegare avtalar, til dømes i 3. konsesjonsrunde, var regelen om tilhøvet til den obligatoriske arbeidsplikta annleis. Ifølgje 3.runde-avtalen artikkel X.9 kunne ikkje verksemd på eigen risiko finne stad om den aktuelle "virksomheten er inkludert i arbeidsprogrammet spesifisert i utvinningstillatelsen" [mi understreking]. Dette er ein interessant skilnad frå reguleringa i avtala som vert nytta no. Medan ein i 3. runde kunne tenkje seg verksemd på eigen risiko ved sida av arbeidsplikta, lyt plikta no vere fullført.<sup>66</sup> Truleg er endringa bygd på eit ynskje om at deltakarane prioriterer arbeidsplikta.

Forbod mot å gjennomføre aktivitetar på eigen risiko som er omfatta av arbeidsplikta, aktivitet på eigen risiko i det heile før arbeidsplikta er utført, er vanleg i samarbeidsavtalar rundt om i verda. I AIPN artikkel 7.1.B finn ein til dømes ein regel om at aktivitetar som er naudsynte for å oppfylle den obligatoriske arbeidsplikta berre kan utførast på vegne av fellesskapet. Dette er den same reguleringa som i avtala frå 3. runde. I AIPN art. 7.1.B andre avsnitt, som er ein valfri artikkel,<sup>67</sup> finn ein derimot tilsvarande regel som i Samarbeidsavtala, med tilsvarande unntak for

---

<sup>66</sup> Dagens formulering om at arbeidsplikta lyt vere fullført finn ein allereie i avtala frå 4. konsesjonsrunde.

<sup>67</sup> AIPN-standarden inneheld ei rekkje "optional provisions" som partnerane kan velje mellom for å tilpasse avtala.



djupare boring, avviksboring og andre aktivitetar som går føre seg i tilknytning til ein brønn under boring. Utover denne type aktivitetar i samband med brønner som inngår i den obligatoriske arbeidsplikta, kan ein ifølgje den valfrie artikkelen i AIPN ikkje gjennomføre aktivitetar på eigen risiko før den obligatoriske plikta er utført.

Det er altså ikkje særleg kontroversielt med eit forbod mot eigenrisikoaktivitetar før arbeidsplikta er utført. Spørsmålet er likevel om det er gode grunnar til å krevje at arbeidsplikta lyt vere utført før ein kan gjennomføre verksemd på eigen risiko.

Regelen frå 3. konsesjonsrunde er truleg betre eigna til å sikre eit høgt aktivitetsnivå, ved at ein opnar for meir aktivitet enn det som følgjer av arbeidsplikta. På ei anna side er det ikkje gjeve at akselerasjon av leiteaktivitetane som følgje av parallell verksemd på eigen risiko bidreg til ei forsvarleg utvinning av petroleum over tid. Eg ymta frampå om at årsaka til endringa kunne vere eit ynskje om at deltakarane prioriterer den obligatoriske arbeidsplikta. Det kan sjølv sagt tenkjast at ei opning for eigenrisiko-aktivitetar utover arbeidsplikta kan redusere somme av deltakarane sitt fokus på fellesarbeidet. Det er òg mogeleg ein kan svekkje effektane av eit mangfaldig samarbeid som gjer det mogeleg med investeringar og utvikling av teknologi. Utover å peike på mogelege utfordringar, er det er sjølv sagt umogeleg å seie noko allment om dette.

Ein kan og tenkje seg at partane som ikkje har økonomisk styrke til å delta i aktivitetar utover den obligatoriske arbeidsplikta vert "snytt" for andre interessante prospekt innanføre området for utvinningsløyvet. Her kjem spenninga mellom omsyna til dei ulike deltakarane sine interesser inn. Slike situasjonar kan nok òg få negativ verknad på samarbeidet i gruppa.

I andre høve kan at dei andre deltakarane gjere det klårt at ikkje har trua på eit prospekt, og at dei ikkje kjem til å ville delta i prosjektet på eit seinare tidspunkt. I slike tilfelle kan det vere at dei same partane til og med ynskjer å levere attende desse delane av området etter at arbeidsplikta er oppfylt. Ei mogeleg løysing kan då vere at ein opnar for prosjekt på eigen risiko parallelt med arbeidsplikta, med krav om samtykke frå dei andre deltakarane og godkjenning frå departementet. Ei slik ordning

kan nok likevel gjennomførast ved at partane blir samde om å sende inn søknad om godkjenning av endring av avtalen til departementet i tråd med regelen i AP art. 7.

Samla sett er det ikkje etter mitt syn sterke grunnar som tilseier at ein endrar denne føresegna. Med dei omfattande arbeidspliktene som vert pålagt rettshavarane i den fyrste fasen, er det ei forsvarleg balansering av deltakarinteressene og ei god trygging av at arbeidsplikta vert utført på best mogeleg måte, at eigenrisikoaktivitetar fyrst kan gjennomførast etter at den obligatoriske arbeidsplikta er utført.

For heilskapen si skuld er det verdt å merkje seg at motvilje til å oppfylle arbeidsplikta kan føre med seg at einskilde av deltakarane lyt gje opp utvinningsløyvet sitt<sup>68</sup>, slik at ein i realiteten har eit mindretal som går vidare med visse aktivitetar. Dette er ikkje aktivitetar på eigen risiko i SA artikkel 18 og 19 sin forstand, og vert ikkje påverka av regelen i 18.3 bokstav d.

Framstillinga til no har vist at Samarbeidsavtala i stor grad opnar for aktivitet på eigen risiko når det gjeld kva type aktivitet ein kan gå i gang med. Me skal no utdjupe i kva situasjonar det kjem på tale med tiltak på eigen risiko, ved å handsame korleis prosessen fram mot prosjekt på eigen risiko er regulert

## **4.2 Prosessen fram mot prosjekt på eigen risiko**

### **4.2.1 Innleiing**

Aktivitetane i interessentskapet vert i hovudsak fastsett i arbeidsprogram, både ut frå vedtak av styringskomiteen og basert på obligatoriske arbeidsprogram fasettsett av staten. Utover desse programma vil ein kunne fremje forslag om einskilde aktivitetar som styringskomiteen lyt ta stilling til. Røystereglane vert då avgjerande for om det vert noko av aktiviteten i regi av fellesskapet.

I konsesjonsverket finn ein eit sett med artiklar som er omtala som

---

<sup>68</sup> Ei slik regulering knytt til ulike milepælar, populært kalla "drill or drop", er nærast standard i TFO-rundane. Desse kan etter ei konkret vurdering førekomme i utvinningsløyva frå ordinære konsesjonsrundar.

”spesielle bestemmelser”. Desse er ein del av standardmalen AP, som rettshavarane signerer, og som og inneheld Samarbeidsavtala og Rekneskapsavtala som høvesvis vedlegg A og B.

AP art. 3 regulerer fastsetjing av røystereglane for dei einskilde interesentskapa. Røystereglane er av grunnleggjande tyding for partane når det gjeld kva påverknad dei har på aktivitetane i lisensgruppa.<sup>69</sup> Normalordninga er etter AP artikkel 3.2 at røystereglane er bygd opp av to delar, der det fyrst er tale om tal på røyster, og deretter eit krav om støtte frå ei viss deltakarinteresse. Formuleringa som er nytta i avtala er at vedtak ligg føre ”når minst y av Medlemmene som til sammen representerer minst x % av Deltakerandelene har stemt for et forslag”.

Utgangspunktet er altså at eit fleirtal kan binde eit mindretal til å vere med på ulike typar aktivitetar. For somme saker er det derimot gjeve særlege røystereglar, til dømes ved spørsmål om å levere attende deler av konsesjonsområdet eller oppgjeving av utvinningsløyvet, jf. AP artikkel 3.4.

Det er aktivitetar som ikkje har fått oppslutnaden som krevst etter røystereglane som kan utførast på eigen risiko. Dette følgjer av SA artikkel 18.1 og inneber at aktivitetar på eigen risiko har ein *subsidiær karakter*. Ein part har altså ikkje noko vilkårslaus rett til å utføre aktivitetar innanføre rammene av utvinningsløyvet aleine berre fordi han ynskjer alle inntektene sjølv.

Me føreset no at eit framlegg om eit prosjekt, som etter reguleringa i SA art. 18.2 og 18.3 kan gjennomførast på eigen risiko, ikkje vert vedteke i styringskomiteen.

#### **4.2.2 Prosedyre, fristar og oppstart av prosjekt på eigen risiko**

Spørsmålet vert vidare korleis Samarbeidsavtala regulerer prosessen fram mot oppstart av eit prosjekt på eigen risiko.

Når eit føreslått prosjekt ikkje vert vedteke som eit fellesprosjekt, lyt parten eller partane som likevel ynskjer å gjennomføre prosjektet føreslå

<sup>69</sup> For ei grunding handsaming av stemmereglane og deira tyding for deltakarane si påverknad i petroleumsverksemda, sjå Ekeberg (2012).

dette som eit prosjekt på eigen risiko.<sup>70</sup> Forslaget om å gjennomføre prosjektet på eigen risiko, skal ifølgje SA art. 18.4 vere skriftleg og sendast til alle partane saman med detaljerte skildringar av arbeidet som skal utførast og tilhøyrande budsjettoverslag.

Deltakarane får ein frist på 60 dagar til å gje melding om dei ynskjer å delta i prosjektet, eller 48 timar om det er tale om eit prosjekt i tilknytning til ein brønn under boring, i medhald av SA. art 18.2 bokstav c.<sup>71</sup> Sistnemnde har ein kortare frist fordi det dreier seg om aktivitetar som går føre seg i tilknytning til ein eksisterande brønn under boring, slik at det normalt hastar meir å få vedteke prosjektet.

Som me har vore innom og kjem attende til, er det ikkje ein gunstig situasjon for partane som ikkje deltek at eit mindretal går i gang med eit vellukka prosjekt på eigen risiko. Det er difor, og av andre grunnar, mogeleg at dei som stemte imot det opphavlege framlegget om å gå i gang med aktivitet ombestemmer seg når prosjektet vert føreslått som eit prosjekt på eigen risiko, og det vert klårt at aktiviteten skal gjennomførast uansett. Det kan då hende at prosjektet får støtte av eit tal med partar med deltakardelar som til saman tilfredsstillar krav til vedtak i styringskomiteen. I slike tilfelle skal prosjektet reknast som vedteke på vegne av interessentskapet og gjennomførast som eit fellesprosjekt.<sup>72</sup>

Om berre eit mindretal støttar prosjektet, skal det ifølgje SA art. 18.5 (2) gjennomførast på dei deltakande partar si rekning og risiko. I prosjektet deltek partane "i forhold til Deltakerandelen" med mindre dei vert samde om noko anna.<sup>73</sup> Utgangspunktet er då at ein lyt auke deltakardelen til partane som deltek i prosjektet relativt i høve til interessa dei har i utvinningsløyvet. Om to selskap med høvesvis 20% og 30% i utvinningsløyvet går i gang med eit prosjekt på eigen risiko, vert fordelinga i prosjektet 40% og 60% om ikkje noko anna vert avtalt.

Det er fyrst når fristen på 60 dagar eller 48 timar er gått ut at det vert klårt om det er tale om eit prosjekt på eigen risiko eller eit fellesprosjekt.

---

<sup>70</sup> SA art. 18.1 og 18.4.

<sup>71</sup> SA art. 18.4, andre avsnitt.

<sup>72</sup> SA art. 18.5.

<sup>73</sup> SA art. 18.6.

Me såg at føremålet med 48-timarsfristen er at slike aktivitetar kan vere tidskritiske og at det difor er naudsynt med ein kortare frist. Det er ikkje utenkjeleg at ein kan kome i ein situasjon der andre aktivitetar enn dei som fell inn under regelen i SA 18.4, jf. 18.2 c er tidskritiske. Det kan vere gode grunnar for å starte opp eit prosjekt før utløpet av fristen på 60 dagar, til dømes tilgang på innretningar.

Spørsmålet vert om partane som har føreslått prosjektet kan setje i gang før fristen går ut, og kva konsekvensar det eventuelt får om dei gjer det.

Føresegna i SA 18.4 er utforma som ein fristregel for om partane har rett til å delta. Kor mange som melder si deltaking i prosjektet vert ikkje avgjerande for om prosjektet vert noko av. Dette kan trekkje i retning av at ein ikkje kan tolke SA art. 18.4 som eit forbod mot å setje i gang prosjektet før utløpet av 60-dagarsfristen.

Det er likevel knytt rettsverknadar til utløpet av fristen. Det er først ved utløpet av fristen det vert endeleg klårlagt om prosjektet skal gjenomførast på eigen risiko eller på vegne av fellesskapet. Som me kjem attende til nedanfor, skal det i prosjekt på eigen risiko fastsetjast deltakardelar i prosjektet, noko som vert avgjerande for fordeling av utgifter og uttak av petroleum. Vidare skal det utnemnast ein operatør for prosjektet på eigen risiko. Om operatøren i interessentskapet ikkje har føreslått prosjektet, eller meldt i frå om han deltek, kan det vere uklårt kven som skal vere operatør og følgjeleg gjennomføre prosjektet. Oppstart av prosjektet før fristen går ut er mest praktisk der det er operatøren som føreslår prosjektet på eigen risiko, eller i det minste melder si deltaking på eit tidleg tidspunkt.

Desse rettsverknadane gjer det i alle høve ikkje umogeleg å starte opp eit prosjekt på eigen risiko før det er endeleg avklart kven som deltek. Det vil vere klårt nok kva prosjektet går ut på, og prosjekt vert gjenomført av operatøren. Desse tilhøva støtter opp om at prosjektet kan gjennomførast før utløpet av fristen på 60 dagar.

At eit prosjekt vert sett i gang før utløpet av fristen for å delta inneber at partane som ikkje har teke ei avgjerd får informasjon om korleis prosjektet utartar seg. Dei kan såleis gjere ei vurdering av om det er eit

lovande prosjekt å gå vidare med. Dei skal sjølvsgatt ikkje betale nokon premie på 1000% når dei har nytta sin fulle rett til å ta stilling til spørsmålet først innan to månader. Om partane ikkje melder frå om at dei vil delta i prosjektet, må dei likevel ha høve til å tre inn i tråd med reglane i Samarbeidsavtala om dei finn ut at dei ynskjer å delta i prosjektet på eit seinare tidspunkt.

I motsett fall kan det ta lang tid før prosjektet vert sett i gang. Om prosjektet ikkje er sett i gang innan 12 månader etter utløpet av fristen for deltaking, mistar dei deltakande partane retten til å utføre prosjektet, jf. SA art. 18.14.

## **4.3 Styring og utføring av prosjekt på eigen risiko**

### **4.3.1 Organisasjon og dagleg leiing**

Eit leiteboringsprosjekt kan vere komplisert teknisk og krevjande økonomisk, og kan såleis samanliknast med ei større industribedrift. Trass i at operatøren tek seg av den daglege leiinga og stiller organisasjonen sin til disposisjon, har rettshavarane ei sentral rolle når det gjeld styringa av prosjektet. Slik er det òg når leiteboringsprosjektet vert utført på eigen risiko. Det er difor ikkje overraskande at det vert naudsynt med eit tilsvarende rammeverk som for fellesoperasjonane. Ifølgje Samarbeidsavtala artikkel 18.10 skal prosjektet "ledes av en egen styringskomite hvor bare de deltakende Parter er representert.", og artikkel 18.13 inneheld ein regel om at dei andre artiklane i Samarbeidsavtala skal "gjelde tilsvarende for virksomhet på egen risiko" om ikkje anna er "uttrykkelig sagt i denne artikkel".

Ei naturleg følge av at prosjektet på eigen risiko skal ha ein eigen styringskomité og at samarbeidsavtala gjeld tilsvarende for prosjektet, er at det utgjer eit eige samarbeid blant deltakarane. Deltakarane skal involverast i sentrale spørsmål, verksemda skal styrast gjennom planverk og med økonomiske styringsmiddel og så vidare.

Det følgjer av Samarbeidsavtala artikkel 18.7 at prosjektet på eigen risiko skal utførast av operatøren. Det er likevel ikkje gjeve at operatøren

deltek i verksemda på eigen risiko. For desse tilfella opnar same artikkel for at “en av deltakerne godkjennes som operatør for prosjektet”. Ifølge Arnesen er utgangspunktet likevel at operatøren skal vere operatør for eigenrisikoprojektet, sjølv om han ikkje deltek.<sup>74</sup> Operatøren er peikt ut av departementet, og det krevst ikkje noko ytterlegare godkjenning for at han skal ta på seg gjennomføringa av eigenrisikoprojektet. Slik sett kan Arnesen sitt syn stemme godt. Det lyt i alle høve vere opp til partane om dei ynskjer å føreslå ein annan deltakar som operatør, og be om departementet si godkjenning.

### **4.3.2 Deling av informasjon og eigedom under utføringa av prosjektet**

Sjølv om prosjektet på eigen risiko utgjer eit eige samarbeid, heng det saman med det opphavlege interessentskapet. Dei to samarbeida lyt fungere ved sida av kvarandre innanføre lisensområdet.

Under utføringa av prosjektet vil dei deltakande partane kunne få verdfull informasjon om høve til å utvinne petroleum på eit gjeve område. Denne informasjonen er sentral for om dei ynskjer å gå vidare med eit boreprosjekt, eller om det kjem på tale med ei utbygging.

Dei deltakande partane eig ifølgje SA art. 18.10 prosjektet ”inklusive data og opplysningar” i sin heilskap. Det er vanskeleg å sjå kva verknadar dette har utover vanleg eigarskap til slike opplysningar. Samarbeidsavtala inneheld likevel føresegner om sal og bytte av til dømes seismiske data og borerresultat. I slike tilfelle er det krav om godkjenning i styringskomiteen, jf. SA art. 26.2. Om ein skal overdra data som ein har fått eigarskap til gjennom utføringa av prosjektet på eigen risiko, lyt dette avgjerast i den særlege styringskomiteen for prosjektet.

Sjølv om dei deltakande partane har eigarskap til prosjektet og informasjonen, tyder ikkje dette at dei ikkje-deltakande partane ikkje skal informerast om utviklinga i prosjektet. Under utføringa av prosjektet har dei deltakande partane plikt til å halde dei ikkje-deltakande partane ”informert om prosjektet”.<sup>75</sup> Det er vanleg med ei slik differensiering

---

<sup>74</sup> Arnesen (1987), s. 68

<sup>75</sup> SA art. 18.11.

mellom eigarskap til informasjon og plikt til å informere dei ikkje-deltakande partane i andre avtalar.<sup>76</sup>

Kravet om å halde partane som ikkje deltek informert, og kravet om informasjon ved tilbod om å tre inn, gjev dei andre partane eit grunnlag for å ta ei informert avgjerd om dei ynskjer å tre inn i prosjektet på eit seinare tidspunkt.

Om det går føre seg aktivitetar på vegne av fellesskapet parallelt med prosjektet på eigen risiko, kan ein oppnå store praktiske og økonomiske fordelar med å utnytte utstyr og infrastruktur til gjennomføringa av eigenrisikoprojektet. Det følgjer av SA artikkel 18.8 at:

"De deltakende Parter har på rimelige vilkår fastsatt av styringskomiteen, rett til å bruke interessentskapets eiendom og utstyr for å utføre prosjektet forutsatt at dette ikke i urimelig grad forstyrrer den felles virksomhet."

Artikkelen balanserer interessene mellom partane som deltek og interessentskapet som heilskap. Deltakarane i eigenrisikoprojektet skal få nytte eigedom og utstyr på rimelege vilkår, men dette er under føresetnad om at det ikkje går negativt utover fellesverksemda. Ei naturleg språkleg forståing av "urimelig grad forstyrrer" inneber at fellesskapet lyt tole ei viss forstyrring som følgje av prosjektet på eigen risiko. Kva som er ei urimeleg forstyrring lyt avgjerast etter ei konkret vurdering. Artikkelen er i alle høve endå eit døme på at fellesverksemda har prioritet føre eigenrisikoaktivitetar.

Omgrepa "eigedom" og "utstyr" er vide, og omfattar etter ei rein språkleg tolking heile fellesmassen i interessentskapet. Dette kan etter teksten omfatte data og informasjon som er eigd av interessentskapet. Det er likevel svært vanskeleg å førestille seg ei ordning der dei deltakande partane, som eig ein ideell del i slik data og informasjon, skal måtte svare eit vederlag for bruken. I tillegg til at det vil vere nært umogeleg å handheve ein slik regel, vil det og vere svært utfordrande å fastsetje vederlaget. Taylor mfl. kommenterer den tilsvarande føresegna i ein britisk JOA slik:

---

<sup>76</sup> Sjå til dømes art. 14.2.7 i JOA inntatt i Taylor mfl. (1992), s. 205.



Data and information which is owned jointly with the non-sole risk parties is also available for use by the sole risk group, and being dealt with in a separate provision (clause 14.2.7) it is clear that no extra charge is to be made by the group for the use of the data by the sole risk parties.<sup>77</sup>

Sjølv om ein ikkje har noko direkte regulering av dette i Samarbeidsavtala, lyt løysinga vere at dei deltakande partane fritt kan nytte informasjon og data som er eigd av interessentskapet.

## **4.4 Høve til å tre inn i prosjektet**

### **4.4.1 Bakgrunn**

Deltakarane som går i gang med eit prosjekt på eigen risiko eksponerer seg for større risiko enn om prosjektet vart gjennomført på vegne av heile interessentskapet. Ei av føremonene med å gje utvinningsløyva til ei gruppe selskap organisert som interessentskap er nettopp spreiding av risiko. Det er naturleg at det ligg ei forventning om potensielle fordelar til grunn for valet om å gå i gang med eit prosjekt utan denne trygginga. Det er ikkje sjølvsgatt at partane som har vald å stå utanføre prosjektet skal ha høve til å tre inn på eit seinare tidspunkt. I tidlegare avtalar har det vore ulike måtar å regulere løysinga på dette spørsmålet.

I kva grad det er høve til å tre inn i eit prosjekt på eigen risiko får mykje å seie både for deltakarane i prosjektet og dei som står utanføre. For deltakarane i prosjektet vil mogelegheita for vinst verte redusert ved at nokon trer inn. Det kan likevel vere ein fordel for partane som deltek at dei ikkje-deltakande partane får tre inn i prosjektet. Dette reduserer kostnadar og risiko i tida framover.

Dei som står utanføre risikerer å verte tilskodarar til at partane som føreslo prosjektet får store inntekter innanføre området for utvinningsløyvet. Utvinningsløyvet er ein særrett til utvinning av petroleum, og klart nok eit viktig formuesgode for alle rettshavarane. Deltakarane som står utanføre ynskjer naturleg nok ikkje at eit mindretal skal kunne verte

---

<sup>77</sup> Ibid., s. 62.

sitjande med alle ressursane. Innsatsen i eigenrisikoaktiviteten treng ikkje vere veldig omfattande, sett opp mot verdien av å ha ein eksklusiv rett til eit funn. For ein rettshavar med liten del i utvinningsløyvet kunne det vore ein enorm vinst om han ved eit lukketreff fann petroleum som følgje av eit lite leiteprosjekt og seinare hadde den eksklusive retten til funnet. Regelen om å tre inn mot å dekkje 1000% av sin del i prosjektet sine kostnadar er ei balansering av desse interessene.

Av meir overordna interesser er regelen, som sagt ovanfor, med på å gje ei påskjønning til dei som tek risiko, og ei tilsvarende straff til etternølarane. Dette er ein måte gje deltakarane eit incentiv til å setje i gang aktivitet, samstundes som ein motverkar passivitet.

I fortsetjinga skal me sjå på kva rettar partane som har valt å stå utanføre har til å tre inn att i prosjektet, kva tid et er mogeleg å tre inn, kva som er vilkåra for dette og kva det inneber.

#### **4.4.2 Tidspunktet for å tre inn**

Spørsmålet er fyrst kva tid dei ikkje-deltakande partane har rett til å tre inn i prosjektet.

Samarbeidsavtala artikkel 18.12 gjev dei ikkje-deltakande partane rett til å tre inn i tilfella der prosjektet på eigen risiko "fører til at det oppdages strukturer som de deltakende Parter ønsker å bore eller Forekomst(er) som de ønsker å utbygge".

Ordlyden i føresegna syner at det er høvesvis eit ynskje om å bore i ein struktur eller byggje ut ein førekomst som utløyser retten til å tre inn. Formuleringa "oppdages" kan reise nokre særlege problem når det gjeld enkelte av aktivitetstypene i SA art. 18.2. Desse spørsmåla vert handsama for seg i kapittelet om Samarbeidsavtala sine mekanismar for fordeling av rettar som følgje av prosjektet på eigen risiko, sjå punkt 4.5.

Eg vil fyrst sjå på kva tidspunkt dei ikkje-deltakande partane har rett til å tre inn. Spørsmålet er viktig, på grunn av at kravet om betaling av 1000% av prosjektet sine kostnadar for å tre inn aukar per dag. Dess tidlegare ein trer inn, dess mindre lyt ein naturleg nok betale.

SA art. 18.12 regulerer kva tid tilbodet om å tre inn skal sendast til dei ikkje-deltakande partane. Realiteten i dette er at det dei ikkje-delta-

kande partane ikkje har noko rett til å tre inn før dei får tilbod om dette, slik at det er opp til partane i eigenrisikoprojektet å sende dette tilbodet innan fristen som følgjer av SA art. 18.12.

Det å bore i ein struktur er eit tiltak som det skal stemmast over i styringskomiteen i eigenrisikoprojektet, men fristen for å sende tilbodet om å delta i projektet til dei ikkje-deltakande partane er ikkje satt til vedtakstidspunktet. Vindauga for å tre inn er regulert av ordlyden ”ønsker å bore” som startpunkt, og deltakarane i projektet sin frist for å sende tilbod i ”god tid før boringen utføres” i SA 18.12. Ordlyden god tid i denne samanhengen lyt nok variere etter omstenda, slik at dei ikkje-deltakande partane får tid på seg til å gjere eit informert val om dei ynskjer å tre inn. Noko krav om å kome inn i projektet før styringskomiteen sitt vedtak om å bore, kan ikkje forankrast i ordlyden.

Avgjerda om å byggje ut er som me skal sjå seinare i framstillinga eit resultat av ei rekkje avgjerder. Tilbodet om å tre inn skal likevel sendast seinast samstundes med forslaget om å utarbeide utbyggingsplan etter artikkel 15. Partane som trer inn får altså høve til å vere med på prosedyren som leier fram til vedtak om innsending av utbyggingsplan saman med søknad om godkjenning. I prinsippet kan altså parten som trer inn vere med å stemme i mot innsending av utbyggingsplan, men det er nærast utenkjeleg at eit selskap som har betalt 1000% av kostnadane for å delta vil gjere dette. Det treng ikkje vere tilfelle at partane trer inn så tideleg i prosessen. Siste frist for å tre inn er ifølgje SA art. 18.2 andre avsnitt ”senest ved tiltredelse av utbyggingsplan etter artikkel 16 eller 19”.

#### **4.4.3 Vilkår for å tre inn**

Oppgåva vert her å greie ut om kva vilkår dei ikkje-deltakande partane lyt oppfylle for å tre inn i eigenrisikoprojektet.

Om dei ikkje-deltakande partane ynskjer å tre inn i projektet, lyt dei ifølgje SA art. 18.12 betale ”1000% av sin forholdsmessige del av projektets kostnader”. Det er i den internasjonale litteraturen om emnet vanleg å omtale desse reglane med krav om å dekkje ein større del av

kostnadane som "premium".<sup>78</sup> I denne teksten nyttar eg omgrepet "premie" om plikta til å betale 1000% av prosjektet sine kostnader.

Føremålet med ein slik regel er som sagt å gje ei påskønning til partane som tek risikoen med å gjennomføre prosjektet, samstundes som plikta til å betale premien vert ei slags straff for etternølarane. Reglane hadde ikkje vore særleg aktivitetsdrivande om deltakarane kunne velje å stå utanføre risikable prosjekt og fyrst tre inn når det syner seg at prosjektet var vellukka, utan å betale noko som helst. Incentivet til å ta på seg risikoen med eit prosjekt hadde heller ikkje vore stort om dei ikkje-deltakande partane kunne vere gratispassasjerar på ein slik måte.

Artikkel 18.12 utdjupar ikkje korleis desse kostnadane skal fastsetjast utover at det er tale om ein forholdsmessig del knytt til den som trer inn, og at dette skal fastsetjast av prosjektet sine kostnader.

Interessentskapet og utvinningsløyvet er delt i prosentvise ideelle delar som er avgjerande for fordeling av utgifter og rett på uttak av petroleum. I eit prosjekt på eigen risiko deltek ikkje alle partane i interessentskapet, og som me såg ovanfor lyt det fastsetjast nye deltakardelar.

Når ein eller fleire av partane som stod utanfor skal tre inn, lyt deltakardelane fordelast på nytt. Desse vert avgjerande for framtidig ansvar for utgifter og rett til uttak av petroleum. Denne deltakardelen blir i tillegg avgjerande for korleis premien på 1000% skal fastsetjast, i og med at føresegna nyttar omgrepet "forholdsmessig" del.

Spørsmålet er ikkje problematisk der deltakarane er samde. Dei fastset då deltakardelane slik dei ynskjer. Samarbeidsavtala gjev likevel ikkje tydelege føringar for den øvre og nedre grensa for kva deltakardel ein kan eller lyt tre inn med.

Om ein sluttar "frå det meir til det mindre", lyt parten som trer inn ha høve til å velje ei lågare deltakarinteresse enn om ein hadde fastsett interessa ut frå utvinningsløyvet. Resultatet av dette er at premien som går til dei opphavlege deltakarane vert redusert, men det same gjeld den mogelege vinsten for dei som trer inn.

Den øvre grensa er omtalt av Arnesen, som vil tru at ein "i mangel av avtale kan ikke en etternøler få større del i prosjektet på egen risiko

---

<sup>78</sup> Roberts (2012), s. 72.

enn den andel han har i utvinningstillatelsen”.<sup>79</sup> Eg er samd med Arnesen i at den øvre grensa lyt fastsetjast i tråd med deltakardelen i utvinningsløyvet, men det er likevel mogeleg å problematisere dette ytterlegare. Føresetnadsvis vil ein eller fleire av deltakarane få auka sin deltakardel i eigenrisikoprojektet samanlikna med utvinningsløyvet, då ikkje alle deltek. Om etternølarer skal tre inn kan ein spørje om han har høve til å oppnå den same relative aukinga som dei opphavlege deltakarane fekk etter utgangspunktet eg omtalte ovanfor, eller om han lyt halde seg til prosentsatsen slik den var i utvinningsløyvet. Situasjonen der dette kjem på spissen utan at partane klarar å kome til semje er nok ikkje særleg praktisk, mykje på grunn av samanhengen med 1000%-regelen som inneber at premien aukar i tråd med deltakardelen.

Dette er nok ein av artikkane i avtala som med fordel kunne ha vore gjort meir presis. Fastsetjing av kor stor deltakardel den som skal tre inn i projektet skal ha, er likevel veileigna for tingingar mellom partane. Ei endring bør difor ikkje gjere regelen mindre fleksibel.

Formuleringa ”projektets kostnader” lyt òg avgrensast nærare. Etter ordlyden ligg det eit krav om ei klår kopling til projektet. Utgangspunktet må vere dei faktiske kostnadane til projektet. Som me såg ovanfor skal framlegget om å gjennomføre ein aktivitet på eigen risiko innehalde eit budsjettoverslag og nærare skildringar av projektet. Det kan likevel ikkje vere slik at dette skal leggje noko band på kva kostnadar som skal inngå i kalkuleringa av premien.

Framlegget om projekt på eigen risiko lyt likevel markere ei grense bakover i tid, slik at utgifter før tilbodet vert sendt ut, og som ikkje er teke med i budsjettet, ikkje skal takast med i berekninga av premien. Skjeringsstidspunktet framover i tid vert tidspunktet parten aksepterer tilbodet om å tre inn. Etter dette lyt han jamstillast med dei opphavlege deltakarane og dekkje kostnadar etter deltakardelen i projektet.

1000%-regelen inneber ei påskjøning til partane som har våga å gå i gang med ein aktivitet. På ei anna side fungerer regelen som eit incentiv for deltakarane til å vere med på aktivitet, ved at den gjer det mindre lukrativt å stå utanfor. Denne funksjonen er svært sentral og finst som

---

<sup>79</sup> Arnesen (1987), s. 71.

regel i ei eller anna form i dei fleste JOA-variantar.<sup>80</sup> Ein kan sjølvsagt diskutere kva som er ein føremålstenleg storleik på premien og om storleiken bør variere etter kva type aktivitet det er tale om. I avtalene frå 4. runde var premien sett til 500% for å tre inn ved boring av strukturar, medan premien var 2000% for å tre inn ved utbygging av førekomstar. Det sentrale er uansett at ein lyt balansere premiestorleiken mellom ein premie som gjer at det er umogeleg å tre inn, slik at det i realiteten ikkje er høve til å tre inn, og ein premie som er så låg at det er verdt å stå utanføre aktiviteten og heller kjøpe seg inn i vellukka prosjekt. Ein premie på 1000% ser ikkje ut til å merkje seg ut i den eine eller andre retninga.

#### 4.4.4 Følgjene av at nokon trer inn

Om nokon trer inn i prosjektet, lyt dei jamstillast med dei opphavlege deltakarane. Dei har difor rett til å vere med å ta avgjerder i styringskomiteen, og får sjølvsagt rett til å ta ut sin forholdsmessige del av produsert petroleum som følgje av prosjektet. Dei opphavlege deltakarane har ikkje særrettar til auke i produsert petroleum samanlikna med partane som trer inn. Lønna deira er utelukkande premien på 1000% i denne samanhengen.

Om alle partane som ikkje deltok trer inn i prosjektet, kjem ein i ein situasjon der ein har to samarbeid innanføre det same utvinningsløyvet der alle rettshavarane deltek i begge.

Spørsmålet vert då om det er høve til å oppløyse prosjektet på eigen risiko, slik at styringskomiteen og verksemda elles i fellesoperasjonane og eigenrisikoverksemda vert slått saman, dersom alle trer inn. I så fall vert spørsmålet i fortsetjinga kven som kan ta ei slik avgjerd og på kva vilkår det kan gjerast.

Spørsmålet er ikkje uttrykkeleg regulert i Samarbeidsavtala. Spørsmålet vert difor om avtala indirekte stengjer eller opnar for ei slik reorganisering av samarbeidet eller om ein kan påvise andre rettsgrunnlag

---

<sup>80</sup> Sjå Waite (1986), for ei omfattande drøfting av ulike modellar for regulering av premie for å tre inn i eigenrisikoaktivitetar.

for ei slik samanslåing. I AMPLA sin JOA frå 9.12.2011 er situasjonen regulert i artikkel 13.7, som inneheld følgjande formulering:

If all the Non-Sole Risk Participants acquire a Buy-Back Participating Interest, so that the Participants then hold the same Percentage Share of Participating Interest in the Sole Risk Joint Venture as in the Joint Venture, the parties may agree to terminate the Sole Risk Joint Venture as an independent agreement and merge it into this Joint Venture agreement.<sup>81</sup>

AMPLA sin JOA opnar altså for at partane ved semje kan slå saman fellesaktivitetane og eigenrisiko-aktivitetane når resten av rettshavar-gruppa trer inn og samansetninga av deltakarar og deltakarinteresser er den same i begge gruppene.

Om partane er samde om å slå saman verksemda i ein slik situasjon, kan ikkje avtala vere til hinder for det. Det vil nok kunne oppstå ein del praktiske spørsmål om samordning av rekneskap, kontraktar og liknande som partane lyt verte samde om korleis ein skal ordne. Eg utelukkar heller ikkje at samtykke frå departementet kan verte naudsynt i somme tilfelle.

Det er ikkje særleg praktisk at deltakarane ynskjer å ha to separate interessentskap ved sida av kvarandre om alle rettshavarane deltek i begge. I tilfella der det er ulike deltakarinteresser i dei to interessentskapa kan ein truleg kome til ei ordning ved å overdra deltakardelar mellom einannan.

## **4.5 Rettar som følgje av prosjekt på eigen risiko**

### **4.5.1 Utgangspunkt**

Det ligg i dagen at partane som set i gang verksemd på eigen risiko ynskjer å ha noko igjen for det. Sjølv om eit leiteboringsprosjekt vert gjennomført på eigen risiko, er målet framleis å produsere petroleum for å utnytte ressursane kommersielt. Ein viktig føresetnad for at reglane om aktivitetar på eigen risiko skal drive fram aktivitet, er at det ikkje lønar seg å røyste

---

<sup>81</sup> <http://www.ampla.org/documents/item/164> (henta 03.04.2013).

i mot aktivitet, men at det lønar seg å delta.

Problemstillinga vert her kva rettar ulike typar prosjekt på eigen risiko er eigna til å gje dei deltakande partane, og korleis Samarbeidsavtala regulerer dette. Dette er ein svært viktig faktor i vurderinga av om ein skal ta fatt på eit prosjekt utan at alle partane i interessentskapet deltek, eventuelt om ein skal våge å stå utanføre.

I fortsetjinga føretek eg ei omfattande drøfting av Samarbeidsavtala si regulering av rettar som følgje av eigenrisikoprojekt. Eg vil difor utdjupa problemstillinga og gje eit oversyn over den vidare strukturen innleiingsvis.

Det første steget er å identifisere rettsgrunnlaget for tildeling av rettar til deltakarane i prosjektet på eigen risiko, og harmonisere slutningane frå dei ulike artiklane i avtala. Ut i frå dette skildrar eg korleis prosjekt som fører til nye oppdagingar vert regulert, frå oppstart av prosjekt til eventuell vinst for deltakarane. I fortsetjinga drøftar eg korleis ein skal handtere prosjekt på eigen risiko som går føre seg i tilknytning til funn som er gjort av fellesskapen, før eg kjem med nokre avsluttande merknadar om reguleringa i Samarbeidsavtala.

#### **4.5.2 Tilhøvet mellom SA art. 18.10 og 18.12**

Samarbeidsavtala inneheld to artiklar som kan tene som rettsgrunnlag for å svare på spørsmålet om kva rettar prosjekt på eigen risiko er eigna til å gje dei deltakande partane.

For det fyrste følgjer det av SA art. 18.10 fyrste avsnitt at deltakarane eig prosjektet. Ifølgje same artikkelen sitt andre avsnitt skal dei deltakande partane eige eventuell auke i produsert petroleum som følgje av prosjektet på eigen risiko. Vilkåret for å utløyse denne rettsverknaden er at prosjektet på eigen risiko "medfører en økning av produsert Petroleum". Ordlyden i SA art 18.10 legg opp til ei årsaksvurdering der ein ser på aktiviteten på eigen risiko, og kva verknad prosjektet får på produksjonen av petroleum frå konsesjonsområdet. Isolert sett, etterlet reguleringa oss med ei vanskeleg årsaksvurdering både når det gjeld dei faktiske omstenda, og den nærare juridiske avgrensinga av kva som er tilstrekkeleg årsakssamanheng.



Ifølgje SA art. 18.12 har partane som ikkje deltek i prosjektet rett til tre inn om dei ynskjer å ta del i vidare boring eller utbygging av førekomstnar i visse situasjonar. Vilkåret for dette er at prosjektet på eigen risiko fører til at det ”oppdages strukturer som de deltakende Parter ønsker å bore eller Forekomst(er) som de ønsker å utbygge”. Denne føresegna vart handsama i kapittelet ovanfor og gjeld etter ordlyden dei ikkje-deltakande partane sine rettar til å tre inn. Føresegna inneheld samstundes ein føresetnad om at dei deltakande partane har visse eksklusive rettar til å gå vidare med anten boring eller utbygging.

I fortsettjninga freistar eg å harmonisere desse tre slutningane frå SA art. 18.10 og 18.12, og å identifisere kva for mekanisme Samarbeidsavtala har for å gje deltakarane i eit prosjekt på eigen risiko rettar, og kva desse inneheld.

Me skal fyrst sjå på kva sjølvstendig rolle artiklane SA 18.10 og 18.12 har ved sida av kvarandre. Dei to artiklane har forskjellige vilkår og rettsverknadar, i alle fall tilsynelatande. Det er i alle høve vanskeleg å sjå rekkevidda av denne todelinga. Det kan problematiserast om det er rom for å krevje auke i produsert petroleum som følgje av prosjektet på eigen risiko utan at prosjektet på eigen risiko utløyser ein eksklusiv rett til å byggje ut, eller om regelen om auke i produsert petroleum berre gjeld tilfella der ein førekomst vert bygd ut og sett i produksjon som følgje av eit prosjekt på eigen risiko.

Om ein ser dette i samanheng med Samarbeidsavtala og petroleumsløva si regulering av prosessen fram mot utbygging, er det ein føresetnad for produksjon at ein følgjer denne lina fram til godkjent utbyggingsplan og igangsetjing av produksjon. Dette tyder på at ein lyt sjå det slik at krav på auke i produsert petroleum, heng saman med førekomstane ein har eksklusiv rett til å gå vidare med som følgje av prosjektet på eigen risiko.

Formuleringa om krav på auke i produsert petroleum hadde truleg ei meir sjølvstendig rolle i tidlegare utgåver av avtaleverket. I 3. rundedokumentene var ordninga med premie annleis regulert enn no. Det fann ikkje stad nokon kontantbetaling av 1000% av kostnadane i prosjektet, men deltakarane i prosjektet hadde rett til å ta ut petroleummen og selje

denne heilt til dei gjennom salet hadde fått dekka sine "samlede utgifter pluss 500% av disse utgifter", etter frådrag for produksjonsavgifter og produksjonskostnader. Etter dette skulle verksemda halde fram på vegne av fellesskapet. Formuleringa i føresegna er likevel ikkje utan tyding i Samarbeidsavtala som gjeld no. I samband med utbygging på eigen risiko kjem føresegna til bruk, jf. SA art. 19.6. Formuleringa seier då det sjølv-sagte, nemleg at dei som deltek i utbygginga skal eige petroleumen som vert produsert som følge av den.<sup>82</sup>

Det er naturleg å harmonisere dei to føresegnene ved å seie at krav om auke i produsert petroleum ifølgje SA art. 18.10 knyter seg til dei strukturane og førekomstane ein har ein eksklusiv rett til å gå vidare med, og som vert bygd ut og sett i produksjon.

Kva strukturar og førekomstar dei deltakande partane har ein eksklusiv rett til å gå vidare med, er likevel ikkje sagt uttrykkeleg i avtala. Den rettslege reguleringa av dei ikkje-deltakande partane sin rett til å tre inn i prosjektet, som føreset ein eksklusiv rett til å gå vidare, heng likevel saman med dette.

SA art. 18.12 nyttar formuleringa "oppdages strukturar som de del-takande Parter ønsker å bore eller Forekomst(er) som de ønsker å utbygge". Det er naturleg at retten til å gå vidare med boring eller utbyg-ging er den same som dei ikkje-deltakande partane sin rett til å tre inn for desse typane aktivitet.

Utfordringa er likevel resten av formuleringa i SA art. 18.12. På grunn av at artikkelen inneheld ordet "oppdages", kan ein problematisere kva rettar prosjekt på eigen risiko som går føre seg i tilknytning til eksisterande funn, er eigna til å gje dei deltakande partane. Dette er av grunnleggande tyding når det gjeld kva for mekanisme Samarbeidsavtala legg opp til.

For tiltak som fører til nye oppdagingar er dette likevel uproblematisk. Eg skildrar difor korleis Samarbeidsavtala regulerer desse tilfella, før eg går inn på ei vurdering av tilfella der ein utfører prosjekt på eigen risiko i tilknytning til funn som er gjort av fellesskapet.

---

<sup>82</sup> Ein kan og tenkje seg ulike konstruksjonar for påskjøning i tilknytning til prosjekt for å fastslå reservar samband med samordning.

### 4.5.3 Tiltak som fører til nye oppdagingar

Om boringa av ein undersøkingsbrønn fører til at ein påviser ein petroleumsførekomst og dei deltakande partane ynskjer å byggje han ut, vert spørsmålet om dei ikkje-deltakande partane skal tre inn i utbygginga innanføre fristane som er fastsett i SA art. 18.12. Vinsten av prosjektet vert då produsert petroleum som følgje av utbygginga etter kvart som ho vert gjennomført. Petroleummen som vert produsert skal eigast av deltakarane og eventuelle partar som har tredd inn.

For geologiske, geofysiske og stratigrafiske undersøkingar er nok ”oppdagingsstrukturer”-alternativet det mest nærliggjande. Om undersøkingane påviser strukturar som kan tyde på at ein kan finne petroleum, er det naturlege steget vidare at ein borar ein undersøkingsbrønn i desse. Dette har deltakarane i prosjektet ein eksklusiv rett til å gjere etter føresetnaden i SA art. 18.12, samstundes som dei ikkje-deltakande partane etter same artikkel får ein rett til å tre inn. Om boringa av strukturen fører til at ein oppdagar ein førekomst som ein ynskjer å byggje ut, lyt dei deltakande partane ha ein eksklusiv rett til det.

Det kan tenkjast at dei ikkje-deltakande partane ikkje ynskjer å tre inn ved boringa av strukturen, men at dei som følgje av boreresultata ynskjer å tre inn i samband med utbygginga. Ein har ikkje noko utrykkeleg regulering som gjer at retten til å tre inn er avskoren der dei ikkje-deltakande partane ikkje ville tre inn for boringa av strukturen. I mangel på haldepunkt for det motsette, lyt ein fylgje ordlyden og sjå det slik at også oppdaging av førekomst i andre runde utløyser eksklusiv rett til utbygging med tilhøyrande rett til å tre inn.

I alle høve vil ein kunne dra ei line frå oppdaginga av strukturen til dei vidare stega fram mot utbygging, som vert avgjort i det særlege interessentskapet for prosjektet. På same måte som for boreprosjekta vert vinsten av prosjektet eventuell petroleum produsert i den endelege utbygginga, og denne vert eigd av partane som deltok i prosjektet, i tillegg partar som har tredd inn.

For tilfella der det er klårt at resultatet av prosjektet er ei heilt ny oppdaging av strukturar eller førekomstar, er reguleringa rimeleg rett

fram. Me skal no sjå på eit utval tilfelle der aktivitetane skjer i tilknytning til funn som allereie er gjort i samband med aktivitet på vegne av heile interessentskapet.

#### 4.5.4 Tiltak i tilknytning til tidlegare funn

Både ulike typar undersøkingar og testar, i tillegg til vidareevalueringar kan skje i samband med ein førekomst oppdaga av fellesskapet, men som ikkje er bygd ut eller vedteke bygd ut.<sup>83</sup> Prosjekt som går ut på vidareevaluering av førekomstar som er omfatta av ein utbyggingsplan som ikkje er vedteken, føreset naturleg nok at førekomsten allereie er påvist. Likevel er det høve til å gjere slike aktivitetar ifølgje SA art. 18.2 bokstav d.

Spørsmålet vert her kva rettar deltakarane i eit prosjekt på eigen risiko får der aktiviteten går føre seg i tilknytning til ein førekomst som allereie er påvist av fellesaktivitetar.

Metoden for å løyse dette spørsmålet vert ei tolking av føresegnene eg har identifisert som rettsgrunnlaget for kva rettar dei deltakande partane har, men eg kjem og til å sjå etter haldepunkt utover den uttrykkelege reguleringa.

Artikkel 18.12 nyttar formuleringa "oppdages". Etter ei naturleg språkleg forståing tyder denne på at det er eit krav om at prosjektet faktisk må ha avdekkja den aktuelle strukturen eller førekomsten.

Det er likevel ikkje gjeve at formuleringa "oppdages" er meint som ei avgrensing av dei deltakande partane sine rettar til å gå vidare med ressursen prosjektet gjeld. Ein kan tenkje seg at ordbruken er vald for å skildre i kva for situasjon dei deltakande partane normalt ynskjer å bore eller bygge ut høvesvis strukturar eller førekomstar, og ikkje for å vere ei avgrensing ved at det berre er nye oppdagingar som utløyser retten til å tre inn.

Det var òg høve til vidareevaluering av eksisterande funn på eigen risiko i avtalene frå 4. runde. Dei ikkje-deltakande partane sin rett til å tre inn i prosjekt på eigen risiko var regulert i art XIII.13, som er parallell

---

<sup>83</sup> Om førekomsten er bygd ut eller vedteke bygd ut kan ein ikkje utføre verksemd på eigen risiko på den, med mindre det er tale om aktivitet for å fastslå reservar i samband med samordning, jf. SA art. 18.3. a).

til SA art. 18.12. Føresegna hadde ei tilvising til XIII.2 bokstav d, som opna for vidareevaluering av ”utbyggd forekomst”.<sup>84</sup> Denne tilvisinga kan tyde på at ein såg føre seg at slike prosjekt kunne utløyse rett til eksklusiv utbygging med tilhøyrande opning for at dei andre deltakarane kunne tre inn. I Samarbeidsavtala er det berre ei generell tilvising attende til SA art. 18.2, men dette kan òg tyde på at ein ikkje har meint å reservere retten til å gå vidare med førekomsten og krav om 1000% for å tre inn, til tilfella som inneber nye oppdagingar.

Det er likevel ikkje sjølvstyk at ein kvar aktivitet på eigen risiko skal utløyse desse rettane. I ein del avtalar andre stader i verda har det ikkje vore høve til å utføre til dømes seismiske undersøkingar på eigen risiko. Denne avgrensinga har bygd på ein tanke om at det vil skape vanskar med å konstruere ein rimeleg premie som under rimelege omstende kan handhevast, for slike aktivitetar.<sup>85</sup> Moroney hevdar at slike undersøkingar bør vere tillatne, og at argument om vanskar med å konstruere ein rimeleg premie ikkje treng innebere at aktiviteten ikkje skal vere tillaten å utføre på eigen risiko. Grunngevinga hans er at ingen er tvinga til å gjere aktivitetar på eigen risiko, og at føremålet med reguleringa av aktivitetar på eigen risiko òg er utforsking og ikkje berre opptening av ein premie frå dei ikkje-deltakande partane. Eit anna innlegg i diskusjonen er frå Saville, som diskuterer om seismiske undersøkingar bør vere tillatne som prosjekt på eigen risiko og konkluderer med at dei bør det, men at dei ikkje bør gi nokon rett til å få refundert kostnader eller utløyse nokon premie.<sup>86</sup>

Sjølv om problemet Saville og Moroney diskuterer ikkje treng gjelde funn gjort av fellesskapen, kan det vere ein type aktivitet som er vanskeleg å avgjere om i realiteten er nye oppdagingar. Dei argumenterer òg inn- anføre eit anna konsesjonssystem, og eit avtaleverk som skil seg frå det norske. Det er likevel verdt å merkje seg nokre grunnleggande trekk når det gjeld utfordringa dei peikar på og standpunkta deira. Dels ser ein at det kan vere vanskeleg å slå fast om eit prosjekt har vore vellukka, og dels

---

<sup>84</sup> Ein hadde ikkje den same tilvisinga til reglane om vedtaking av utbyggingsplan, men dette lyt forståast med at det på tidspunktet gjaldt ein annan prosedyre.

<sup>85</sup> Moroney (1986), s. 173.

<sup>86</sup> Saville *ibid.*, s. 235

at ikkje alle aktivitetar er like veileigna til å gje utteljing for dei deltakande partane. Vidare kan ein sjå det slik at informasjonen ein får av aktiviteten, som kan vere eigna til å overtyde partnarane i lisensen om at eit prospekt er verdtt å gå vidare med, kan ha ein verdi i seg sjølv.

Det er likevel ikkje uvanleg at dei deltakande partane får eksklusive rettar i samband med funn som er gjort av fellesskapen. Ifølgje til dømes Taylor mfl. si omtale av ein britisk JOA, byggjer ein i andre samanhengar på ein tanke om at eigenrisikotiltak ekskluderer dei ikkje-deltakande partane sine rettar frå det aktuelle området eller strukturen. Dette gjeld til og med ved "testing of a jointly drilled discovery".<sup>87</sup> Forfattarane vedgår at det kan stå fram som strengt at selskapa som har vore med og finansiert funnet, men ikkje delteke i testinga, skal miste alle rettar i området ogeventuelt måtte betale ein premie for å delta vidare. Likevel peikar forfattarane på at deltakarane som ikkje har stemt for å teste, truleg har meint at den aktuelle førekomsten ikkje er eigna til kommersiell utnytting. Om dei skulle ha avstått på grunn av finansielle tilhøve, peikar forfattarane på at premien vert kalkulert av kostnadane i prosjektet, slik at denne vil vere lågare enn til dømes ved leiteboring og liknande.

AIPN sin internasjonale JOA frå 2012 byggjer på ein liknande mekanisme.<sup>88</sup> I artikkel 7.4.B.2 kjem det fram at ikkje-deltakande partar sin rett til å delta i "any Discovery appraised in the course of such Exclusive Operations" er oppgjeven. Ein har altså ikkje rett til å vere med på eit funn som er avgrensa som følgje av eigenrisikoaktiviteten, og føresetnadsvis er oppdaga frå før. I fortsetjinga, under artikkel 7.4.C.2, vert dei ikkje-deltakande partane gjeve rett til å setje inn att rettane sine om dei deltakande partane vel å byggje ut "a Discovery made or appraised during an Exclusive Operation". Det avgjerande er her at ein har utført ein aktivitet på eigen risiko, og at dei ikkje-deltakande partane har sagt frå seg rettane til delta vidare, med mindre dei kjøper seg inn att.

Det er særleg tre tilhøve ved den norske avtala som gjer at det kan vere grunn til å gje dei deltakande partane i eigenrisikoprojektet eksklusive rettar til å gå vidare med funn som er gjort av fellesskapen, men

---

<sup>87</sup> Taylor mfl. (1992), s. 64

<sup>88</sup> AIPN 2012 Model international joint operating agreement

der det er utført aktivitetar på eigen risiko i tilknytning til funnet.

Det fyrste er at det er tale om prosjekt som ikkje har fått støtte i styringskomiteen, og dette inneber at partane som ikkje røyser for prosjektet har hatt høve til å vurdere om dei vil arbeide vidare med funnet med sikte på kommersiell utnytting. Dei ikkje-deltakande partane har faktisk stemt mot å delta i prosjektet, både ved det opphavlege forslaget og då forslaget om å gjennomføre tiltaket på eigen risiko kom opp.

Det andre er at slike prosjekt ikkje kan setjast i verk om dei kjem i konflikt med planar eller arbeidsprogram som er vedtekne av interessentskapet, jf. SA art. 18.3 bokstav c. Prosjekt som går klår av denne regelen, vil vere verksemd som ikkje kjem i konflikt med planar som er vedteke for funnet som verksemda skjer i tilknytning til, om det eksisterer planar for funnet i det heile.

Det tredje er føremålet med reglane om verksemd på eigen risiko. Reglane skal vere eigna til å fremje aktivitet på grunn av at den som tek på seg vågnaden med tiltaket får vinsten, medan dei som står utanføre lyt tole inga eller ei redusert oppside som følgje av aktiviteten. Dette kan me sjå på som at eit viktig føremål med reglane er å tvinge fram aktivitet.

For å sjå kva verknad eit krav om at prosjektet leier fram til ei ny oppdaging vil ha, skal me ta utgangspunkt i ein situasjon der eit mindretal av deltakarane går vidare med ei evaluering av ein førekomst som det ikkje eksisterer planar for. Dei andre deltakarane ynskjer ikkje å delta i denne vidareevalueringa. Partane som deltek i vidareevalueringa dekkjer utgiftene med prosjektet og tek på seg risikoen for at det vert vellukka. Om resultatet vert at ein får ny informasjon, som kan tyde på at funnet er eigna til kommersiell utnytting, kan ein tenkje seg at dei andre deltakarane ynskjer å vere med på til dømes ei utbygging av førekomsten.

Om det er eit krav om av det er gjort ei ny oppdaging for at deltakarane får ein eksklusiv rett til førekomsten, og at dei ikkje-deltakande partane lyt betale premie for å tre inn, vil ikkje partane som stod utanføre vere plikta til å betale noko i denne situasjonen. Dei får med andre ord vere gratispassasjerar der eit mindretal har teke på seg risiko og utgifter for å finne ut om ein førekomst kan utnyttast kommersielt.

Sjølv om ein kan argumentere for at informasjon har ein verdi i seg

sjølv, vil ei slik løysing kunne vere problematisk med tanke på føremålet med 1000%-regelen og eigenrisikoreglane som heilskap. Partane som vurderer om dei skal ta del i ei vidareevaluering dei ikkje har trua på, har ingenting å tape på at prosjektet vert gjennomført på eigen risiko. Føremåla vert ikkje fremja av at partane som ikkje deltek kan verte gratispassasjerar, og såleis nærast verte oppfordra til å stå utanføre eigenrisikoprojekt som gjeld funn som er gjort av fellesskapet.

Kjerneområdet til reglane om tiltak på eigen risiko er nok sjølvstendige boreprosjekt med mål om å oppdage nye ressursar. Tiltak i tilknytning til eksisterande funn kan likevel syne seg å bli ei viktig verksemd i tida som kjem. Ifølgje petroleumsmeldinga frå 2010/2011 var det ved utgangen av 2010, hundre funn på norsk sokkel som ikkje var bygd ut. Dette utgjorde om lag 15 prosent av dei attverande påviste ressursane på sokkelen.<sup>89</sup>

Slike funn vil spele ei større rolle etter kvart som meir tilgjengelege ressursar vert utnytta, og teknologien utviklar seg. Sterke interesser gjer seg gjeldande for å sikre aktivitet knytt til og utvikling av desse ressursane, og reglane om verksemd på eigen risiko kan vere ei tilskunding til å utnytte slike ressursar. Føremålet med reglane om eigenrisikoaktivitetar og deira funksjon kan difor trekke i retning av at ein ikkje let det vere avgjerande om det har funne stad ei ny oppdaging for at deltakarane skal få ein eksklusiv rett til å gå vidare, med ein tilhøyrande rett for dei ikkje-deltakande partane til å tre inn mot betaling av 1000% av kostnadane.

Samla sett har eg kome til at ordlyden "oppdages" ikkje er ei absolutt avgrensing til tilfella der eigenrisikotiltaket fører til eit nytt funn, eller avdekking av strukturar som ein ikkje har undersøkt tidlegare. Ordlyden har blitt tillagt vekt i denne avveginga, men omsynet til ressursutnytting og føremålet med reglane om aktivitet på eigen risiko, gjer seg sterkt gjeldande. Då Samarbeidsavtala ikkje har ei eksplisitt regulering av spørsmålet, har eg og lagt vekt på korleis desse spørsmåla er svara på i andre samarbeidsavtalar for petroleumsvksemd.

Konklusjonen er at ein ikkje kan operere med eit absolutt skilje mellom strukturar og førekomstar som er nye oppdagingar og dei som er påvist gjennom fellesaktivitetane.

---

<sup>89</sup> Meld. St. 28 (2010-2011) s. 69.



#### 4.5.5 Avsluttande merknadar

Det er ei utfordring å setje ord på kva mekanisme Samarbeidsavtala stiller opp for tildeling av rettar som følgje av prosjekt på eigen risiko. Det er mogeleg å harmonisere reglane i SA artiklane 18.10 og 18.12 og sjå det slik at deltakarane i eit prosjekt på eigen risiko har rett til å gjennomføre ytterlegare boring i strukturar og utbygging av førekomstar som prosjektet vert utført i samband med. Boring eller utbygging utløyser rett for dei ikkje-deltakande partane til å tre inn, mot at dei betaler 100% av sin forholdsmessige del av prosjektet sine kostnadar. Ved ei eventuell utbygging som følgje av prosjektet skal dei deltakande partane og eventuelle partar som har tredd inn ha rett på auke i produsert petroleum.

Det står likevel att ei rekkje spørsmål som Samarbeidsavtala ikkje løyser. Til dømes seier ikkje avtala noko om kor langt fram i tid dei deltakande partane har eksklusive rettar til førekomsten som prosjektet omfatta. Om deltakarane ikkje avgjer å byggje ut førekomsten etter at prosjektet er gjennomført, løyser ikkje avtala spørsmålet om dei kan la førekomsten liggje, og ta steg for å byggje denne ut på eit seinare tidspunkt om til dømes teknologisk utvikling eller oljeprisutviklinga gjer at utbygginga står fram som meir lovande enn ved avslutninga av prosjektet. Eg nøyer meg å peike på dette her.

Reguleringa i Samarbeidsavtala er i alle høve vagt og noko fragmentarisk utforma. Når det gjeld sjølve avtaleutforminga, er hovudinnvendinga mi at det ikkje går klart fram av avtala kva rettar dei ikkje-deltakande partane gjev opp og kva rettar dei deltakande partane får som følgje av prosjektet.

I andre samarbeidsavtalar, slik som AIPN sin internasjonale JOA frå 2012, er reguleringa av dei deltakande partane og dei ikkje-deltakande partane sine rettar i "exclusive operations" tydeleg regulert. Det følgjer av AIPN artikkel 7.4B at dei ikkje-deltakande partane har "relinquished", eller gjeve frå seg, ei rekkje rettar som er presist omtalt. Rettane kan ifølgje artikkel 7.4C berre verte "reinstated", eller satt inn att, ved å følgje prosedyrane i artiklane 7.5A og 7.5B. Prosedyrane går ut på kva premie dei ikkje-deltakande partane skal betale for å tre inn att.

Eit slikt detaljnivå skil seg både frå den norske Samarbeidsavtala og generelt frå norsk tradisjon for utforming av avtalar. Dette er likevel ikkje noko tungt argument for ikkje å utforme reglane om aktivitetar på eigen risiko i dei norske samarbeidsavtalene meir presist. Som sagt har ein ikkje noko bakgrunnsrett eller allmenne prinsipp som gjev rettleiing i slike detaljerte spørsmål.

Reguleringa av rettar som følgje av prosjektet er ei svært viktig side av reglane om verksemda på eigen risiko. Det at eit mindretal har ein eksklusiv rett til å gå vidare med ein førekomst og dei ikkje-deltakande partane lyt betale ein høg premie for å delta, er ein situasjon som verkeleg set deltakarinteressene opp mot kvarandre. Ein konflikt om å delta i lovande utbygging vil føre til at deltakarane set inn store ressursar for å finne støtte i avtala for at dei har ein eksklusiv rett, samstundes som dei ikkje-deltakande partane vil leite etter støtte for det motsette. Taylor mfl. omtalar reglane om verksemd på eigen risiko som heilskap, og legg til grunn at det er ein del av avtala der partane vil utsette avtaleteksten for mikroskopisk undersøking for å finne feil hjå motparten. På bakgrunn av dette uttaler forfattarane at:

This is therefore a part of the JOA, perhaps, more than any other, where meticulous drafting and careful analysis of the many possible consequences of one course of action or another can mean a great deal to the parties' commercial futures. If the provisions come to be tested, the labours invested at the drafting stage will be well repaid.<sup>90</sup>

Eg er samd med forfattarane i at regelverket om verksemd på eigen risiko som heilskap er ei kjelde til konflikt, slik at avtaleteksten bør skape minst mogleg tvil. Mitt syn er at dette gjeld særleg denne delen av avtala, og at ein ved eit seinare revisjonsarbeid bør gjere grep for å tydeleggjere kva rettar deltakarane i eit prosjekt på eigen risiko får, og kva rettar dei ikkje-deltakande partane gjev frå seg.

---

<sup>90</sup> Taylor mfl. (1992), s. 75-76.

## 4.6 Kort om tilhøvet til utbyggingsreglane

Proessen fram mot ei utbygging av ein førekomst som det har vorte utført eit prosjekt på eigen risiko på, følgjer den vanlege framgangsmåten, som følgje av at Samarbeidsavtala gjeld tilsvarande. Samarbeidsavtala sine reglar om stega fram mot innsending av utbyggingsplan og tiltreding av denne lyt fylgjast. Framstillinga under punkt 5.2 er dekkjande også for desse tilfella. Skilnaden er at dei aktuelle avgjerdene skal treffast i den særlege styringskomiteen for prosjektet på eigen risiko. Partane som trer inn i prosjektet deltek i avgjerdene frå tidspunktet dei trer inn, men i og med at siste frist er ved tiltreding av utbyggingsplanen, treng ikkje deltakarinvolveringa i forkant av utbygginga vere stor. Deltakarane som har tredd inn innan fristen vil vere likeverdige partnerar i utbygginga og ha krav på sin forholdsmessige del av inntektene, med ei tilhøyrande plikt til å dekkje ein tilsvarande del av kostnadane.

I tillegg til dette stiller petroleumslova framleis opp krav om godkjenning av utbyggingsplan i § 4-2. Dette inneber at rettane som følgje av eigenrisikotiltak heng uløyselig saman med petroleumslova sine reglar om godkjenning, og den faktiske godkjenninga frå departementet.

# 5 Utbygging på eigen risiko

## 5.1 Innleiing

Dersom ein oppdagar ein petroleumsførekomst, vert spørsmålet om denne skal byggjast ut og setjast i produksjon. Dette er ei svært viktig avgjerd for deltakarane i interessentskapet, fordi ho både vil føre til store kostnadar og omfattande og risikofylt aktivitet over lang tid. Om ein byggjer ut førekomsten er òg avgjerande for om deltakarane vil kunne få avkastning på dei investeringane dei alt har gjort.

Den offentlegrettslege prosessen fram mot utvinning av petroleum er regulert i petroleumslova kapittel 4. Om rettshavar avgjer å byggje ut

ein førekomst skal han leggje fram ein plan for utbygging og drift av førekomsten. Denne lyt godkjennast av departement.<sup>91</sup> Dette gjeld uavhengig om det er tale om å byggje ut førekomsten på vegne av heile interessentskapet, eller om det er vedteke ei utbygging på eigen risiko.

Samarbeidsavtala kapittel IV, inneheld ei samansett regulering av stega som leier fram til at planen for utbygging og drift av førekomsten vert sendt inn til departementet, saman med søknad om godkjenning. Fyrst og fremst inneheld SA art. 15 føresegnar om planstyring, konkretisering av kommersiell utnytting ("BOK"), avgjerd om vidareføring ("BOV") og utarbeiding av utbyggingsplan. Vidare inneheld SA art. 16 reglar om oversending av utbyggingsplanen for godkjenning frå departementet, og regulering av partane sin individuelle tilslutnad til planen. I artikkel 17 finn ein reglane om gjennomføring av utbygginga.

## 5.2 Prosessen fram mot utbygging på eigen risiko

Oppgåva vert her å greie ut om korleis samarbeidsavtala regulerer prosessen fram mot tiltreding av ein utbyggingsplan og ei eventuell utbygging på eigen risiko.

Utbygging på eigen risiko kan fyrst kome på tale ved tiltreding av utbyggingsplanen. Prosessen fram mot ein utbyggingsplan består av fleire avgjerder i styringskomiteen. Prosessen startar med ei avgjerd om *konkretisering av kommersiell utnytting*, som inneber at styringskomiteen skal avgjere korleis den vidare framdrifta skal styrast gjennom alle fasar i prosjektet, frå planlegging fram til drift, jf. SA art. 15.1. Føresegna krev vidare at styringssystema skal ha fokus på avgjerdsmilepælar (ofte kalla decision gates, forkorta DG1, DG2 og så vidare). Vidare er styringskomiteen gjeve mynde til å avgjere korleis komiteen sjølv skal involverast i prosessane.

Ein BOV skal så leggjast fram som eit forslag som skal innehalde føresetnadane som er lagt til grunn for moglegheita til å utnytte førekomsten eller førekomstane kommersielt, og artikkel 15.2 stiller vidare opp ei rekkje punkt som det uansett skal opplysast om. Føresegna syner

---

<sup>91</sup> Petroleumslova § 4-2.

godt at det vert lagt opp til eit adekvat avgjerdsgrunnlag for rettshavarane og offentlege mynde som godkjenningssinstans.

Dersom styringskomiteen vedtar ein BOV skal operatøren utarbeide ein utbyggingsplan i nært samarbeid med dei andre deltakarane.<sup>92</sup> Dersom styringskomiteen ikkje vedtek ein BOV, eller ikkje handsamar saka innan ”rimelig tid”, kan ein kvar deltakar sjølv utarbeide ein utbyggingsplan. Han har då krav på bistand frå operatøren så lenge det ikkje går negativt utover interessentskapet, jf. art. 15.4. Det at det ikkje vart vedteke ein BOV, kan føre til at eitt eller fleire av selskapa på dette tidspunktet byrjar å sjå føre seg at ei eventuell utbygging lyt skje på eigen risiko. Føresegna i art. 15.4 om utarbeiding av utbyggingsplan på eiga hand legg til rette for prosessen fram mot utbygging i desse tilfella.

At det vert utarbeidd framlegg til ein utbyggingsplan, betyr ikkje at det vert høve til å gjennomføre denne planen som ein fellesoperasjon på vegne av interessentskapet eller på eigen risiko. Etter at utbyggingsplanen er utarbeidd, skal han leggjast fram for styringskomiteen, som vedtek om han skal sendast inn til departementet saman med søknad om godkjenning, jf. SA art. 16.2. Dersom utbyggingsplanen er utarbeidd av ein part i samsvar med regelen i art 15.4, gjeld det same ifølgje artikkel 16.5.

Om styringskomiteen vedtek å sende utbyggingsplanen til departementet med søknad om godkjenning, vert det opp til partane om dei skal tiltre planen. Ifølgje SA art. 16.3 skal kvar einskild part innan 3 månader etter at styringskomiteen vedtok å sende inn utbyggingsplanen, gje melding til dei andre deltakarane og departementet om han tiltre planen. Dersom alle partane tiltre utbyggingsplanen og departementet godkjenner søknaden, skal utbygging skje på vegne av interessentskapet, jf. SA art. 17.1.

Om ikkje alle partane tiltre utbyggingsplanen skal operatøren ifølgje SA art. 16.3, utan ugrunna opphald gje melding til departementet om å setje søknaden på vent. Det følgjer vidare av artikkelen at dei partane som tiltre kan ta opp att søknaden i samsvar med artikkel 19, som gjeld utbygging på eigen risiko. Det er altså partane som har tiltredd planen

<sup>92</sup> SA art. 15.3.

som kan føreslå utbygging på eigen risiko, og det er til desse partane forslaget om utbygging på eigen risiko skal sendast, jf. SA art 19.1.

Eit anna utfall av prosessen fram mot utbygging kan vere at styringskomiteen ikkje vedtek å sende utbyggingsplanen til godkjenning. Reguleringa av denne situasjonen vart endra i samarbeidsavtalene frå 17. konsesjonsrunde, og er eit sentralt spørsmål når det gjeld vilkåra for utbygging på eigen risiko. Spørsmålet vert handsama i eit eige kapittel nedanfor.

Det neste spørsmålet er korleis Samarbeidsavtala regulerer prosessen fram mot utbygging på eigen risiko, og kva vilkåra for å setje i gang ei slik utbygging er.

Forslag om utbygging på eigen risiko kjem på tale der utbyggingsplanen ikkje vert tiltredd av alle deltakarane innan 3 månader, jf. SA art 16.3. Dei som har tiltredd planen, har då høve til å sende forslag om utbygging på eigen risiko til dei andre partane som har slutta seg til planen, jf. SA art. 19 følgjande.

Etter at utbygging på eigen risiko er føreslått, har partane som har slutta seg til utbyggingsplanen 3 månader på seg til å gje melding til departementet og dei andre deltakarane som slutta seg til planen om at dei ynskjer å delta i utbygginga på eigen risiko.

Partane som vil delta har høve til å gje melding om at dei ynskjer å redusere eller auke deltakardelen sin, men det dette lyt gjerast innanføre same frist på 3 månader, jf. SA artikkel 19.3

Kva som skal til for at eit framlegg om utbygging på eigen risiko skal reknast som vedteke er regulert i SA artikkel 19.4. Det følgjer av artikkelen at dette skjer når forslaget har fått "støtte av 100 % av Deltakerandelene."

Spørsmålet vert kva det inneber at eit forslag har "støtte av 100 % av Deltakerandelene."

Omgrepet deltakardel er definert i punkt 2 under Samarbeidsavtala sitt kapittel med definisjonar, på følgjande måte: "den prosentvise ideelle andel en Part til enhver tid har i Utvinningstillatelsen og interessentskapet eller hvor omstendighetene tilsier dette, i en virksomhet på egen risiko."

Ut frå ordlyden si differensiering mellom interessentskapet og verk-

semnd på eigen risiko er det klårt at ein ikkje kan krevje at eit forslag om utbygging på eigen risiko berre skal reknast vedteke om heile interessentskapet har slutta seg til utbygginga. I så fall vil det jo ikkje vere ei utbygging på eigen risiko. Me har sett at retten til å føreslå og delta i utbygging på eigen risiko ligg hjå partane som har tiltredd utbyggingsplanen, og kravet om støtte frå 100% av deltakardelane lyt sjåast i samanheng med at det dreier seg om ei utbygging på eigen risiko.

For å sjå korleis ein reint praktisk skal handtere føresegna i SA art. 19.4, kan me tenkje oss at 3 av 5 selskap med deltakarinteresse på høvesvis 10%, 30% og 10% tiltrer planen. Det følgjer då av SA art. 19.3 at partane deltek ”i forhold til Deltakerandelen”. Om alle tre ynskjer å gå vidare med utbygginga, inneber formuleringa at ein i utgangspunktet må korrigere deltakardelane forholdsmessig med mindre det er semje om noko anna. Om alle tre selskapa deltek, vil ein ende opp med ei fordeling på 20%, 60% og 20% i utbygginga, som samla sett gjer at ein har fått støtte frå 100% av deltakardelane.

Dess færre partar som deltek i utbygginga dess meir kostbart vert det for deltakarane. Det er difor ikkje sjølvsagt at alle som tiltredde planen ynskjer å delta når det vert klårt at ikkje alle deltakarane skal delta i utbygginga. Det kan til dømes vere at berre selskapet som har deltakardel på 30% og eitt av selskapa som har 10% støtter forslaget om å gjennomføre utbygging på eigen risiko. Ordlyden i SA art. 19.4, sett i samanheng med formuleringa i SA. art. 19.3 om fristen for å gje melding om å auke deltakardelen, utelukkar at ein lyt krevje at alle partane som tilredde planen deltek. Det er naturleg å tolke kravet om støtte frå 100% av deltakardelane slik at det avgjerande vert om selskapa innan fristen melder i frå om at dei ynskjer å auke deltakardelen sin, slik at ein samla sett når 100%.<sup>93</sup>

Når det vert klart at ein har fordelt deltakardelane slik at dei utgjer 100%, skal deltakaren som har føreslått utbygginga på eigen risiko

---

<sup>93</sup> Ei tilsvarende løysing finn ein i AIPN art. 7.2.E.5. Regelen går ut på at den eksklusive aktiviteten fell vekk innan ein fastsett frist om partane ikkje har greidd å stable på beina 100% deltakarinteresse, med mindre parten som føreslo aktiviteten tek på seg resten av deltakarinteressa.

stadfeste overfor OED at søknad om godkjenning av utbyggingsplanen vert teke opp att.<sup>94</sup> Om planen vert godkjend skal utbygginga gjennomførast utan ugrunna opphald.<sup>95</sup>

## 5.3 Krav om vedtak om innsending av utbyggingsplan?

### 5.3.1 Endringa i avtalene frå 17. konsesjonsrunde

Spørsmålet om utbygging på eigen risiko kjem fyrst opp når det syner seg at ikkje alle partane tiltrer utbyggingsplanen. Dette føreset naturleg nok at det finst ein utbyggingsplan som deltakarane kan tiltre.

Spørsmålet vert då om Samarbeidsavtala opnar for utbygging på eigen risiko i tilfelle der styringskomiteen ikkje vedtek å sende inn utbyggingsplanen til departementet med søknad om godkjenning.

Bakgrunnen for problemstillinga er at samarbeidsavtalene frå 16. runde ("SA-16") hadde ei anna formulering som ein ikkje finn att i avtala som gjeld no. SA-16 artikkel 21.2 hadde følgjande ordlyd:

Dersom styringskomiteen ikke innen rimelig tid har vedtatt en utbyggingsplan etter artikkel 17 [tilsvarande Samarbeidsavtala artikkel 16], kan en Part foreslå at utbygging skal gjennomføres som et prosjekt på egen risiko dersom prosjektets gjennomføring ikke vil være til hinder for eller på annen måte forstyrre gjennomføringen av arbeidsprogram vedtatt av styringskomiteen.

Forslaget skal sendes skriftlig til de øvrige Parter og skal være ledsaget av opplysninger som nevnt i artikkel 16.

Formuleringa forsvann ved endringa i avtalene i 17. runde, og vart heller ikkje teken inn att i Samarbeidsavtala ved standardiseringsarbeidet fram mot 2007. I utvinningsløyve som berre består av to selskap, finn ein likevel ei anna formulering i SA art. 16.2: "En Part kan oversende utbyg-

---

<sup>94</sup> SA art. 19.4.

<sup>95</sup> SA art. 17.1, andre avsnitt.



gingsplan med tilhørende dokumentasjon til Departementet og andre relevante myndigheter sammen med søknad om godkjenning av utbyggingsplanen”.

I desse tilfella er det med andre ord mogeleg å kome forbi hinderet med krav om vedtak i styringskomiteen, men det er sjølvsagt ikkje gjeve at departementet godkjenner ei utbygging på vegne av berre ein deltakar.

Det rettslege spørsmålet vert om endringa frå 17. runde, gjer at ein er avskoren frå utbygging i situasjonar der det ikkje er treft vedtak om å sende inn utbyggingsplanen saman med søknad om godkjenning.

Ei objektiv tolking av artikkel 19.1 gjev ikkje grunnlag for å tillate utbygging på eigen risiko i den aktuelle situasjonen. Ordlyden føreset tydeleg at det føreligg ein utbyggingsplan som det er mogeleg å tiltre. Som me har sett ovanfor skjer dette fyrst etter at utbyggingsplanen er sendt inn til departementet som følgje av eit vedtak i styringskomiteen.

Hovudregelen er at utbygging skal gjennomførast på vegne av fellesskapet, og det er unntaket frå dette som treng ei grunngeving. Det at aktivitetar på eigen risiko er eit brot med utgangspunktet i interessentskapet, tilseier at reglane om eigenrisikotiltak ikkje skal gjevast eit vidare verkeområde enn avtala legg opp til. I tillegg inneheld SA art. 18.1 andre avsnitt ei formulering om at utbygging på eigen risiko skal skje i tråd med artikkel 19. Dette styrkar artikkel 19 sitt preg av å vere ei uttømmende regulering av utbygging på eigen risiko, og underbyggjer tolkinga om at utbygging på eigen risiko berre kjem på tale der styringskomiteen har vedteke å sende inn utbyggingsplanen.

Det har vore diskusjonar i bransjen om utbygging på eigen risiko kan forankrast i SA artikkel 19.4, som inneheld følgjande formulering: ”Forslag til utbyggingsplan etter artikkel 19.1 anses som vedtatt når forslaget har støtte av 100 % av Deltakerandelene”.

Ordlyden i SA art. 19.4 kan isolert sett tolkast som at han føreset at artikkel 19.1 gjev høve til å føreslå ein utbyggingsplan. Artikkel 19.1 inneheld likevel ikkje noko formulering som tilseier at det er høve til å føreslå utbygging på eigen risiko der ein ikkje har vedteke innsending av ein plan.

Andre setning i artikkel 19.4 gjeld det å ta opp att ein søknad, noko som kan sjå ut til å føresetje at styringskomiteen har vedteke å sende inn utbyggingsplanen med søknad om godkjenning. Samla sett gjev ikkje ordlyden i artikkel 19.4 tilstrekkeleg med haldepunkt for at utbygging på eigen risiko kan skje med heimel i artikkelen.

Etter teksten i avtala er det ikkje noko tvil om at utbygging på eigen risiko fyrst kjem på tale der planen er vedteke sendt inn saman med søknad om godkjenning.

På den andre sida er det ikkje opplagt kva som var bakgrunnen for denne endringa i Samarbeidsavtala. Eg har ikkje kome over skriftlege utgreiingar frå endringsarbeidet som grunngjev at artikkel 21.2 vart fjerna. Ut frå offentlege dokument frå tidsrommet endringa skjedde, kan ein sjå at det var eit fokus på å betre avgjerdsgrunnlaget ved å endre reglane om avgjerdsprosessar og innhald i utbyggingsplan osv.<sup>96</sup> Bakgrunnen var mellom anna budsjettoverskridingar på norsk sokkel.

Endringsarbeidet i forkant av avtalene for 17. konsesjonsrunde er omtala i ein rapport om "Modning av utbyggingsprosjekter" frå ei arbeidsgruppe som vart nedsett av "Næringspolitisk utvalg" i OLF. Rapporten gjeld forslag til endring i avgjerdsprosedyrane. Heller ikkje i denne rapporten er det sagt noko eksplisitt om bakgrunnen for at artikkel 21.2 vart fjerna.

I eit notat utarbeidd av advokat Dagfinn Nygaard for OLF er det gjort ei tilvising til side 10 i rapporten som ikkje finst i mi utgåve. Ifølgje notatet er det er likevel ikkje noko særleg handsaming av bakgrunnen for endringa i rapporten.

I eit brev datert 12.12.2001 frå OLF til OED, med tittelen "17. konsesjonsrunde - endringer i avtale- og konsesjonsverket", samanfattar OLF industrien sitt syn og legg ved eit notat som inneheld forslag til kapittel om utbygging på eigen risiko. I dette utkastet er formuleringa frå artikkel SA-16 art. 21.2 forsvunnen.

Dette er sjølvsgatt ikkje einstyddande med at endringa har skjedd etter forslag frå OLF. Ein kan altså ikkje konkludere med at det at det har vore

---

<sup>96</sup> Sjå til dømes investeringsutvalet si utgreiing i NOU-1999-11, og påfølgjande melding til Stortinget i St.meld. nr. 37 (1998-99).

eit samstemt syn i bransjen om endringa. Det er derimot mykje som tyder på at endringa ikkje har vore tilsikta når det gjeld konsekvensane for reglane om utbygging på eigen risiko, då dette ikkje var eit sentralt tema i arbeidet med dei nye avgjerdsprosessane. Det er og ei utbreidd oppfatning i bransjen om at endringa hende som følgje av ein glipp.

Sjølv om endringa ikkje skal ha vore tilsikta finn ein ikkje støtte i ordlyden for ein rett til å byggje ut ein førekomst på eigen risiko der det ikkje er treft vedtak om å sende inn utbyggingsplan med søknad om godkjenning. Ordninga som SA-16 art. 21.2 la opp til kom heller ikkje med ved standardiseringa av samarbeidsavtalene i 2007. Ut frå tolkingsprinsippa for Samarbeidsavtala lyt ordlyden få avgjerande vekt.

Konklusjonen vert at endringa frå 17. konsesjonsrunde, gjer at ein er avskoren frå utbygging i situasjonar der det ikkje er treft vedtak om innsending av ein utbyggingsplan saman med søknad om godkjenning.

Eg vil likevel, med tanke på framtidig revisjonsarbeid, gjere ei vurdering av kva som er ei føremålstenleg regulering av desse spørsmåla.

### **5.3.2 Ei føremålstenleg regulering?**

Spørsmålet vert her om og eventuelt på kva vilkår det bør opnast for utbygging på eigen risiko der styringskomiteen ikkje treff vedtek om å sende inn ein utbyggingsplan.

Det å gjere ei vurdering av om ei endring av ein avtale er føremålstenleg, er vanskeleg når det ikkje ligg i dagen kva føremål endringa var meint å vareta, og om det i det heile teke var tilsikta å fjerne SA-16 art. 21.2. Det kan likevel vere interessant å vurdere endringa opp mot sentrale omsyn og føremål som gjer seg gjeldande på området, og bak den aktuelle reguleringa.

Innleiingsvis lyt det understrekast at situasjonane der ein utbyggingsplan ikkje vert vedteken sendt inn til departementet kan vere svært ulike, og at dei einskilde omsyna kan gjere seg gjeldande med ulik styrke etter omstenda.

Vedtaket om å sende inn ein utbyggingsplan skal vere rettshavargruppa si semje om at det er ynskjeleg å byggje ut ein eller fleire førekomstar, og at den føreslåtte planen er eigna til føremålet. Det skjer med

andre ord ein felles kontroll av materialet som legg grunnlaget for aktivitet og investeringar langt fram i tid. Deltakarane lyt vurdere om det er slik ein skal forvalte førekomsten, om det er rett tidspunkt å setje i gang med utbygginga og om det er tale om ein kommersielt forsvarleg framgangsmåte. Med denne breidda i vurderingar kan det vere stor variasjon i årsakene til at einskilte rettshavarar ikkje stemmer for å sende inn utbyggingsplanen.

I somme situasjonar kan det vere veikskapar i utbyggingsplanen som gjer at det vert usemje i lisensgruppa, og i andre tilfelle kan det vere at eit fleirtal av deltakarane ikkje har trua på at det vil vere lønsamt å gå vidare med ei utbygging av førekomsten i det heile. Det kan òg vere på grunn av motvilje som følgje av deltakaren sin finansielle situasjon på tidspunktet for avgjerda. Andre faktorar kan vere infrastruktur og andre ytre omstende som tilseier at utbygginga bør utsetjast.

Sjølve tilgangen til aktivitetar på eigen risiko vart avgrensa som følgje av innføringa av kravet om vedtak i styringskomiteen. Me skal difor sjå på omsynet til dei einskilte deltakarane si interesse i aktivitet og utnytting av utvinningsløyvet. Under kapittelet om omsyn drog eg ein parallell til førearbeida til sameigelova, der det vart sagt at anna enn omsynet til medeigaren ikkje bør leggje band på den individuelle utnyttinga av sameigetingen.<sup>97</sup> Dette illustrer godt utnytingsinteressene som står mot kvarandre i ein rettsfellesskap. Overført til spørsmålet om krav om vedtak i styringskomiteen kan ein hevde at omsynet til deltakarane som ynskjer utbygging trekk i retning av at ein ikkje bør stille opp eit slikt krav, med unntak av tilfella der det er nemneverdige omsyn som skulle tilseie noko anna.

Meir overordna vil omsynet til at reglane om aktivitetar på eigen risiko skal drive fram aktivitet trekke i same retning. Dette heng nært saman med samfunnsøkonomiske omsyn og petroleumslova sine mål om mest mogeleg utvinning. Klausulane vert fyrst effektive og fremjar aktivitet når dei er eit reelt alternativ til aktivitet på vegne av fellesskapet, eller at dei kan nyttast som direkte eller indirekte pressmiddel av deltakarar som ynskjer aktivitet.

---

<sup>97</sup> Rådsegn 4 s. 17.

Føremålet med utbyggingsplanar, og samarbeidsavtala si regulering av stega fram mot slike, er mellom anna å sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for spørsmålet om ein førekomst skal byggjast ut eller ikkje. Kravet om fleirtalsavgjerd for innsending av utbyggingsplanen kan seiast å ligge i kryssingspunktet mellom omsynet til eit adekvat avgjerdsgrunnlag og omsynet til aktivitet og framdrift i verksemda. På same måte som dei kryssande deltakarinteressene eg omtalte ovanfor, gjer desse omsyna seg gjeldande med varierende styrke og vekt, alt etter kva som er årsaka til at fleirtalet ikkje stemmer for innsending av utbyggingsplanen. Om situasjonen er at avgjerdsgrunnlaget er forsvarleg fastsett og det berre er motvilje hjå dei andre deltakarane som gjer at dei ikkje ynskjer å sende inn planen, er det ikkje grunn til å stengje for utbygging. Her bør omsynet til deltakarane som ynskjer aktivitet og omsynet til aktivitetsnivået vege tyngre enn dei respektive motståande interesser, som ikkje gjer seg gjeldande med særleg styrke.

Ei utbygging på vegne av eitt eller to små selskap, treng ikkje vere ynskjeleg ut frå eit overordna perspektiv. Det kan vere tale om selskap med lite røynsle med utbygging, svak finansiell styrke og avgrensa teknologisk kompetanse. For å sikre at ei utbygging på eiga risiko ikkje vert gjennomført i slike tilfelle, kunne ein tenkt seg eit krav om eit minimum av deltakarar eller deltakardelar for å tillate utbygginga. Dette har vore eit krav i tidlegare avtalar.<sup>98</sup> Det er likevel verdt å merkje seg at godkjenningsordninga langt på veg vil fange opp situasjonar der det er tale om eit uforsvarleg avgjerdsgrunnlag, eller at andre tilhøve med utbygginga tilseier at ho ikkje bør gjennomførast.

Mitt syn er at det ikkje bør vere eit vilkårslaut krav at utbyggingsplanen vert vedteke sendt inn saman med søknad om godkjenning for or at utbygging på eigen risiko skal kome på tale. I eit seinare revisjonsarbeid er dette ein regel som bør takast opp til vurdering.

I utforminga av ein regel om utbygging på eigen risiko i desse tilfella, bør ein prøve å balansere omsyna til dei involverte deltakarinteressene mot kvarandre, og det same med omsynet til eit forsvarleg avgjerdsgrunnlag mot aktivitetsnivået i petroleumsverksemda. I avtalene frå 16.

<sup>98</sup> Selvig (1995), s. 337 med vidare tilvisingar.

konsesjonsrunde var det eit krav om at det først kunne kome på tale med utbygging på eigen risiko dersom styringskomiteen ikkje *innan rimeleg tid* hadde vedteke ein utbyggingsplan. Denne regelen er eit godt døme på at dei involverte interessene kan vegast mot kvarandre. Vilkåret "rimeleg tid" skapar ei fleksibel norm, som gjev rom for å tilpasse fristen alt etter kva som er årsaka til at planen ikkje vert vedteken sendt inn til departementet. Eit slikt krav, eller andre vilkår som kan sikre at utbygginga ikkje vert stogga utan at det kan påvisast tungtvegande interesser for det motsette, ville kunne vere med å gje reglane om utbygging på eigen risiko ein effektiv verknad på aktivitetsnivået i petroleumsverksemda.

### 5.3.3 **Alternative vegar fram mot utbygging**

Her vert spørsmålet om det er andre måtar å få gjennomført ei utbygging på, i tilfella der styringskomiteen ikkje har vedteke å sende inn utbyggingsplanen etter reglane i artikkel 16.

I praksis vil nok partane kunne kome til semje om å treffe avgjerda i styringskomiteen, vel vitande om at nokre av deltakarane ikkje kjem til å delta i utbygginga. Det er ikkje gjeve at partane som ikkje ynskjer å delta i utbygginga, har noko i mot at denne vert gjennomført på eigen risiko.

Alternativet er at ein lyt halde fram med å fremje forslag om utbyggingsplanar i styringskomiteen heilt til dei andre partane vert overtydd om å sende inn planen saman med søknad om godkjenning. Det kan vere tidkrevjande å endre og utvikle utbyggingsplanen slik at dei andre deltakarane endrar standpunkt om å sende inn utbyggingsplanen, og eventuelt å delta i utbygginga. Det kan òg hende at forslag i styringskomiteen om ytterlegare evalueringar av den aktuelle førekomsten heller ikkje når det naudsynte fleirtalet, fordi fleirtalet av deltakarane ikkje har trua på at førekomsten vil kunne utnyttast kommersielt. I desse situasjonane tillèt Samarbeidsavtala 18.2 bokstav d vidareevaluering av ein førekomst som er omfatta av ein utbyggingsplan som ikkje er vedteken.

Me kan tenkje oss at ein part som ikkje har fått gjennomslag for å

sende inn utbyggingsplanen til departementet legg fram forslag om å vidareevaluere den aktuelle førekomsten. Dersom prosjektet vert starta opp på eigen risiko, inneber dette at Samarbeidsavtala gjeld tilsvarende og at det skal opprettast ein styringskomité for prosjektet.<sup>99</sup>

Her ynskjer eg å undersøkje om eit prosjekt som går ut på å vidareevaluere ein førekomst, kan gje dei deltakande partane rett til å treffe vedtak om å sende inn ein utbyggingsplan i den særlege styringskomiteen for prosjektet på eigen risiko.

Tilhøvet mellom prosjekt på eigen risiko og seinare utbygging og produksjon er handsama ovanfor.<sup>100</sup> Me såg på korleis prosjekt på eigen risiko gjev dei deltakande partane ein eksklusiv rett til å byggje ut førekomsten som prosjektet gjeld, men at dei lyt tole at dei ikkje-deltakande partane trer inn mot å betale i tråd med 1000%-regelen.

Dette vil i så fall vere ein måte å kome rundt kravet om fleirtal på, i situasjonar der ein ikkje klarar å få gjennom eit vedtak om innsending av PUD i styringskomiteen for interessentskapet.

Vidareevaluering av funn som er gjort av fellesskapen var ein av aktivitetane som skapte vanskar i drøftinga av rettar som følgje av prosjekt på eigen risiko. Me såg på utfordringa med ordbruken ”oppdages” i SA art. 18.12. Sjølv om konklusjonen vart at det ikkje er eit absolutt krav om at prosjektet fører til ei ny oppdaging, vil nok utgangspunktet vere at ein ikkje kan kuppe ein førekomst ved å føreslå vidareevaluering på eigen risiko, og gå rett på utbygging av han i tråd med den opphavlege planen. Eit reelt vidareevalueringsprosjekt lyt likevel løyse ut rett til å byggje ut førekomsten i tråd med føresetnaden i SA art. 18.12. I desse tilfella kan regelen om vidareevaluering på eigen risiko flytte avgjerda om å sende inn utbyggingsplanen frå den opphavlege styringskomiteen til den særlege styringskomiteen for eigenrisikoprojektet. I denne samanhengen vil naturleg nok ikkje dei motviljuge deltakarane vere til hinder for å sende inn utbyggingsplanen.

---

<sup>99</sup> Jf. SA art. 18.10 og 18.13.

<sup>100</sup> Sjø punkt 4.5.

## 5.4 Tilhøvet til partane som ikkje tiltrer utbyggingsplanen

Det er partane som tiltrer utbyggingsplanen som har høve til å føreslå og gjennomføre utbygging på eigen risiko. Skiljet mellom deltakande partar og ikkje-deltakande partar vert altså delvis drege allereie ved tidspunktet for tiltreding av utbyggingsplanen. I tillegg til dette seier SA art. 19.6 at dei ikkje-deltakande partane ikkje har rett til å "tre inn i eller kjøpe seg inn i prosjektet senere". Avgjerda om å tiltre planen for utbygging og drift er altså svært viktig.

Spørsmålet vert difor kva dei ikkje-deltakande partane vert stengt ute frå når dei ikkje tiltrer utbyggingsplanen.

Det er ikkje noko automatikk i at det kjem i gang utbygging på eigen risiko der ikkje alle partane tiltrer. Det må som sagt ovanfor fremjast eit forslag om dette.

Samarbeidsavtala inneheld ikkje noko uttrykkeleg regel om tidsfrist for å føreslå utbygging på eigen risiko der utbyggingsplanen ikkje vert tiltredd av alle partane. Følgja av at planen ikkje vert tiltredd av alle partane, er berre at søknaden om godkjenning vert sett på vent hjå departementet.

Ein av partane som slutta seg til planen kan i prinsippet løfte denne fram seinare og føreslå utbygging på eigen risiko for dei andre partane som òg tiltredde. Om selskapa som tiltredde utbyggingsplanen for førekomsten på eit seinare tidspunkt finn ut at dei ynskjer å byggje ut førekomsten på eigen risiko, kan det oppstå usemje om dei har rett til dette.

Sjølv om avtala ikkje har ein uttalt frist for å føreslå utbygginga på eigen risiko, vert nok problemstillinga upraktisk på grunn av tilhøvet til godkjenningsordninga. Det er vanskeleg å tenkje seg at OED vil godkjenne ein utbyggingsplan som vert teken opp att etter å ha lege på vent i lang tid.

Om departementet ikkje godkjenner ein utbyggingsplan som gjeld ei utbygging på eigen risiko, vert spørsmålet om partane som tiltredde planen har noko særrett til å byggje ut førekomsten eller førekomstane som planen omfatta.



For å svare på spørsmålet skal me sjå kva rettsverknadar som er knytt til tiltreding av ein utbyggingsplan. Artikkel 19.1 gjev rett til å føreslå at "utbyggingen" skal gjennomførast på eigen risiko. Ordlyden vil etter ei naturleg forståing omfatte den utbygginga som er føreslått. Med andre ord må det vere tale om å gjennomføre utbyggingsplanen.

Sjølv om utbyggingsplanen og prosessen fram mot den er sentrert kring ein eller fleire førekomstar, har ikkje planen noko vidare liv etter at han er endeleg avslått av departementet. Dette trekkjer i retning av at manglande godkjenning av ein plan tilbakestillar tilhøvet mellom partane, slik at ein lyt fremje ein ny utbyggingsplan i interessentskapet, som på ny må sendast inn til departementet.

Avgjerdar om å ikkje tiltre utbyggingsplanen har ikkje det sterke preget av å vere eit endeleg farvel til førekomsten, slik som reguleringa var i tidlegare avtalar. I avtalene frå 3. konsesjonsrunde var ordninga at operatøren utarbeidde ein rapport om i kva ein førekomst var drivverdig eller ikkje. Dei einskilde deltakarane erklærte deretter at dei slutta seg til rapporten ("drivverdighetsærklæring"). Denne erklæringa var uløyseleg knytt til førekomsten, og konsekvensen av å ikkje erklære ein førekomst drivverdig var ifølgje avtala sin artikkel VIII.5 at førekomsten kunne drivast etter reglane om verksemd på eigen risiko. I den aktuelle avtala var det ikkje noko tidsfrist for å setje i gang verksemda på eigen risiko, slik at ein i realiteten hadde avskore partane som ikkje gav erklæring frå vidare aktivitet knytt til førekomsten.<sup>101</sup>

Ordninga i Samarbeidsavtala inneber at ein ikkje kjem opp i dei same situasjonane. Om utbygginga på eigen risiko vert føreslått og søknaden om godkjenning på vegne av selskapa vert godkjent, skal utbygginga skje utan ugrunna opphald, jf. SA art. 17.1 andre avsnitt. I slike tilfelle vil ikkje utbygginga liggje på vent over lang tid. Det kan likevel tenkjast at utbygginga endrar seg betrakteleg over tid, og dette lyt dei ikkje-deltakande partane tåle, så lenge utbygginga ligg innanføre rammene av godkjenninga til departementet.

Tiltreding av planen gjev dermed ikkje noko rett utover det å bygge ut i tråd med den aktuelle planen, om han vert godkjend.

<sup>101</sup> Dette kom likevel inn i seinare utgåver av avtala, til dømes i 4. runde.

Om utbygginga vert godkjent og sett i gang har ikkje dei ikkje-deltakande partane rett til å tre inn, jf. SA art. 19.6. Ifølgje artikkelen har ikkje partane som ikkje deltek "rett til å tre inn i eller kjøpe seg inn i prosjektet senere." Arnesen og Ekeberg hevdar likevel at partane som deltek kan overdra delar av sin deltakardel i utbygginga.<sup>102</sup> Dette er naturleg nok berre i tilfella der partane som deltek i utbygginga ynskjer å selje.

## 5.5 Kort om gjennomføring av utbygging på eigen risiko

Utbygginga på eigen risiko inneber at det vert danna eit eige interessentskap, på same måte som for prosjekt på eigen risiko. Dette følgjer av føresegna i SA art. 19.6, som seier at SA art. 18.10, 18.11 og 18.13 gjeld tilsvarande for utbygging på eigen risiko.

Dette inneber at ein skal ha ein eigen styringskomité for utbygginga på eigen risiko, dei ikkje-deltakande partane skal haldast informert og Samarbeidsavtala sine føresegner skal gjelde tilsvarande dersom ikkje anna er bestemt. Ei naturleg følgje av dette er at mykje av det som er sagt om utføring av prosjekt på eigen risiko òg er gyldig her.

Det følgjer føresetnadsvis av SA artikkel 19.5 at utbygginga på eigen risiko skal leiast av operatøren. Om operatøren ikkje deltek, skal partane velje operatør, som lyt godkjennast av departementet.

Sjølve gjennomføringa av utbygginga på eigen risiko har likskapar med prosjekt på eigen risiko. Det som skil dei to situasjonane er i hovudsak dei faktiske omstenda, ved at ei utbygging er eit mykje meir kostbart og langsiktig tiltak.

Eg nytta ein del plass på spørsmålet om rettar som følgje av prosjekt på eigen risiko ovanfor. For utbygging på eigen risiko er spørsmålet regulert ved at SA art. 18.10 gjeld tilsvarande. Føresegna seier at auke i produsert petroleum skal eigast av partane som deltek og skapar ikkje store vanskar i utbyggingsfasen.

---

<sup>102</sup> Arnesen (1987), s. 74 og Ekeberg (2012), s. 116.

## 5.6 Samordning og utbygging på eigen risiko

Petroleumsførekomstar strekk seg ofte på tvers av grensene for lisensblokker med forskjellig samansetning av rettshavarar. I slike tilfelle har partane ei plikt til å kome til semje om den mest rasjonelle samordninga av petroleumsverksemda, jf. petroleumslova § 4-7. Om partane ikkje kjem til semje, kan departementet ifølgje føreseigna sitt andre avsnitt avgjere korleis slik samordna verksemd skal gå føre seg.

Spørsmålet om aktivitet på eigen risiko kan oppstå i sjølve spørsmålet om samordning. Om ein førekomst A ligg delvis i utvinningsløyve 1 og delvis i utvinningsløyve 2, vil partane normalt prøve å kome fram til ei løysing om korleis utnyttinga av førekomsten skal skje. I ein startfase vil dei gjerne inngå ein såkalla *pre-unitavtale*. Desse avtalene gjeld som regel deling av kostnader. Sjølve avtala som konstituerer førekomsten som eit eige område, kalla unit, kjem ikkje på plass før samstundes med tidspunktet for innsending av utbyggingsplan frå både utvinningsløyve 1 og utvinningsløyve 2.

Sjølve avgjerda om å sende inn utbyggingsplanen og tiltredinga av planen skjer i tråd med reglane i Samarbeidsavtala i dei underliggjande utvinningsløyva. I innleiinga synte eg til to døme på unitar frå den verkelege verda der eit eller fleire selskap frå ein av dei underliggjande utvinningsløyva ikkje deltok i uniten.

Ein annan situasjon som kan utløyse plikt til å kome til semje om samordning, og ein tilhøyrande rett for departementet til å påleggje samordning om partane ikkje vert samde, er at det er ”åpenbart rasjonelt” å samordne fleire førekomstar.<sup>103</sup> Kjerneområdet til føreseigna er nok der to eller fleire førekomstar ligg innanføre forskjellige utvinningsløyve, og ein kan oppnå store fordelar med å utnytte dei saman. Døme på dette kan vere at førekomsten vert produsert med ein såkalla ”tie-in” frå eit anna felt.

Arnesen drøftar § 16 i den oppheva petroleumslova frå 1985, som svarar til den gjeldande petroleumslova § 4-7. Ifølgje Arnesen oppstår plikta til samordning og departementet sin rett til å pålegge samordning òg der det går føre seg utbygging av to førekomstar innanføre rammene

<sup>103</sup> Petroleumslova § 4-7, første avsnitt, andre setning.

av eit utvinningsløyve.<sup>104</sup> Problemstillinga er kommentert i Hagen mfl. si kommentarutgåve av 1985-lova. Hagen hevdar at det lyt dreie seg om fleire blokker med forskjellige rettshavargrupper, men presiserer at det berre ville vore naudsynt med samordning innanføre eit utvinningsløyve i tilfella der det går føre seg utbygging på eigen risiko.<sup>105</sup> Problemstillinga er nok ikkje særleg praktisk. Det ville uansett berre vere tale om samordning om utvinninga og kostnadar. Noko pålegg om å la ei lovleg stifta utbygging på eigen risiko, som attpåtil er godkjend av departementet, opphøyre og bli ein del av fellesverksemda kan ikkje forankrast i petroleumslova § 4-7. For tilfella der det berre er tale om openbert rasjonelle løysingar for å utvinne petroleum, er eg samd med Arnesen i at spørsmålet truleg berre har akademisk interesse, då partane klårt nok vil vere stemt for slik samordning.<sup>106</sup>

## 6 Nokre ansvarsspørsmål

### 6.1 Utgangspunkt

Allereie i omgrepet verksemd på eigen risiko, og det at ein går i gang med eit prosjekt som ikkje har fått tilslutnad frå fellesskapet, ligg det ei viss plassering av ansvar. Det naturlege utgangspunktet er at dei ikkje-deltakande partane ikkje skal haldast ansvarleg for økonomiske krav som oppstår på bakgrunn av aktivitetane på eigen risiko.

I denne delen av avhandlinga skal me fyrst sjå på korleis Samarbeidsavtala regulerer det interne ansvaret mellom partane for plikter som oppstår som følge av aktivitetar på eigen risiko. Deretter skal me sjå på eit utval reglar som gjeld interessentskapet sitt ansvar overfor tredjemenn, og korleis dette vert påverka av at pliktene oppstår i samband med eigenrisikotiltak.

---

<sup>104</sup> Arnesen (1987), s. 75.

<sup>105</sup> Hagen mfl. (1989), s. 215.

<sup>106</sup> Arnesen (1987), s. 76.

Samarbeidsavtala artikkel 7.1 inneheld følgjande regulering av deltakarane sitt ansvar for fellespliktene overfor kvarandre:

Partene hefter i forhold til hverandre prinsipalt proratarisk og subsidiært solidarisk for de forpliktelser som oppstår på grunn av interessentskapets virksomhet, når ikke annet er bestemt i Avtalen. Dette gjelder uten hensyn til ansvarsforholdet overfor tredjemenn.

Her ser ein at det kan vere unntak frå hovudregelen om prinsipalt proratarisk og subsidiært solidarisk ansvar mellom deltakarane. I utgangspunktet er ansvaret knytt til interessentskapet si verksemd. Det ligg nok allereie her ei avgrensing mot ansvar for plikter som oppstår på grunn av eigenrisiko-aktivitetar. Elles finn ein ei eksplisitt regulering av dette i SA artikkel 18.11:

De deltakende Parter må holde de ikke-deltakende Parter informert om prosjektet og må holde de ikke-deltakende Parter skadesløse mot ethvert ansvar, utgifter og forpliktelser som følger av prosjektet på egen risiko.

Føresegna gjeld tilsvarende for utbytting på eigen risiko, jf. SA artikkel 19.6. Me ser altså at ordninga mellom partane er at dei ikkje-deltakande partane skal vere upåverka økonomisk av verksemda på eigen risiko.

Deltakarane i Samarbeidsavtala sitt ansvar overfor tredjemenn er omtalt som “ubegrenset og solidarisk”.<sup>107</sup> Dette er truleg meir ein merkelapp på resultatet enn eit rettsleg utgangspunkt i seg sjølv. Ein finn ikkje noko generell føresegn i Samarbeidsavtala eller i lovverket om eit fullstendig uavgrensa og solidarisk ansvar for ei kvar plikt. Dette lyt avgjerast for dei einskilde krav som vert reist. Fellespliktene vert normalt stifta av operatøren, som er legitimert til å binde rettsshavarane overfor tredjemenn.<sup>108</sup> Det vert eit reint avtalerettsleg fullmaktsspørsmål om operatøren for prosjektet på eigen risiko har forplikta dei ikkje-deltakande partane. Svaret lyt nok som hovudregel vere at han ikkje har rett til dette.

---

<sup>107</sup> Ot.prp. nr. 47 (1984-1985), s. 17.

<sup>108</sup> Kaasen (1977), s. 3-16 og Kaasen (2010), s. 160.

Når det kjem til skadebot etter allmenne reglar om skadebotansvar, vil det vere avhengig av ansvarsgrunnlaget kven som er ansvarleg. På grunn av at verksemda i all hovudsak er driven av operatøren, er det hans atferd som i praksis vil danne grunnlag for skuldansvar.

Ein kan nok bygge eit solidarisk ansvar på regelen i petroleumslova § 10-9, som eg omtaler nedanfor, men etter skyldansvaret vert det ikkje tale om ansvar utover dei ikkje-deltakande partane sine eventuelle eigne rettsstridige handlingar eller unnlatingar. I desse tilfella er det vanskeleg å sjå føre seg korleis ein part kan påføre skadebotrettsleg relevant skade, gjennom ei verksemd han ikkje deltek i. På grunn av dei omfattande ansvarsreglane i petroleumslova, er det usikkert kor stort rom det er for det allmenne ulovfesta objektive ansvaret. Det lyt likevel kunne leggjast til grunn at kravet om tilknytning til den skadegjerande verksemda inneber at det berre er dei deltakande partane som vert ansvarlege.<sup>109</sup>

## 6.2 Eit utval ansvarsreglar i petroleumslova

### 6.2.1 Innleiing

Petroleumsverksemda har eit enormt skadepotensiale overfor menneske, dyr og miljø. Dette har ført til omfattande regulering av verksemda i lovverket, vilkår for utvinningsløyva og liknande. Det er diverre ei uunngåeleg sanning at det vil skje ulukker i petroleumsverksemda, noko me har erfart både på norsk sokkel og i ein internasjonal samanheng. Macondo-ulukka i Mexico-golfen i 2010 er ei mørk påminning om det enorme skadepotensialet som ligg i industrien. Petroleumslova inneheld fleire føresegner om skadebot i petroleumssektoren. Me skal fyrst sjå på ansvar for forureiningsskadar som er regulert i petroleumslova kapittel 7, og nærare på kva ansvar rettshavarane har for oppdragstakarar etter regelen i petroleumslova § 10-9. Utvalet er gjort for å illustrere skiljet mellom deltakande og ikkje-deltakande partar i samband med ansvar overfor tredjemenn.

---

<sup>109</sup> Sjå Nygaard (2007), s. 258 om kravet til tilknytning.

## 6.2.2 Forureiningskade og aktivitetar på eigen risiko

I føresegnene i petroleumsslova §§ 7-1 og 7-2 finn ein reglar om kva som er ein forureiningskade, og det geografiske verkeområdet for skadebotregelen.

Sjølve ansvarsregelen er stilt opp i petroleumsslova § 7-3, som pålegg ”[r]ettighetshaver” ansvar for forureiningskade utan omsyn til skuld. I føresegna sitt andre avsnitt finn ein regel om kva rekkefølge ansvaret skal gjerast gjeldande. I første omgang skal skadebotansvaret rettast mot ”operatøren”. I denne samanhengen er operatøren den som på ”rettighetshavers vegne forestår den daglige ledelse av petroleumsvirksomheten.”. Som me såg i kapittel 4.3 skal det vere ein eigen operatør for aktivitetar på eigen risiko, og han treng ikkje vere den same som er utpeikt som operatør for fellesaktivitetane. Om operatøren ikkje dekkjer nokon del av skadebotkravet *ved forfall*, skal kravet dekkjast av ”rettighetshaverne i forhold til deres andel i tillatelsen”, men slik at skadebotansvaret vert fordelt forholdsmessig på dei andre om nokon ikkje dekkjer sin del. Det er altså ikkje ei absolutt avgrensing til deltakarinteresse. Det at kravet kan rettast mot rettshavarane ved forfall, inneber at det ikkje er noko krav om at pågangen overfor operatøren har vist seg å vere resultatlaus.

Det er liten tvil om at den som kjem inn under vilkåret ”rettighetshaver” i petroleumsslova § 7-3 er eksponert for eit omfattande ansvar når det gjeld forureiningskadar.

Spørsmålet er om partane som ikkje deltek i kan verte ansvarlege for forureiningskade som oppstår i samband med verksemda på eigen risiko.

Me kan førestille oss at ein i utvinningsløyve PL123 har ei samansetting av 5 selskap som me kallar selskap A til E. Selskap A er operatør og føreslår utbygging av eit felt på eigen risiko etter at det vert klårt at C-E ikkje ynskjer å tiltre utbyggingsplanen. Som følgje av utbygginga på vegne av A og B skjer det ei alvorleg forureiningsulukke, til dømes som følgje av ei utblåsing. Dette kan og skje i samband med eit leiteboringsprosjekt etter reglane i SA art. 18.2.

Den rettslege problemstillinga i desse situasjonane er om vilkåret

"rettighetshaver" i petroleumslova § 7-3 omfattar partane som ikkje deltek i den skadegjerande verksemda på eigen risiko.

Utgangspunktet for løysinga av spørsmålet vert ei ordlydstolking av vilkåret "rettighetshaver". Dette vilkåret er legaldefinert i petroleumslova § 1-6, bokstav j. Definisjonen lyd som følgjer: "fysisk eller juridisk person, eller flere slike personer, som etter loven her eller tidligere lovgivning innehar en tillatelse til undersøkelse, utvinning, transport eller utnyttelse". Om det er fleire rettshavarar kan det ifølgje same føresegna "omfatte både rettighetshaverne samlet og den enkelte deltager".

Ei naturleg språkleg forståing av vilkåret, og definisjonen, legg opp til ei vurdering av om det aktuelle selskapet har eit av fleire typar løyve i medhald av petroleumslova, eller tidlegare lover som gav heimel for å gje løyve til dei omtalte aktivitetane. Ordlyden inneheld ikkje noko utrykkeleg differensiering mellom partar som etter Samarbeidsavtala deltek eller ikkje deltek i den aktuelle aktiviteten som fører til forureinings-skaden. Den som ikkje er deltakar i eit prosjekt eller ei utbygging på eigen risiko, er like fullt innehavar av eit løyve på det geografiske området ulukka har skjedd, og verksemda som fører til ulukka vert utført innanføre rammene av det same løyvet.

Ein kan difor i utgangspunktet seie at dei ikkje-deltakande partane fell innanføre ordlyden i føresegna. Det at definisjonen er fleksibel, slik at han kan omfatte både gruppa av rettshavarar samla og dei einskilde deltakarane, kan likevel trekke i retning av at det er rom for å tilpasse omgrepet på generelt grunnlag etter det konkrete rettsspørsmålet ein skal ta stilling til.

Det lyt likevel vere noko i vilkåret som avgrensar ansvaret sakleg og geografisk. Skjer det ei utblåsingsulykke i ein brønn på lisensblokk X, er det klårt nok at rettshavarane på lisensblokk Y fleire nautiske mil unna ikkje er ansvarlege. Ansvaret omfattar "forurensning som følge av utstrømming eller utslipp av petroleum fra en innretning, herunder brønn".<sup>110</sup> Ansvaret avgrensar seg sjølv ved at det er knytt opp mot ei innretning, og det er difor tale om skadehendingar som i hovudsak oppstår i samband med ei nærare definert verksemd innanføre dei

---

<sup>110</sup> Petroleumslova § 7-1.



geografiske rammene av utvinningsløyvet, eller det samordna geografiske området.<sup>111</sup> Rettshavaromgrepet tolka i kontekst gjer at det er naturleg å sjå på forureiningsansvaret som eit ansvar for ei nærare bestemt petroleumsverksemd.

Utbygginga eller leiteboringa på eigen risiko er eksklusiv og let seg i dei fleste tilfella skilje frå fellesverksemda geografisk og i innhald. Eit unntak kan vere aktivitetar i medhald av SA art. 18.2 c, som går føre seg i samband med boring av ein brønn på vegne av fellesskapet. I desse tilfella kan det oppstå vanskelege faktiske spørsmål når det gjeld det å slå fast kva av prosjekta som er årsaka til ulukka. Det objektive ansvaret er meint å løyse slike spørsmål, men dette er ikkje avgjerande for tolkinga. Eg kjem attende til kva dette har å seie nedanfor. Jamt over er det likevel tale om aktivitetar som i ettertid kan knytast til verksemd på vegne av anten heile rettshavargruppa, eller den særlege eigenrisikogruppa.<sup>112</sup>

Førearbeida til petroleumslova, Ot.prp.nr.43 (1995-1996), syner berre til førearbeida til petroleumslova av 1985 når det gjeld føresegna om skadebot for forureiningsskade. Føresegna § 7-3 er identisk med gamle § 39, og i Ot.prp.nr.72 (1982-1983) på side 72 er § 39 i 85-lova kommentert. Det vert ikkje sagt noko om skiljet mellom aktivitetar på vegne av fellesskapet og aktivitetar på eigen risiko. Heller ikkje utvalsmerknadane inneheld nokon diskusjon kring spørsmålet om ikkje-deltakande partar er ansvarlege for forureiningsskade som følgje av verksemd på eigen risiko.

Spørsmålet om ansvar for ikkje-deltakande partar er omtalt i kommentarane til petroleumslova ved Hammer mfl., som uttaler følgjande:

Loven opererer med et rettighetshaveransvar. Dersom det inntreffer forurensningsskade i forbindelse med virksomhet på egen risiko,

<sup>111</sup> Eit unntak kan vere tilfella der ein har samordna to forskjellige førekomstar i tråd med regelen i petroleumslova § 4-7 og har transportsystem som passerer gjennom fleire innretningar.

<sup>112</sup> Ifølgje petroleumslova § 7-7 skal ”operatøren uten ugrunnet opphold, ved offentlig kunngjøring gi opplysning om hvem erstatningskrav for forurensningsskade skal rettes mot og om foreldelsesfristens lengde.” Formidling av kven som er ansvarssubjekt skal gjerast av representanten for interessentskapet, og det er notoritet over avgjerdene som leier fram til eigenrisikoaktiviteten.

vil de nevnte deltakere i prinsippet være erstatningsansvarlige på linje med de som deltok i virksomheten. Spørsmålet har imidlertid liten praktisk betydning. Som følge av kanaliseringsregelen i petrl. § 7-3 annet ledd vil de ikke-deltagende selskapene ikke bli berørt av erstatningsoppgjøret. De har ikke noe ansvar etter det interne forhold, og svarer derfor ikke i regressomgangen. Det bemerkes at dersom operatøren for tillatelsen ikke deltar i virksomheten på egen risiko, må det utnevnes en egen operatør for prosjektet. Skadelidte vil således alltid ha en operatør å holde seg til.<sup>113</sup>

Forfattarane konkluderer kort, utan noko nærare grunngjeving enn at det er tale om eit rettshavaransvar. Når det gjeld påpeikinga om at det er lite praktisk, er det greitt nok at kanalisering av ansvar, plikter og mogelegheiter til forsikring og ikkje minst den låge førekomensten av eigenrisikoaktivitetar, gjer at problemstillinga om ikkje-deltakande partar sitt ansvar vil oppstå svært sjeldan.

Sjølv om ansvaret skal kanaliseraast gjennom operatøren, og partane som deltek òg er ansvarlege, er det mogeleg at selskap ikkje er i stand til å dekkje krava mot dei. Dette gjeld særleg mindre selskap, som det har vorte fleire av på norsk sokkel dei siste åra. Det er i alle høve prinsipielt interessant å avgjere om partar som ikkje deltek i verksemda skal vere ansvarleg på lik linje med deltakarane.

Slik rettskjeldebilete står fram til no kan det vere mogeleg å kome til konklusjonen at òg dei ikkje-deltakande partar er ansvarlege. Ein slik konklusjon utfordrar likevel ein grunnleggjande tanke om at det lyt vere ei viss tilknytning mellom den ansvarlege og verksemda eller risikoen som ansvaret gjeld. Som døme kan ein sjå på reglane om ulovfest objektivt ansvar i den allmenne skadebotretten. Ifølgje Nygaard er det eit krav for at nokon skal verte ansvarleg på grunnlag av ulovfest objektivt ansvar, at han lyt "vera eigar eller innehavar av vedkomande verksemd eller drift, ting eller innretning. Eventuelt ha sterk nok tilknytning til den på anna grunnlag."<sup>114</sup>

---

<sup>113</sup> Hammer mfl. (2009), s. 554. Ei tilnærma lik formulering finn ein i kommentarutgåva 1985-lova, under omtalen av § 39, sjå Hagen mfl. (1989), s. 415.

<sup>114</sup> Nygaard (2007), s. 258.

Eg hevdar korkje at dei ikkje-deltakande partane treng vere fullstendig utan tilknytning til den skadegjerande verksemda, eller at lovgjevar er bunde av eit slikt krav om tilknytning til risikokjelda ved utforming av skadebotreglar om ansvar for forureiningsskade. Det er likevel tale om eit i alle fall tilsynelatande avvik frå det allmenne objektive ansvaret me kjenner frå skadebotretten, om dei partane som ikkje deltek skal kunne verte ansvarlege. Det er følgeleg interessant å undersøkje om dette er eit medvite standpunkt frå lovgjevar, og om ei slik løysing har gode grunnar føre seg.

Spørsmålet vert difor om lova lyt tolkast slik at rettshavarar som ikkje deltek i den skadegjerande aktiviteten fell utanføre regelen om ansvar i petroleumslova § 7-3.

Før me går inn på denne øvinga, er det naudsynt å setje rammene for drøftinga ved å knytte nokre kommentarar til at det er tale om eit objektivt ansvar. Dette inneber at argumentasjonslinjer knytt til manglande skyld må haldast utanføre drøftinga av rekkevidda av det objektive ansvaret i petroleumslova kap. 7. Det er rett nok glidande overgangar mellom strenge rolleforventningar under skyldansvaret og fastlegginga av kven som er nærast til å bere risikoen for tap som følge av ein ting eller ei verksemd i objektive ansvarsreglar. Trass i dette, omfattar det objektive ansvaret i petroleumslova kap. 7 skadar som er forårsaka av ei rekkje andre aktørar enn rettshavaren sjølv, som han heftar for i fyrste runde uavhengig av kor klanderverdig den aktuelle skadevaldaren har handla.

Me skal fyrst sjå på grunngjevinga for at rettshavarane er gjort til ansvarssubjekt. I utvalmerknadane om ansvar for forureiningsskade vert følgjande stilt opp som grunngjeving:

Det er rettighetshaveren som har tillatelse til å drive virksomheten. Rettighetshaveren har den avgjørende myndighet. Han har inntektene av virksomheten og bør også ha risikoen for forurensningsskade som den fører med seg. Spørsmålet om en operatør som ikke er rettighetshaver eller andelsinnehaver i tillatelsen skal ha ansvar på samme måte som en rettighetshaver, bør vurderes av departementet og avgjøres i forbindelse med søknad om godkjenning av

operatørstatus. Operatøren står for den daglige drift og kan i særlig grad påvirke utviklingen, det vil si ta forholdsregler, og drive virksomheten, slik at fare for forurensningsskade i minst mulig grad oppstår. Ikke minst overfor ham vil ansvaret kunne virke preventivt. At rettighetshaver og eventuelt operatør, må være ansvarlige for forurensningsskade som for annen skade virksomheten fører med seg, kan således ikke være tvilsomt. Dette må gjelde uten hensyn til skyld, det vil si at ansvaret også blant annet omfatter skade voldt av deres ansatte og det bør også omfatte ansvar for selvstendige entreprenører og andre som utfører oppdrag for rettighetshaver og operatør.<sup>115</sup>

Utvalet omtalar nokre tilhøve med rettshavaren og operatøren som grunnleggjv erstatningsansvar uavhengig av skuld. Me skal sjå nærare på desse og vurdere om dei gjer seg gjeldande for dei ikkje-deltakande rettshavarane.

I og med at det vil vere ein operatør for verksemda på eigenrisiko, vil han uansett vere ansvarssubjekt etter lova, og førearbeidsfråsegna syner at det ikkje er avgjerande om han er rettshavar eller ikkje. Ein kan likevel tenkje seg at det er ulik operatør på fellesaktivitetar og eigenrisiko-aktivitetar, slik at grunnleggjvinga for ansvar er interessant når det gjeld eventuelt ansvar for (og kanalisering mot) operatøren som ikkje deltek i aktiviteten på eigen risiko.

Når det gjeld rettshavaren, vert det fyrst og fremst peika på at det er han som har løyve til å drive verksemda. Dei ikkje-deltakande partane er innehavar av løyve til å drive petroleumsvksemd, og dei hadde moglegheita til å delta i eigenrisiko-aktivitetane. Dette er difor ikkje noko avgjerande argument for at dei ikkje-deltakande partane skal vere ansvarlege eller ikkje.

Vidare ser ein at inntektene frå verksemda vert drege fram som grunnleggjving for ansvar. Dei ikkje-deltakande partane har rett nok inntektene frå den risikofylte verksemda i vid forstand, om det til dømes skjer felles produksjon på ein annan førekomst. Inntektene frå sjølve verksemda på eigen risiko går likevel til dei deltakande partane ved at

---

<sup>115</sup> NOU 1981:33, s. 21.

dei har rett på auke i produsert petroleum som følge av verksemda, jf. SA art. 18.10. Denne delen av grunngevinga slår altså ikkje inn med full styrke overfor dei ikkje-deltakande partane. Dette trekk i retning av at lova kan tolkast slik at ikkje-deltakande partar ikkje er omfatta av rettshavarvilkåret.

Dei neste faktorane som vert drøfta i høve til ansvarsspørsmålet er knytt til spørsmålet om operatørar som *ikkje er rettshavarar* skal kunne verte ansvarlege. Normalsituasjonen er at operatøren er rettshavar, men det er ikkje eit vilkår.<sup>116</sup> Dersom operatøren ikkje er rettshavar, og såleis korkje har løyve til å drive eller krav på inntektene av verksemda utover vederlaget for operatørarbeidet, følger det av NOU-en at han likevel bør vere ansvarleg. Grunngevinga er at han er ansvarleg for den daglege drifta og kan påverke utviklinga. Det vil seie at han kan ta forholdsreglar og drive verksemda slik at forureiningsskade i minst mogleg grad oppstår. I fortsetjinga vert det peika på at dette særsskilt overfor han kan verke preventivt. Essensen i dette momentet er altså ansvarssubjektet sine påverknadsmogelegheiter, og omtalen av det har overføringsverdi til spørsmålet om ansvar for ikkje-deltakande rettshavarar.

Overført til ikkje-deltakande partar stiller spørsmålet om påverknadsmogelegheiter seg annleis. Deltakarane som står utanføre har ved *prosjekt på eigen risiko* stemt mot prosjektet, eller iallfall ikkje slutta seg til forslag til prosjekt på eigen risiko når prosjektet ikkje nådde fleirtalsskravet for vedtak i styringskomiteen. I tilfella som gjeld *utbygging på eigen risiko* har dei ikkje-deltakande partane latt vere å tiltre planen for utbygging, eventuelt ikkje meddelt at dei ynskjer å delta i utbygging på eigen risiko når det vert klart at ikkje alle tiltredde planen. I samband med den daglege leiinga av verksemda på eigen risiko, har ikkje dei ikkje-deltakande partane noko direkte påverknad på korleis verksemda vert utført.

Det er likevel ikkje heilt vassette skott mellom verksemda på eigen risiko og fellesverksemda. Dei deltakande partane har høve til å bruke fellesskapet sin eigedom og utstyr på rimelege vilkår, dersom dette ikkje

<sup>116</sup> Sjå petroleumsova § 3-7 (3) som føreset dette og samstundes slår fast at lova kjem til bruk for operatøren tilsvarende som for rettshavarar, med mindre anna er sagt.

forstyrrar fellesaktivitetane. Ein kan tenkje seg at iallfall operatøren som står for fellesverksemda kan ha hatt høve til å påverke trygginga av ei-gedomen/utstyret som vert brukt. Når det gjeld ein operatør som ikkje deltek i verksemda på eigen risiko, kan han ha utarbeidd utbyggingsplanen som følgje av ein BOV etter SA artikkel 15.3, eller gjennom assistanse til ein annan part i tråd med regelen i SA artikkel 15.4. Det er likevel forskjell på å ha utarbeidd eller assistert i utarbeidinga av planar i ein tideleg fase og det å ha ansvaret for den daglege leiinga av prosjektet eller utbygginga når aktiviteten vert sett i verk.

Som me ser slår ikkje grunngevinga frå utvalsmerknadane inn for fullt når det gjeld dei ikkje-deltakande partane. Det same gjeld operatøren for fellesverksemda om han ikkje deltek i verksemda på eigen risiko. Dette trekk i retning av at dei ikkje-deltakande partane ikkje skal verte ansvarlege.

På ei anna side kan ein sjå det slik at ein har meint å gje skadelidne eit særleg vern for denne type skadar, ved å stille opp eit objektivt ansvar og ei kanalisering gjennom operatøren og rettshavargruppa sjølv om skadevaldar er ein tredjeperson. Dette kan trekke i retning av å la ansvaret omfatte alle rettshavarane for å sikre posisjonen til skadelidne. Ei føremøn med eit objektivt ansvar er at ein slepp vanskelege grensdragingar og provsføring om skuld. Det at ein regel der alle rettshavarane er ansvarlege er enkel å praktisere, kan trekke i retning av at ein skal la dei ikkje-deltakande partane vere ansvarssubjekt etter regelen om forureinings-ansvar. Argumentet lyt likevel ikkje overdrivast; det er jamt over mogleg å knytte den skadegjerande innretninga opp mot eit vedtak om leiteboring på eigen risiko, eller ein utbyggingsplan som berre er tiltredd av nokre av partane.

Rettsgrunnlaget for høve til aktivitetar på eigen risiko er ein regel som er utforma av staten, og som gjev mindre enn alle deltakarane høve til å gå i gang med aktivitetar på eigen risiko. I utbyggingstilfella vil dessutan slike aktivitetar vere godkjente av staten gjennom handsaminga av utbyggingsplanen, og leiteboringsaktivitet vil og verte handsama av ulike offentlege mynde.

Dette bakteppet gjer at det er mindre grunn til å la ansvaret falle på

partane som ikkje deltek. Det er tale om partar som ikkje har ynskja å delta i aktivitet, i tråd med den statlege reguleringa. Samstundes har dei måtte finne seg i at dei andre partane etter same regelsett har rett til å gå vidare på eiga hand, noko dei i liten grad kan hindre.

Samla sett er det mykje som talar for at dei ikkje-deltakande partar ikkje skal verte ansvarlege for forureiningsskade som oppstår som følge av aktivitetar på eigen risiko. I den endelege avveginga legg eg noko vekt på at ordlyden òg kan seiast å omfatte dei ikkje-deltakande partane etter ei rein språkleg tolking, og at dette er oppfatninga i juridisk teori. Det same gjeld omsynet til skadelidne og omsynet til ein enkel regel.

Ordlyden er likevel sameineleg med det motsette resultatet. Det avgjerande vert den svake tilknytninga til eigenrisikoverksemda, at det må seiast å vere tale om eit ansvar som knyter seg til den konkrete utøvinga av petroleumsverksemd, og at grunngevinga for at rettshavarane er valt som ansvarssubjekt ikkje gjer seg gjeldande for partane som ikkje deltek.

Konklusjonen er at dei ikkje-deltakande partane ikkje er skadebotansvarlege for forureiningsskade som oppstår som følge av aktivitetar på eigen risiko.

Det lyt likevel stillast opp unntak frå dette i tilfella der eigenrisikoaktiviteten skjer i samband med fellesaktivitetane, slik som i dømet eg drog fram ovanfor om aktivitetar i tråd med SA art. 18.2 bokstav c, eller på annan måte er vanskeleg å skilje frå fellesaktivitetane. Dette kan likevel sjåast på som eit spørsmål om årsakssamanheng og eller bedømming av prov og rokkar ikkje ved konklusjonen.

### **6.2.3 Oppdragsgjevaransvaret (petroleumslova § 10-9)**

Petroleumslova § 10-9 inneheld ein regel som utvidar rekkevidda for kva personar den ansvarlege heftar for. Frå skadebotretten kjenner me diskusjonen om skiljet mellom arbeidstakar og sjølvstendig oppdragstakar i samband med arbeidsgjevaransvaret i skadeserstatningslova § 2-1. Føresegna i petroleumslova pålegg ”rettighetshaver” ansvar i same omfang som, og solidarisk med, skadevaldar i tilfella der ”noen som utfører oppdrag for” rettshavaren vert skadebotansvarleg overfor tredjemann. Me ser altså at det er tale om ei utviding, samanlikna med arbeidsgjeva-

ransvaret. Gruppa som "utfører oppdrag" i denne samanhengen er omfattande og kan til og med omfatte operatøren, som normalt er rettshavar sjølv, sitt oppdrag for rettshavargruppa.

På same måte som for tilfella som gjeld forureiningskade, som vart handsama ovanfor, er ansvarssubjektet "rettighetshaver" i petrl. § 10-9. Me skal no sjå på korleis denne føresegna stiller seg når det gjeld skadebotansvar i samband med aktivitetar på eigen risiko.

Formuleringa av ansvarssubjektet i petroleumslova § 10-9 inneheld ein ytterlegare komponent enn slik teksten er for forureiningsansvaret i petroleumslova § 7-3. Det er tale om nokon som utfører oppdrag "for rettighetshaver" og ansvaret vert lagt til rettshavar i same setning.

Ei naturleg språkleg forståing av føresegna tilseier at rettshavar berre kan verte ansvarleg for skadevaldarar som står i eit oppdragstakartilhøve til han.

Reint teknisk vert normalt avtalar inngått av operatøren på vegne av rettshavargruppa.<sup>117</sup> Kaasen syner til Norsk fabrikkasjonskontrakt frå 2007 ("NF07"), som regulerer partshøve i artikkelane 1.21 og 1.22, og skildrar hefteforma utad slik:

Det typiske arrangement er at kontrakter inngås av « Selskapet », som defineres som operatøren « på vegne av [...] -gruppen » (eksempelvis Gjøa-gruppen), som igjen defineres som « eierne (til enhver tid) av [Gjøa]-feltet omfattet av utvinningstillatelse nr. [153] ... og består på kontraktstidspunktet av [...]« .<sup>118</sup>

Rettshavarane som ikkje deltek står ikkje i nokon oppdragsgjevarposisjon overfor dei aktuelle skadevaldarane som eg handsamar her. Dette kan trekkje i retning av at ein etter petroleumslova § 10-9 lyt differensiere mellom rettshavarar som deltek i verksemda på eigen risiko, og dei som står utanføre.

Eg har ikkje sett døme på fabrikkasjonskontraktar inngått på vegne

---

<sup>117</sup> Ifølgje SA art. 3.2 opptreer operatøren utad på vegne av partane i interessentskapet. Denne føresegna gjeld tilsvarande for verksemd på eigen risiko, jf. SA art. 18.13 og 19.6.

<sup>118</sup> Kaasen (2010), s. 160.



av deltakarane i eit eigenrisikoprojekt, men i slike tilfelle vil det vere mogeleg å identifisere kva rettshavarar som har delteke i aktiviteten og gjeve leverandøren oppdraget. I klåre tilfelle vert konklusjonen at dei ikkje-deltakande partane ikkje er ansvarlege for oppdragstakarar som utfører arbeid på vegne av deltakarane i eigenrisikoaktiviteten.

Eg legg til at deltakarane i eigenrisikoaktiviteten har krav på å bruke fellesskapet sitt utstyr og eigedom i utføringa av verksemda mot eit rimeleg vederlag, og at ein i slike situasjonar kan få vanskar med å avgjere om skadebotansvaret oppstår som følgje av oppdrag for eigenrisikoprojektet, eller om ansvaret skal dekkjast av fellesskapet. I desse tilfella lyt ein på same måte som ovanfor leggje til grunn at dei ikkje-deltakande partane er ansvarlege der det vert vanskar med å fastsetje i kva relasjon skaden har skjedd, men ein kan òg her sjå på dette som eit spørsmål om vurdering av prov og årsakssamanheng.

#### **6.2.4 Avsluttande kommentar om petroleumslova sine reglar**

Reglane i petroleumslova opererer ikkje med utrykkeleg skilje mellom aktivitetar på eigen risiko og fellesaktivitetar. Det er likevel mogeleg å tolke ansvarsreglane slik at dei heng saman med utøving av verksemd innanføre eit geografisk område.

Verksemd på eigen risiko skjer er såpass sjeldan, samstundes som kanaliseringsreglane gjer at det ikkje er gjeve at spørsmålet om ikkje-deltakande partar sitt ansvar kjem på spissen om ei ulukke skulle skje. Dette gjer at det er lite truleg at spørsmålet får særleg merksemd, og at det fører til ei tydeleggjering av petroleumslova sine reglar om skadebot. På ei anna side er dette ei gruppe spørsmål som kan vere eigna til å skape uklårleik når det gjeld kva ansvar ein eksponerer seg for når ein sit som rettshavar på norsk sokkel. Ei avklaring har difor gode grunnar for seg. Dette har òg ei side til vurderinga forsikringsselskap lyt gjere når dei fastset kva forsikringspremie som skal betalast.

## 7 Avslutning

Denne framstillinga har vist reglane om verksemd på eigen risiko sitt janusansikt. På den eine sida har reglane ein svært viktig funksjon når det kjem til det å drive fram aktivitet på vegne av fellesskapet, og såleis motverke at dei sjølv kjem til bruk. På den andre sida er det tale om eit omfattande regelsett som set deltakarinteressene opp mot kvarandre, og er eigna til å skape tvistar om dei vert nytta.

Samarbeidsavtala si regulering av verksemd på eigen risiko er somme stader tvitydig og upresis, sjølv om Samarbeidsavtala er meint å vere ei uttømmende regulering av tilhøvet mellom rettshavarane. Det å lese og tolke teksten er ikkje alltid tilstrekkeleg for å få eit fullstendig bilete av kva som er vilkåra for å gå i gang med aktivitet på eigen risiko, kva det inneber at ein aktivitet vert utført på eigen risiko og kva tilhøvet er til deltakarane som står utanføre aktiviteten.

Sjølv om samarbeidet på sokkelen frå dag til dag er prega av tingingar og raske kommersielle avgjerder, og reglane om verksemd på eigen risiko sin kanskje viktigaste funksjon er å tvinge fram aktivitet på vegne av heile interessentskapet, er det gode grunnar for å gjere slike reguleringar føreseielege for partane. Dette gjeld like mykje situasjonen der deltakarane vurderer om dei skal setje i gang ei verksemd på eiga hand, og når dei vurderer om dei skal våge å stå utanføre slik verksemd. I tillegg vil gjenomføring av verksemd på eigen risiko kunne skape problem om reglane ikkje gjev ei dekkjande regulering, då ein lett vil kunne få interessemotsetnadar mellom dei deltakande og dei ikkje-deltakande partane.

Samarbeidsavtala var gjennom ein omfattande revisjon fram mot år 2007, og har sidan fungert i om lag seks og eit halvt år. Ytterlegare revisjonar vert sjølv sagt naudsynt, men ein slik krevjande prosess vert neppe sett i verk som følgje av at det kan påvisast eit betringspotensiale i ulike deler av avtala. I eit framtidig revisjonsarbeid vonar eg likevel at artiklane om verksemd på eigen risiko vert via merksemd og arbeid vidare med.

Sjølve innhaldet i reglane spelar og ei viktig rolle når det gjeld i kva grad reglane er eigna til å drive fram aktivitet på vegne av fellesskapet.

Det same gjeld for partane som skal avgjere om dei ynskjer å gå i gang med verksemda på eiga hand, eller om dei skal våge å stå utanføre. Eg har i teksten stilt spørsmål ved nokre av stengsla for aktivitet på eigen risiko, og kome med framlegg til aktivitet som kan vere eigna til å verte omfatta av reglane.

Samla sett kan me sjå at dei to sidene av reglane heng saman. Utforminga av og innhaldet i reglane om verksemd på eigen risiko er avgjerande for om det er eit reelt og føreseieleg alternativ å utføre verksemd på eigen risiko, og om reglane motverkar at dei sjølv kjem til bruk ved at dei er eigna til å drive fram aktivitet på vegne av heile interessentskapet. Reglane om verksemd på eigen risiko gjer Samarbeidsavtala til eit meir effektivt verktøy for å organisere samarbeidet om petroleumsverksemda i interessentskapa, ved at fleirtalet ikkje kan tvinge fram passivitet.

## Kjelder

### Litteratur

- |                       |  |
|-----------------------|--|
| Arnesen (1987)        | Arnesen, Finn, 1987, «Samarbeid om petroleumsvirksomhet», <i>MarLus</i> , nr. 145 s. 101, 3 s.   |
| Bragdø-Ellenes (2001) | Bragdø-Ellenes, Sverre, 2001, «Samarbeidsavtalens rekkevidde mellom deltagerne i rettighetshavergruppen : en studie av virkeområdet for flertallskompetansen til styringskomiteen i rettighetshavergruppene på kontinentalsokkelen», <i>MarLus</i> , nr. nr. 280 s. III, 145, 6, 33 s. |
| Eggen (2007)          | Eggen, Tine Harstad, 2007, «"No gain no loss"-prinsippet i petroleumsvirksomhetens samarbeidsavtaler», <i>MarLus</i> , nr. 359 s. III, 172 s.  |
| Ekeberg (2012)        | Ekeberg, Carl Fredrik, 2012, «Deltakernes innflytelse i norsk petroleumsvirksomhet», <i>MarLus</i> , nr. 410 s. 136 s.   |

- Falkanger (1987) Falkanger, Thor, *Det tingsrettslige sameie*, 1987:3 av, Universitetsforlaget i samarbeid med Juridisk Studentutvalg (Oslo 1987)
- Frihagen (1982) Frihagen, Arvid, *Statsdeltakelsesavtalene : utvikling og standardisering = The state participation agreements : development and standardization, Forelesninger i oljerett*, Universitetsforlaget (Bergen 1982)
- Hagen mfl. (1989) Hagen, Lasse mfl., *Petroleumsloven : Lov om petroleumsvirksomhet av 22. mars nr. 11 1985, TANO* (Oslo 1989)
- Hammer mfl. (2009) Hammer, Ulf mfl., *Petroleumsloven*, Universitetsforlaget (Oslo 2009)
- Heilemann (2006) Heilemann, Nils, 2006, «Revisjon av samarbeidsavtalen og regnskapsavtalen», *MarIus*, nr. 340 s. XIII, 147 s.
- Huser (1983) Huser, Kristian, *Avtaletolking: en innføring i avtaletolkingslærens alminnelige del*, Universitetsforlaget (Bergen 1983)
- Jones (2000) Jones, Patrick, 2000, «Joint Operating Agreement - International Experiences», *MarIus*, nr. 261.
- Kaasen (1977) Kaasen, Knut, 1977, «Samarbeid mellom rettighetshaverne etter en utvinningstillatelse (interessentskapsavtalene)», *MarIus*, nr. 15 s. 1-21.
- Kaasen (1978) Kaasen, Knut. 1978. «The co-operation between joint holders of a production licence.» i *Norwegian Petroleum Law*, redigert av Krohn, Mads, *m.fl.* Oslo: Sjørettsfondet.
- Kaasen (1984) Kaasen, Knut, 1984, «Statsdeltagelsesavtalen i norsk petroleumsvirksomhet: Kontraktrettslig form, konsesjonsrettslig innhold - eller omvendt?», *Tidsskrift for rettsvitenskap* s. 372.
- Kaasen (2001) Kaasen, Knut, 2001, «Scope of joint operating agreements in Norway», *Simply : Scandinavian Institute of Maritime Law : yearbook 2001*, nr. 281 s. S. 173-196.

- Kaasen (2010) Kaasen, Knut. 2010. «Samarbeid i olje - en spesiell selskapsrett.» i *Selskap, kontrakt, konkurs og rettskilder: Festskrift til Mads Henry Andenæs*, 152-170. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Moroney (1986) Moroney, D.F, 1986, «Sole Risk in Mining and Petroleum Ventures: An International Perspective», *Australian Mining and Petroleum Law Association Yearbook*, nr. 164
- Nesdam (1997) Nesdam, Anne-Karin, 1997, «Interessekonflikter i petroleumsvirksomhet», *MarLus*, nr. 235 s. 109 s.
- Nordtveit (1988) Nordtveit, Ernst. 1988. «Samarbeidsavtalen - avtale og selskapsrett.» i *11. runde avtalene: foredrag og arbeidsnotater til det niende og tiende bergenske oljerettssymposium*, redigert av Frihagen, Arvid, 211 s. Bergen: Universitetsforlaget.
- Nordtveit (1992) Nordtveit, Ernst, Oppdragsamarbeid : joint ventures i oppdragsindustri, entreprenørverksemd, forskning og utvikling, Alma Mater (Bergen 1992)
- Nordtveit (2013) Nordtveit, Ernst. 2013. «Between Market and Public Interests – Organization and Management of the Norwegian System for Sale and Transportation of Natural Gas.» i *Undring og erkjennelse. Festskrift til Jan Fridthjof Bernt*, redigert av Søvig, Karl Harald, m.fl. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nygaard (2007) Nygaard, Nils, *Skade og ansvar*, Universitetsforl. (Bergen 2007)
- Roberts (2012) Roberts, Peter, *Joint operating agreements : a practical guide*, Globe law and Business (London 2012)
- Saville (1986) Saville, K.R 1986, «Comment on sole risk in mining and petroleum joint ventures», *Australian Mining and Petroleum Law Association Yearbook*, nr. 224
- Selvig (1995) Selvig, Erling, *Petroleumsrett til studiebruk : utdrag*, Nordisk institutt for sjørett (Oslo 1995)
- Taylor mfl. (1992) Taylor, Michael P. G. mfl., *Taylor and Windsor on joint operating agreements*, Longman (London 1992)

Waite (1986) Waite, J. H., 1986, «Sole Risk in Mining and Petroleum Ventures: The Australian Position», *Australian Mining and Petroleum Law Association Yearbook* nr. 185.

## **Lover og forskrifter**

Lov 18. juni 1965 1965 nr. 6 Lov om sameige (Sameigelova)  
Lov 13. juni 1969 nr. 26 Lov om skadeserstatning (skadeserstatningsloven)  
Lov 22. mars 1985 nr. 11 Lov om petroleumsvirksomhet (oppheva) (petroleumsloven)  
Lov 21. juni 1985 1985 nr. 83 Lov om ansvarlige selskaper og kommandittselskaper (selskapsloven)  
Lov 29. november 1996 nr. 72 Lov om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven)  
Forskrift 18. juni 2001 2001 nr. 749 Forskrift for ressursforvaltning i petroleumsvirksomheten (ressursforskriften)

## **Rettspraksis**

Rt. 2003 s. 1132 (Norrønafly-dommen)

## **Førearbeid og offentlege dokument**

NOU 1999:11 Analyse av investeringsutviklingen på kontinentalsokkelen  
NOU 1973:8 Erstatningsansvar for forurensningsskader  
NOU 1979:43 Petroleumslov med forskrifter  
NOU 1981:33 Erstatningsansvar for forurensningsskade som følge av petroleumsvirksomhet på norsk kontinentalsokkel  
Ot.prp. nr. 13 (1964-65) Om lov om sameige

Ot.prp. nr. 47 (1984-1985) Om lov om ansvarlige selskaper og kommandittselskaper (selskapsloven)

Rådsegn 4 Om sameige (1959)

St.meld. nr. 37 (1998-99) Tillegg til St meld nr 46 (1997-98) om Olje- og gassvirksomheten; oljemarkedspolitik, rammebetingelser, Investeringsutvalgets rapport og kostnadsoverskridelsene i Åsgardkjeden

Meld. St. 28 (2010-2011) En næring for framtida – om petroleumsvirksomheten

Økt utvinning på norsk kontinentalsokkel En rapport fra utvinningsutvalget adresse: <http://www.regjeringen.no/upload/OED/pdf%20filer/Oktutvinning.pdf>

## **Avtalar**

AIPN 2012 Model international joint operating agreement.

AMPLA 2011 Model Petroleum Joint Operating Agreement. adresse: <http://www.ampla.org/documents/item/164>.

Avtale for petroleumsvirksomhet - inkl. Vedlegg A og B: Samarbeidsavtale og regnskapsavtale adresse: [http://www.regjeringen.no/nb/dep/oed/dok/lover\\_regler/reglement/2007/Konsesjonsverk.html?id=455398](http://www.regjeringen.no/nb/dep/oed/dok/lover_regler/reglement/2007/Konsesjonsverk.html?id=455398).

Avtaleverk frå 4. konsesjonsrunde, 1979

Avtaleverk frå 3. konsesjonsrunde, 1976

## Sjørettsfondets utgivelser

Sjørettsfondet fremmer forskning innen sjørett, transportrett, forsikring, petroleumsrett, energirett og beslektede juridiske emner. I tidsskriftet *Marlus*, inkludert *Scandinavian Institute Maritime and Petroleum Law Yearbook (SIMPLY)*, publiserer studenter og forskere sine arbeider. Fondet utgir også pensumlitteratur for studenter.

### Tidsskriftet *Marlus* - siste utgaver

- |     |  |  |
|-----|--|--|
| 425 | FREDLY, Heidi  | Befrakterforårsaket off-hire-begivenhet. 2013. 150 s.  |
| 426 | LERKERØD, Kjersti  | Investeringsbeskyttelse i Russland. Den norsk-russiske BITens betydning for norske leverandører til russisk petroleumsindustri. 2013. 166 s. |
| 427 | Nordisk institutt for sjøretts 50-års jubileum             | Bidrag av: Trine-Lise Wilhelmsen, Peter Appel, Stinne Taiger Ivø, Svante Johansson, Finn Arnesen. 2014. 134 s.                               |
| 428 | HJETLAND, Andreas<br>MØINICHEN, Henrik                     | Elektrifisering av petroleumsvirksomheten på norsk sokkel – en konsesjonsrettslig analyse. 2014. 200 p.                                      |
| 429 | Selected master theses<br>Utvalgte studentoppgaver<br>2013 | Contributors: Tesfaye T Abebe, Rusudan Tchukuaseli, Vegard A Nymoen, Christopher Huitfeld. Selma Næss-Ulseth. 2014. 340 p                    |
| 430 | SIMPLY 2013  | Bidrag av Thor Falkanger, Trond Solvang, Alla Pozdnakova, Jonas Myhre, Sergey S Seliverstov. 2014. 106 p.                                    |
| 431 | SOLHEIM, Henning   | Off hire etter sjøloven ved konkurrerende hindringer. 2014. 122 s.   |
| 432 | HYLDMO, Kristine   | Iverksettelse av akserelasjonstiltak etter NS 8405 og NF 07. 2014. 138 s.  |



## Bøker utgitt av Sjørettsfondet

- Syversen, Jan: Skatt på petroleumsutvinning. ISBN 82-90260-33-4  
762 s. 1991.
- Askheim, Bale, Gombrii, Herrem, Kolstad, Lund, ISBN 82-90260-34-2  
Sanfelt, Scheel og Thoresen: Skipsfart og  
samarbeid. Maritime joint ventures i rettslig  
belysning. 1119 s. 1991.
- Brækhus, Sjur og Alex Rein: Håndbok i ISBN 82-90260-37-7  
kaskoforsikring På grunnlag av Norsk  
Sjøforsikringsplan av 1964. 663 s. 1993.
- Hans Peter Michelet: Last og ansvar. Funksjons- ISBN 82-90260-36-9  
og risiko- fordeling ved transport av gods under  
tidscerteparti. (Hefte) 180 s. 1993.
- Røsæg, Erik: Organisational Maritime Law. 121 s. (Utsolgt)  
1993.
- Nygaard, Dagfinn: Andres bruk av ISBN 82-90260-40-7  
utvinningsinnretninger. 365 s. 1997
- Bull, Hans Jacob: Hefte i sjøforsikringsrett. 60 s. (Utsolgt)  
2. utg. 1997.
- Michelet, Hans Peter: Håndbok i tidsbefraktning. ISBN 82-90260-31-8  
600 s. 1997.
- Arnesen, Finn, Hans Jacob Bull, Henrik Bull, ISBN 82-90260-42-3  
Tore Bråthen, Thor Falkanger, Hans Petter  
Graver: Næringsreguleringsrett 187 s. 1998.
- Brautaset, Are, Eirik Høiby, Rune O. Pedersen og ISBN 82-90260-43-1  
Christian Fredrik Michelet: Norsk Gassavsetning  
- Rettslige hovedelementer 611 s. 1998.
- Karset, Martin, Torkjel Kleppo Grøndalen, ISBN 89-90260-47-4  
Amund Lunne: Den nye reguleringen av  
oppstrøms gassrørledningsnett. 344 s. 2005.
- Falkanger, Thor og Hans Jacob Bull: Sjørett. ISBN  
7. utg. 602 s. 2010. 978-82-90260-48-9©

## Distribusjon

Bøker, pensum og tidsskriftet MarIus distribueres via Den norske bokbyen og andre bokhandler. Sjørettsfondet og Nordisk institutt for sjørett håndterer ikke bestillinger.

Informasjon om priser på enkeltnummer av MarIus er oppdatert på <http://bokbyen.no/butikk>. Du kan bestille på nett via butikkløsningen, e-post til [post@bokbyen.no](mailto:post@bokbyen.no) eller telefon 57 69 22 10.

Fullstendig oversikt over Sjørettsfondets utgivelser finnes på nettsidene til Nordisk institutt for sjørett: [jus.uio.no/nifs](http://jus.uio.no/nifs). Se banneret MarIus nede til høyre på siden.

## Tidsskriftet MarIus – abonnement

Sjørettsfondet tilbyr nå abonnement med flere valgmuligheter:

A: Alle utgaver

B: Innbundet årgang

C: Sjørett (på norsk og engelsk)

D: Petroleums- og energirett (på norsk og engelsk)

E: Utgaver på engelsk, inkludert SIMPLY

(både sjørett, petroleums- og energirett)

F: SIMPLY

For å tegne abonnement, send e-post til [post@bokbyen.no](mailto:post@bokbyen.no). Prisen vil variere med sidetall per publikasjon og antall utgivelser i året. Faktura basert på kostnader sendes i etterkant et par ganger i året. De tolv utgavene på totalt 2892 sider som ble utgitt i 2013 kostet til sammen 5 190 kr i utsalg for enkeltnumrene.

THE SCANDINAVIAN INSTITUTE OF MARITIME LAW is a part of the University of Oslo and hosts the faculty's Centre for European Law. It is also a part of the cooperation between Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden through the Nordic Council of Ministers. The Institute offers one master programme and several graduate courses.

The core research areas of the Institute are maritime and other transport law as well as petroleum and energy law, but the members of the Institute also engage in teaching and research in general commercial law.

In MARIUS, issued at irregular intervals, articles are published in the Nordic languages or English.

ISSN: 0332-7868

